



UiT

**NOREGS
ARKTISKE
UNIVERSITET**

Institutt for arkeologi, historie, religionsvitenskap og teologi, AHR

Tidsskriftet Håløyminne (1920-2019)

Nordnorsk kulturreising gjennom hundre år.

—

Søgni Gjerløw Remen

Mastergradsoppgåve i historie i lektorutdanninga, HIS-3980, våren 2019



Forord

«Mykje var det å gjera. Det auka dess meir ho fekk gjort.»

(Jens Bruheim)

Arbeidet med masteroppgåva har vore ein stri prosess, og det er lett for at utbyttet blir overskygga av slitet. Viss eg lenar meg tilbake og tenkjer over kva eg har vore igjennom, er det likevel den faglege og personlege gevinsten som står att som det vesentlege.

Undervegs har eg hatt kontakt med mange innsiktsfulle og hyggelege folk som har stilt opp og bidratt inn i oppgåva. Først og fremst må eg rette ein takk til rettleiaren min Ketil Zachariassen for gode råd og god oppfølging i arbeidsprosessen. Redaktøren i *Håløygminne* Vidkunn Eidnes har møtt meg på ein engasjert og inspirerende måte, og for øvrig har fagmiljøet ved UiT Norges arktiske universitet vore godt å lene seg mot. Eg er også svært takksam for at historielæraren min på vidaregåande skole, Gjermund Andreassen, tok seg tid til å lese korrektur på oppgåva mi.

Sist, men ikkje minst vil eg rette ein stor takk til familien min. Takk til mamma og pappa for viktige faglege innspel i skriveprosessen og for støtte og oppmuntring gjennom heile oppveksten min og utdanningsløpet mitt. Takk til brørne mine, Gaute og Yngve, for at dei har vore stolte av lillesystra si og komme med godord undervegs. Takk til sambuaren min Eivind for at han har vore der for meg, og halde ut med meg i ei krevande tid. Takk til Loke, for at han har logra med halen sjølv i dei mørkaste stundene.

Dokker er grunnen til at eg har komme dit eg er i dag – no klar til å ta fatt på yrkeskarrieren min som lektor i historie.

Eg vonar at oppgåva kan vere til inspirasjon og nytte.

Innholdsliste

1	<i>Innleiing</i>	2
1.1	Problemstilling	2
1.2	Tidlegare forskning	3
1.3	Kjeldematerialet	5
1.4	Teori	6
1.4.1	Bokhistorie.....	6
1.4.2	Hermeneutikk.....	9
1.4.3	Historieteoretiske tilnærmingar til nordnorsk regionalisme.....	10
1.5	Metode	12
1.5.1	Historisk bibliografi.....	13
1.5.2	Teksttolking: Representasjonsanalyse.....	14
1.5.3	Kjelder og kjeldekritikk.....	15
1.6	Sentrale omgrep og naudsynte avklaringar	17
1.6.1	Omgrepa identitet og eigenart.....	17
1.6.2	Omgrepa region og regionalisme.....	18
1.6.3	Lokale åndshovdingar og intellektuelle.....	18
1.6.4	Utviklinga av lokal og regional historieforskning.....	19
1.7	Periodisering og oppgåvestruktur	19
2	<i>Bibliografi</i>	21
2.1	Tidsskriftet sine tema	21
2.1.1	Tendensar i tematikken.....	23
2.1.2	Forskningsfokuset: Historisk periode og geografisk område.....	29
2.2	Redaksjonen	29
2.2.1	Drift og administrasjon.....	30
2.2.2	Tematikk og kvalitet.....	32
2.2.3	Redaksjonen og prenteverket.....	33
2.3	Forfattarane	33
2.3.1	Forfattarkorpset – fagleg bakgrunn og yrkestilhøyrse.....	35
2.3.2	Forfattarane sin politiske ståstad.....	37
2.4	Tidsskriftet sitt nedslagsfelt	38
2.5	Oppsummering	40
3	<i>1920-1962: Prosjektet «Nordnorsk kulturreising»</i>	41

3.1	Formulering av eit program	41
3.2	Folkeminne og tradisjonsstoff	43
3.2.1	Stadnamngransking – eit historiefagleg bidrag eller lekmannsstoff?	43
3.2.2	Nordnorske folkeminne - eit uttrykk for den nordnorske eigenarten?	44
3.3	Nord-Noreg sine historiske røter	47
3.3.1	Heltar og heltedådar i Hålogaland.....	48
3.3.2	Nordnorsk historie som ein del av den norske nasjonale historia	49
3.4	Samar og kvenar i Nord-Noreg - ein anerkjent del av kulturen?	51
3.5	Perioden 1920-1962 i eit regionalhistorisk perspektiv	54
3.6	Oppsummering	57
4	<i>1962-2000: Politisering og profesjonalisering</i>	59
4.1	Politisk radikalisering	59
4.1.1	Nordnorsk mobilisering	60
4.1.2	Etnopolitisk mobilisering.....	62
4.2	Frå det nære til det fjerne – eit lokalhistorisk utgangspunkt for historieundervisninga i skolen	64
4.3	Nordnorsk eigenart eller nordnorsk identitet?	66
4.4	Tematiseringa av nordnorsk historie i profesjonelle miljø	68
4.5	Perioden 1962-2000 i eit regionalhistorisk perspektiv	69
4.6	Oppsummering	71
5	<i>2000-2019: Håløygminne taper terreng</i>	72
5.1	Regional forvitring og fylkefisering	72
5.1.1	Vidareføring av tradisjonsstoff og nordnorsk realhistorie.....	72
5.2	Perioden 2000-2019 i eit regionalhistorisk perspektiv	74
5.3	Oppsummering	75
6	<i>Oppsummerande tankar</i>	76
7	<i>Appendiks</i>	80
8	<i>Kjelder og litteratur</i>	89

Figurliste

Figur 1: Darnton sin "communications circuit"	7
Figur 2: Frekvente temakategoriar, heile perioden (1920-2019)	22
Figur 3: Frekvente temakategoriar, 1920-1962/2.....	23
Figur 4: Frekvente temakategoriar, 1962/3-2000.....	25
Figur 5: Frekvente temakategoriar, 2001-2019.....	28
Figur 6: Forskingsstatusen til forfattarkorpset	37
Figur 7: Temafordeling, heile perioden (1920-2019).....	85
Figur 8: Temafordeling, 1920-1962/2.....	86
Figur 9: Temafordeling, 1962/3-2000	87
Figur 10: Temafordeling, 2001-2019	88

Tabelliste

Tabell 1: Oversyn over temahefte	27
Tabell 2: Tematiske kategoriar i databasen.....	82
Tabell 3: Historiske periodiseringar i databasen	83
Tabell 4: Geografiske avgrensingar i databasen	84

1 Innleiing

Det lokalhistoriske tidsskriftet *Håløygminne* blei etablert i 1920, og har med nokre unntak komme ut med fire hefte i året sidan den gongen. I 1920 var *Håløygminne* det første tidsskriftet som konsentrerte seg om nordnorsk lokalhistorie, og var lenge det einaste som tok føre seg eininga Nord-Noreg som heilskap. Tidsskriftet var i utgangspunktet eit organ for det lokalhistoriske arbeidet til Hålogaland historielag, som blei skipa tidlegare same år. Hålogaland Historielag har sidan starten hatt som hovudoppgåve å fremme nordnorsk kulturhistorie, og *Håløygminne* kan moglegvis sjåast som ein del av den nordnorske regionalismen.

Redaksjonen i tidsskriftet var først Hans Eidnes (1887-1962) og sidan sønene hans, Asbjørn Eidnes (1921-2009) og Vidkunn Eidnes (f. 1932). *Håløygminne* har heile tida hatt base på Trondenes i Harstad, og har vore uløseleg knytt til det frilynte miljøet på Trondarnes folkehøgskole.

Arbeidet til tidsskriftet har alle desse åra vore knytt opp mot arbeidet for bevaring og bevisstgjerjing av nordnorsk eigenart, historie og kultur. I 2019 kan *Håløygminne* vise til 100 årgangar med lokalhistorisk stoff av ulik karakter. I samband med dette jubileet er det på tide å rette søkelyset på *Håløygminne* si historie – forskingsverksemda, utviklinga og tydinga tidsskriftet har hatt og framleis har for den nordnorske regionen.

1.1 Problemstilling

Overordna sett handlar denne oppgåva om å undersøke på kva måte *Håløygminne* har utvikla seg frå 1920 og fram til i dag. Løysinga er todelt. For det første freistar eg å sjå nærmare på tidsskriftet sine tema, forfattarar, redaksjon og lesarar i eit langsgående perspektiv, meir spesifikt formulert i problemstillinga:

Kva har vore dei bibliografiske tilhøva i *Håløygminne*?

Eg vil vidare freiste å kaste lys over den innhaldsmessige utviklinga i tidsskriftet gjennom ei nærlesing av enkeltartiklar frå ulike periodar, med det formål å undersøke:

På kva vis har *Håløygminne* tematisert nordnorsk kultur, historie og eigenart, og kan ein hevde tidsskriftet vore ein reiskap i den nordnorske regionalismerørsla?

Denne drøftinga vil gå føre seg på tidsskriftet sine eigne premissar, med ei vektlegging av dei temaa som har vore hyppigast representerte i *Håløygminne* og/eller som er mest relevante i

denne samanhengen (t.d. tema med tydeleg politiske undertonar) – representasjonen av nordlendingen, representasjonen av Nord-Noreg og representasjonen av samar og/eller kvenar. Vidare er det òg interessant å vurdere tidsskriftet si rolle i den nordnorske regionalismesørsla, som korresponderte tidsmessig med etableringa og utgivinga av *Håloygminne*.

1.2 Tidlegare forskning

Trass 100 års verketid har sjølve tidsskriftet aldri vore gjenstand for omfattande forskingsarbeid. Den første redaktøren for tidsskriftet, Hans Eidnes, har rett nok vore i fokus i fleire artiklar og avhandlingar, mellom anna er det blitt skriven ein del biografier om han i årboka for Harstad i samband med tematikkane målreising og språkstrid. I 2013 leverte også Hege Fjeld ei mastergradsavhandling med ein omfattande biografi av Hans Eidnes med familie. Sjølv om *Håloygminne* ikkje blei spesielt nemnt i avhandlinga, inngjekk ein omtale av tidsskriftet som ein naturleg del av beskrivinga av Hans sitt liv og levnet.¹

I samband med 100 årsjubileet i år har også enkelte forskarar byrja å samle dei bibliografiske trådane til tidsskriftet – i ein artikkel om samiske stadnamn i Sør-Noreg gav mellom anna Finn Myrvang ei nokså overflatisk beskriving av korleis den samiske befolkninga har blitt behandla i tidsskriftet, medan Reidar Bertelsen gjorde ei noko grundigare undersøking med fokus på tidsskriftet si framstilling av arkeologisk tematikk gjennom 100 år.²

Håloygminne blir hyppig sitert innanfor norsk regionalismeforskning, mellom anna har fleire historikarar og lekmenn nytta etableringa av tidsskriftet som ein del av argumentasjonen sin i beskrivinga av den nordnorske reisinga på byrjinga av 1900-talet, både i form av små notisar og som ein del av omfattande forskingsarbeid. I 1952 skreiv Nils A. Ytreberg skreiv at *Håloygminne* hadde ein viktig funksjon som ein felles arena for historieinteresserte i regionen, og Svein H. Sørensen trekte det vidare då han i 1994 omtalte etableringa av Hålogaland Historielag og *Håloygminne* som «ein lekk i den patriotismen som veks fram i store deler av Nord-Noreg i åra etter første verdskrigen».³

Historieforskaren Hallvard Tjelmeland har utarbeida ei syntese over nordnorsk regionalisme, der han tok etableringa av Hålogaland Historielag og utgivinga av tidsskriftet *Håloygminne* til

¹ Fjeld, H. 2013: 231-232; Eidnes, A. 2006; Heide, M. 2006

² Myrvang, F. 2019; Bertelsen, R. 2018

³ Sørensen, S.H. 1994: 202; Ytreberg, N.A. 1952

inntekt for det nordnorske regionbyggingsprosjektet, etter alt å dømme berre basert på ein artikkel i første hefte av tidsskriftet. Han peikar på at det i perioden 1900-1935 skjedd ei politisk radikaliseringsprosess i norsk periferi. Denne radikaliseringsprosessen bringa med seg ei gradvis mobilisering for samling av ein nordnorsk region, der mellom anna blada knytt til mållagssrørslar - *Lauvsprett* (1907-1914) og *Midnattsol* (1916-1963) gjekk i spissen for ein kamp for den nordnorske regionen. Tjelmeland argumenterte for at det var i kjølvatnet av denne rørsla at Hålogaland Historielag og *Håløygminne* blei oppretta.⁴

Einar Niemi refererte også til *Håløygminne* som ein reiskap for nordnorsk regionbygging, og definerte etableringa av Hålogaland Historielag som eit initiativ for gjenoppliving av Nord-Noreg som ein region i sitt oversyn over regionalismeprosessen. Argumentasjonen er ein del fylldigare enn hos Tjelmeland – Niemi viste til historieengasjementet i og rundt Trondarnes folkehøgskole, korrespondansen mellom Halvdan Koht og Hans Eidnes og forskning på tidsskriftet med direkte tilvisingar til artiklar og artikkelforfattarar.⁵ Hos Niemi blei etableringa av Hålogaland Historielag relatert til ein av fem delfasar i regionalisme-prosessen, omtalt som kunnskap – og opplysningsfasen.

«Et annet eksempel på landsdelsbevisstgjøring gjennom opplysningsvirksomhet, ikke minst knyttet til landsdelens historie og kultur var etableringen av Hålogaland Historielag og oppstarten av *Håløygminne* i 1920».⁶

Forskning på regionar er likevel ikkje einstyndande med «identitetspolitikk for vedkommande region»,⁷ og noverandre redaktør for tidsskriftet Vidkun Eidnes har uttalt at han ikkje kjenner til at *Håløygminne* og/eller historielaget for den saks skuld har hatt regionalisme som eit politisk mål, sjølv om tidspunktet for etableringa korresponderte med den nordnorske oppvakninga for øvrig.⁸ Det er ikkje dermed sagt at Tjelmeland og Niemi har misoppfatta tidsskriftet sin funksjon som «regionsbygger», men det kan synest vanskeleg å trekke meir eller mindre bastante slutningar utan at det ligg føre seg ei gjennomarbeida undersøking med eit særskilt fokus på tidsskriftet i eit regionalisme-perspektiv. Forskingsspørsmåla må då vere kor vidt tidsskriftet fekk ein identitetsskapande og/eller legitimerande funksjon med den

⁴ Tjelmeland, H. 2000: 5-6

⁵ Niemi, E. 2017; Niemi, E. 2002; Niemi, E. 2001

⁶ Niemi, E. 2001: 56

⁷ Tretvik, A.M. 2004: 18

⁸ Eidnes, V. (personleg kommunikasjon, 04.01.2019)

intensjon å hevde Nord-Noreg som ein historisk viktig region, og kor vidt blei dette ein del av bølga knytt til regionalisme og nordnorsk mobilisering.

1.3 Kjeldematerialet

I mai 1920 blei det etablert eit eige historielag for Nord-Noreg – Hålogaland Historielag, i regi av lærar og seinare høgskolerektor Hans Eidnes. Laget hadde som føremål å drive lokalhistorisk gransking i regionen, for å «drage fram eitt og anna or Nord-Norigs saga og gjere det til folkeeiga».⁹ Eit av verkemidla for dette arbeidet var eit skrift, og dette var nedfelt som ein av lovane til historielaget. Kva for form skriftet skulle ha, og kor mange årlege hefte det skulle vere blei ikkje spesifisert med det same.¹⁰ Med nokre unntak, har det likevel blitt til at Hålogaland Historielag har produsert fire skrift i året, og i samband med 100årsjubileumet i år kan dei vise til ein samla tekstproduksjon på tett under 12 500 sider.

Kva for type skrift er *Håløygminne*, og kva kjenneteiknar denne skrifttypen? Skriftet *Håløygminne* fell inn under kategorien periodika, nærmare bestemt tidsskrift. I 2018 gjekk ei rekke medievtarar, historikarar og sosiologar saman om ei utgreiing om kulturtidsskrift, og i forskinga si har dei skilt mellom tre ulike typar tidsskrift – vitenskaplege tidsskrift, kunsttidsskrift og samfunnsstudium. Ut ifrå intensjonen til Hålogaland historielag, slik han er nedfelt i lovane, er *Håløygminne* å oppfatte som eit vitenskapleg tidsskrift, primært knytt til historiefaget og i tråd med dei gjeldande forskningsetiske retningslinjene.¹¹ Likevel er det klart at eit av fortrinna til dei vitenskaplege tidsskrifta er at dei faglege artiklane ofte er meir eller mindre populariserte i framstillingsforma si, og at dei difor får eit breitt nedslagsfelt. Ny vitenskapleg innsikt kan vinnast gjennom stadige ordskifte i utgivingane til tidsskrifta, der historiefaglege hypotesar blir prøvd og etterprøvd i diskusjon mellom redaksjonen og bidragsytarane. Tidsskrifta er «(...) «gruppekommunikasjonsmedier» fordi forfattere, redaksjonsmedlemmer og lesere i stor grad kjenner hverandre, og fordi tidsskriftene ikke først og fremst synes å være karrierefremmende for utgiverne».¹²

I Nord-Noreg finst det i dag fleire tidsskrift av denne typen – på lokalt nivå er det ei rekke lokalhistoriske tidsskrift og årbøker, på eit meir overordna regionalt nivå er det naturleg å trekke fram *Ottar* (etablert i 1954) og *Nordnorsk Magasin* (etablert i 1978), og nasjonalt

⁹ Eidnes, H. 1920a

¹⁰ Eidnes, H. 1920a

¹¹ Bjerke, P. & Halvorsen, L.J. 2018

¹² Bjerke, P. & Halvorsen, L.J. 2018: 24

utgjer *Heimen* (etablert i 1922) eit organ for lokalhistorisk forskning. Årbøker er i forma svært sjangerlike dei lokalhistoriske tidsskrifta – dei kjem med årlege utgivingar og er prega av eit kvalitetsmessig variert utval av artiklar med fokus på kulturvern innanfor avgrensa område. Sidan 1970-talet har årboksjangeren vore i sterk vekst, og har kanskje til ein viss grad tatt over for andre lokalhistoriske framstillingar.¹³

Ved sidan av *Håløygminne* har Hålogaland Historielag vore involvert i utgivinga av fleire bøker frå 1934 og fram til i dag. Dette materialet er i sin heilskap presentert i heftet for *Håløygminne* sitt 75årsjubileum, men vil ikkje vere gjenstand for nærmare forskning i denne oppgåva.¹⁴

1.4 Teori

Oppgåva sine problemstillingar fordrar i hovudsak to ulike teoretiske tilnærmingar til kjeldematerialet. For det første er det interessant å sjå på forholda rundt sjølve tidsskriftet som heilskap, nærmare bestemt tidsskriftet sin bibliografi basert på eit bokhistorisk teorigrunnlag. Vidare vil eg gjennom ein hermeneutisk innfallsvinkel gjere ei nærlesing av eit utval av tidsskriftartiklane for å få grep om sentrale tema og korleis desse blei framstilt. Det reint historiefaglege grunnlaget for forskinga er basert på teori knytt til regionalisme.


1.4.1 Bokhistorie

Bokhistorie er ein historiefagleg disiplin som har som føremål å undersøke korleis bøker og tekst har påverka folk sine tankar og si åtferd i ulike historiske periodar – «the book as a force in history».¹⁵ Bokhistorie handlar om meir enn berre teksten i seg sjølv, ho fokuserer i større grad på forholda rundt teksten – tekstproduksjonen, salet og mottaket av teksten med utgangspunkt i aktørar som forfattarar, redaksjon/forlag, bokseljarar og lesarar. Den amerikanske historikaren Robert Darnton har utarbeida ein modell for korleis arbeidet med bokhistorie kan gå føre seg. Dei markerte områda i figuren utgjer forskingsfokuset i denne oppgåva (sjå figur 1).

¹³ Tretvik, A.M. 2004: 70-71; Heldal, M. 2019

¹⁴ Sjø Eidnes, A. 1994b

¹⁵ Darnton, R. 2006: 9



Figur 1: Darnton sin "communications circuit"

Med omsyn til redaktørane, er det interessant å sjå på korleis dei forvaltar si rolle gjennom boka og/eller fleire bøker, korleis dei forhandlar med forfattarar og politiske myndigheiter og korleis dei handterer økonomi og publisitet.¹⁶ Innanfor bokhistorie har også prentarane ein viktig funksjon når det gjeld forskning på ulike utgåver av teksten gjennom ulike fasar i produksjonen, noko som kan vere nyttig i til dømes komparative studium. I denne oppgåva har ikkje prentarane vore av særleg interesse, anna enn i spørsmål om korleis redaksjonen stiller seg til prenteverket i tidsskriftet sine ulike periodar.¹⁷

Forfattarfunksjonen har vore gjenstand for mykje diskusjon, og i bokhistorisk forskning er det ulike oppfatningar av forfattaren si rolle. På den eine sida blir det argumentert for at forfattaren er usynleg – gjennom å skape ein distanse mellom seg sjølv og teksten blir det hevda at «the writing subject cancels out the signs of his particular individuality».¹⁸ På den andre sida blir det understreka at teksten er skapt av ein forfattar, og at det ikkje er likegyldig kven denne forfattaren er.

«The author provides the basis for explaining not only the presence of certain events in a work, but also their transformations, distortions, and diverse modifications

¹⁶ Darnton, R. 2006: 18-19

¹⁷ Darnton, R. 2006: 19

¹⁸ Foucault, M. 2006: 282

(through his biography, the determination of his individual perspective, the analysis of his social position, and the revelation of his basic design». ¹⁹

Det er mogleg at det her er hensiktsmessig å skilje mellom forfattarar av skjønnlitterære tekstar og forfattarar av fagtekstar. I begge sjangerkategoriane vil forfattaren nødvendigvis ytre egne meiningar eksplisitt og/eller implisitt (t.d. gjennom symbolbruk og allegoriar), men i fagtekstar vil desse vere lettare å gripe fatt i fordi dei i forma ofte er å oppfatte som konkrete standpunkt i ei bestemt sak og/eller innanfor bestemte ordskifte. Gjennom analysen av vitenskaplege og populærvitenskaplege tidsskriftartiklar i denne oppgåva vil dermed forfattarane sine perspektiv og tidvis også politiske ståstadar skinne nokså tydeleg igjennom, og må vere gjenstand for drøfting. ²⁰

I neste omgang er det lesarane som tillegg boka ei meining, innanfor visse tekstbestemte rammer - «Hence, the structured blanks of the text stimulate the process of ideation to be performed by the reader on terms set by the text». ²¹ Ei utfordring i dette sambandet kan vere at oppfatninga til den enkelte lesaren ofte er vanskeleg tilgjengeleg, og i denne oppgåva vil det difor i stor grad vere fokus på den informasjonen ein kan hente ut frå lesargruppa som heilskap. Verksemda til og samhandlinga mellom dei ulike aktørane i modellen må ein vidare tolke og forstå i lys av kulturelle, politiske og økonomiske forhold i samtida.

Darnton har fått kritikk for at det bokhistoriske teorigrunnlaget han har utforma er for aktørorientert – at modellen hans i større grad er ein modell for kommunikasjonshistorie heller enn bokhistorie, fordi boka som eit materielt objekt ikkje er det primære fokuset. Produksjonen, formidlinga og mottaket av boka utifrå eit aktørorientert perspektiv er likevel hensiktsmessig innanfor studiet av sosialhistoriske tema, der produksjonsmessige og salsmessige slump spelar liten rolle. ²²

Tidsskriftet skil seg frå boka ved å vere ei regelmessig utgiving. Likevel kan ein argumentere for at teorigrunnlaget for bokhistorie og tilhøyrande metodikk kan overførast til tidsskriftforskning. Det er klart at det avgrensa talet på utgivingar gjennom eit år gjer dei publiserte tekstane til gjenstand for ein viss grad av kvalitetssikring. I tillegg finn ein ofte dei

¹⁹ Foucault, M. 2006: 282 & 286

²⁰ Foucault, M. 2006

²¹ Iser, W. 2006: 393

²² Adams, T.R. & Barker, N. 2006: 51

same aktørane innanfor produksjonen av både bøker og tidsskrift, i alle fall dei som eg skal ta føre meg i denne oppgåva – redaktørar, prentarar, forfattarar og lesarar. Thomas Adams og Nicolas Barker føreslår av same grunn å nytte omgrepet «bibliografisk dokument» heller enn «bok» for å inkludere alt materiale prenta i fleire kopiar for ein kommersiell hensikt innanfor det bokhistoriske forskingsfokuset.²³ Såleis kan det bokteoretiske grunnlaget bidra til eit omgrepsapparat til støtte i forskinga på tidsskriftet relatert til overordna tema og dei nemnte aktørane, og kan vidare vere ei rettesnor for slutningar i samanheng med samfunnsmessige, politiske og økonomiske tendensar og konjunkturar i samtida.

1.4.2 Hermeneutikk

Den viktigaste arbeidsoppgåva til ein historikar er det å kunne forholde seg profesjonelt til alt det tekstlege kjeldematerialet, det vil seie alt materiale som på ein eller annan måte kommuniserer ei meining.²⁴ I denne oppgåva er det primært tidsskriftartiklar som utgjer grunnlaget for forskingsarbeidet, og såleis synest det greitt å nytte ein noko meir snever definisjon av tekstomgrepet: Tekst er kommunikasjon av meining innanfor visse og konvensjonelle normer for tekstproduksjon, t.d. sjanger og struktur.²⁵

I arbeid med tekst ligg det alltid ei fortolking av det som blir sagt, og hermeneutikk er nemninga på vitenskapsteorien om denne fortolkingsprosessen. Den teoretiske retninga blei utvikla på byrjinga av 1800-talet, i opposisjon til eit naturvitskapleg teorigrunnlag, og innebar eit skifte frå eit system- og strukturfokus til eit meningsfokus innanfor humaniora. Fleire filosofar har forsøkt å etablere ulike teoretiske rammer for hermeneutikken, men fellesnemnaren i alle teorigrunnlaga er likevel ei konstant søken etter sanning – anten det er med utgangspunkt i mennesket sin historisitet, med utgangspunkt i kultur og tradisjon eller med utgangspunkt i språklege forhold. Tradisjonelt nyttar ein omgrepet «den hermeneutiske sirkel» som ei nemning på fortolkingsprosessen, der fortolking og forforståing av teksten som heilskap og/eller den konteksten teksten inngår, skjer i ein vekselverknad.²⁶

Innanfor historieforskinga vil denne forforståinga for ein stor del basere seg på kunnskap om den historiske perioden teksten blei skapt i – basert på forholda i tida og det ein veit om produsentane av tekstane, kva for meining og/eller budskap ein kan tenke seg at teksten hadde

²³ Adams, T.R. & Barker, N. 2006: 51

²⁴ Ryymin, T. 2018: 45

²⁵ Asdal, K., et al. 2008: 43-44

²⁶ Alnes, J.H. 2018; Ryymin, T. 2018: 46-47

eller skulle ha. Dette er omtalt som «the re-enactment of past thought.» Forforståinga vil for øvrig alltid vere subjektiv, og må vere gjenstand for kritikk.²⁷

1.4.3 Historieteoretiske tilnærmingar til nordnorsk regionalisme

Historieforskning på nordnorsk regionalisme har stort sett vore dominert av eit utval forskarar med base på UiT Norges arktiske universitet. Einar Niemi og Hallvard Tjelmeland har særleg utmerka seg i denne samanhengen gjennom arbeidet med teoretiske rammeverk for å forstå regionalismeprosessen i Nord-Noreg – Niemi gjennom eit aktørorientert perspektiv, Tjelmeland gjennom eit strukturorientert perspektiv.²⁸ Niemi og Tjelmeland har blitt kritiserte for at dei teoretiske rammeverka deira er for einsidige i si framstilling, kvar på sin måte. Ketil Zachariassen har difor freista å lage eit nytt teoretisk grunnlag for forskning på nordnorsk regionalisme, som vidarefører og kombinerer ideane til Tjelmeland og Niemi, og som er inspirert av arbeida til den italienske filosofen Antonio Gramsci (1891-1937).²⁹

Zachariassen nyttar Gramsci sine omgrep knytt til kulturelt hegemoni og mothegegoni i syntesa si over nordnorsk regionalisme. Hegemoni/eit hegemonisk prosjekt må i dette høvet bli forstått som den dominerande ideologien i samfunnet, implementert og effektuert gjennom statlege organar og/eller andre maktpersonar. Mothegegoni/eit mothegegonisk prosjekt er følgeleg ein ideologi som skil seg frå og står i motsetnad til den dominerande ideologien. Dei mothegegoniske prosjekta er under leiarskap av såkalla organiske intellektuelle – ressurssterke personar i ulike delar av samfunnet som fungerer som ei drivkraft for ein bestemt ideologi, og som jobbar for å vinne oppslutning om denne. Denne mobiliseringa skjer mellom anna gjennom ei aktivering av felles kultur og historie– hos Gramsci omtalt som historisk blokk, innanfor ulike grupper i det sivile samfunnet.³⁰

Dikotomien hegemoni-mothegegoni står tilsynelatande i direkte opposisjon til kvarandre. I forhold til nordnorsk regionalisme impliserer for øvrig ein slik omgrepsbruk at regionsbyggerane i Nord-Noreg stilte seg mot det statleg initierte nasjonsbyggingsprosjektet som gjekk føre seg på same tid.³¹ Trass i at det tidvis var spenningar mellom representantane for dei ulike ideologiane på fleire nivå i samfunnet, tyder likevel forskning på at

²⁷ Kjeldstadli, K. 1999: 122-123; Kaldal, I. 2003: 105

²⁸ Sjø mellom anna Tjelmeland, H. 2000 & Niemi, E. 2001

²⁹ Zachariassen, K. 2008

³⁰ Zachariassen, K. 2008: 123; Zachariassen, K. 2012: 17-18

³¹ Zachariassen, K. 2012: 17

regionsbyggerane også var aktive innanfor nasjonsbyggingsprosjektet, og at framgangsmåten i stor grad var den same innanfor begge prosjekta. Det er difor etter mi oppfatning riktigare å seie at regionsbyggerane ønskte å fremme Nord-Noreg som region, og som ein viktig del av det norske samfunnet som heilskap – å utdjupe oppfatninga av norskdom til å inkludere det som var karakteristisk for nordnorsk identitet og eigenart, og på den måten også utvide demokratiet. Dette er i tråd med fleire regionalhistoriske forskingsoppgåver. I Nord-Noreg var det snakk regionalisme, utan separatisme frå storsamfunnet, og denne nyansen er det viktig å vere seg bevisst i det vidare arbeidet med oppgåva.³²

Zachariassen har delt det nordnorske regionalisme-prosjektet inn i fem fasar, med utgangspunkt i sentrale hendingar i perioden. Den første fasen frå 1789-1912 var prega av ei gryande bevisstgjerung omkring nordnorsk identitet og eigenart, og den nordnorske befolkninga, i denne fasen representert av sentrale personar innanfor kyrkja, forfakta krav om utbygging av infrastruktur og samfunnsinstitusjonar i den nordnorske regionen: «(...) organic individuals discovering regional history as well as future potential for the region».³³

I neste fase (1912-1933) fekk det mothegegoniske prosjektet nordnorsk regionalisme stadig meir fotfeste, og det blei eit spenningsforhold mellom den nasjonale hegegoniske samfunnsrørsla og representantane for det nordnorske regionalismeprojektet. Denne spenninga kom særleg til uttrykk gjennom framstillinga av 100årsjubileumet til Tromsø lærarskole i 1926.³⁴

I perioden 1933-1947 skjedde det ei ytterlegare konsolidering av regionalisme-prosjektet. Samstundes som det skjedde ei utbygging av den nordnorske infrastrukturen frå og med 1933, blei det lansert ei ny historieblokk basert på sosialdemokratisk tankegods som vann oppslutning i breie lag av befolkninga. Den nordnorske befolkninga blei klar over sin eigen ressursrikdom, og dei tronge økonomiske tidene i mellomkrigstida blei forklart som sørnorsk utbytting av regionen. Ei påfølgande auke i mobiliseringa for regionalismesrørsla førte til at prosjektet blei rotfesta som ein eigen hegegonisk ideologi, og blei i neste fase (1947-1966)

³² Zachariassen, K. 2008; Niemi, E. 2001: 11; Tjelmeland, H. 2000: 6

³³ Zachariassen, K. 2008: 127

³⁴ Zachariassen, K. 2008: 128-129

tatt opp i det nasjonale hegemoniske prosjektet i samband med moderniseringstiltak i nasjonen generelt, og regionen spesielt.³⁵

Perioden frå 1966-1994 blir vidare omtalt som ein periode med masseregionalisme der prosjektet fekk sterk støtte i heile regionen, uttrykt gjennom både kulturelle og faglege kontribusjonar. Den nordnorske identitetskjenninga blei styrka, og med etableringa av Universitetet i Tromsø i 1972 vaks engasjementet for regionen. I den siste fasen (etter 1994) fall interessa for nordnorsk regionalisme – prosjektet blei sett under press frå fleire hald, mellom anna fordi nye mothegemoniske prosjekt vann fram. Globaliseringsprosessen bidrog vidare til å svekke tilknytninga til bestemte område og/eller regionar, og følgeleg til den nordnorske identiteten, samstundes som forskjellane mellom Nord- og Sør-Noreg var såpass utlikna at dei ikkje lenger kunne nyttast som argument i ei politisk mobilisering. Likevel – “North Norwegian regionalism still retains its hegemony, and counter-hegemonic projects have to relate to this hegemony”.³⁶

Zachariassen hevdar at det var representantar for dei organiske intellektuelle som heile tida dreiv prosjektet framover, ofte var dette folk knytt til kyrkja og/eller ulike utdanningsinstitusjonar. Samstundes er det tydeleg at ein del av dei sentrale hendingane i denne perioden var direkte relatert til økonomiske og politiske strukturar.

Dette teoretiske rammeverket for forståinga av nordnorsk regionalisme vil vere eit sentralt analyseverktøy i denne oppgåva, men heller enn å ramme oppgåva inn i tråd med faseinndelinga Zachariassen skisserer opp, finn eg det meir føremålstenleg å vere open for variasjonar og avvik frå det teoretiske grunnlaget gjennom å drøfte tidsskriftet på eigne premisser (sjå kap. 1.7.).³⁷

1.5 Metode

Metodane eg nyttar for å nærme meg kjeldematerialet er nært knytt saman med det teoretiske grunnlaget. For det første gjer eg bruk av ein såkalla historisk bibliografisk metode basert på bokhistorieteori, for det andre synest representasjonsanalyse mest føremålstenleg som analysemetodikk på tekstnivå.

³⁵ Zachariassen, K. 2008: 129-131

³⁶ Zachariassen, K. 2008: 131-135

³⁷ Jordanova, L. 2006: 56-57

1.5.1 Historisk bibliografi

Bibliografi er i dag nytta om ei liste over litterære verk organisert etter kriterium bestemt på førehand.³⁸ Innanfor bokhistorisk forskning er omgrepet noko meir omfattande – det definerer eit sett med moglege innfallsvinklar til studiet av bøker. Fredson Bowers skil i denne samanhengen mellom samordnande bibliografi, historisk bibliografi og analytisk bibliografi. Samordnande bibliografi handlar om utarbeidinga av oversynslistar, i tråd med den tradisjonelle definisjonen av omgrepet. Historisk og analytisk bibliografi er i større grad forskingsorienterte: Historisk bibliografi gjennom forskning på litterære verk basert på utanforliggende kjelder og i lys av historisk kontekst og/eller historisk hensikt, analytisk bibliografi gjennom forskning på det litterære verket i seg sjølv (estetiske kjenneteikn, fysiske forhold ved boka/teksten).³⁹

I denne avhandlinga blir tidsskriftet sine tema vurdert og organisert etter ein samordnande modell. Vidare vil historisk bibliografi vere den analytiske innfallsvinkelen til kjeldematerialet. Det vide fokusområdet til denne forskingsmetoden synest likevel for omfattande for denne oppgåva:

«I take it we should include here all biographical and historical studies of printers, papermakers, binders, type-founders, engravers, publisher, booksellers, and anyone else in anyway concerned with the materials and the production of the book and its subsequent dissemination.»⁴⁰

Forskingsfokuset vil til ein viss grad vere avgrensa av tilgang på kjeldemateriale, og av problemstillinga går det fram at den historiefaglege interessa i forskingsprosessen primært ligg på utvalde grupper innanfor tekstproduksjonen. Det gjeld først og fremst redaksjonen si idealistiske og historiske hensikt med tidsskriftet, tilhøvet mellom redaksjonen og prenteverket, redaksjonen og forfattarane sitt tilhøve til kommersialitet, økonomi og rekruttering av medlemmer. Analysen vil basere seg på kjelder knytt til den historiske konteksten og/eller ta utgangspunkt i redaksjonen sine private arkiv. Sjølv om lesarane ikkje blir eksplisitt nemnt som eit forskingsområde innanfor historisk bibliografi hos Bowers, meiner eg det er relevant å komme inn på dette gjennom denne forskingsprosessen – når ein først ser på korleis tidsskriftet blir formidla av redaksjonen og forfattarane, er det interessant å

³⁸ Engelstad, K., et al. 2018

³⁹ Bowers, F. 2006: 28-29

⁴⁰ Bowers, F. 2006: 30

vurdere kor vellukka denne formidlinga har vore og er gjennom eit studie av lesarane og nedslagsfeltet til tidsskriftet.

Historisk bibliografi, og bibliografi generelt er for øvrig berre interessert i boka som eit materielt objekt – «and therefore has no proper concern with meaning in text».⁴¹ For å få grep om alle momenta som denne oppgåva skal behandle, er det difor naudsynt også å gjere bruk av ulike metodar for teksttolking.

1.5.2 Teksttolking: Representasjonsanalyse

Historikaren sitt møte med det tekstlege kjeldematerialet resulterer i eit meir eller mindre omfattande tolkingsarbeid – kva for fakta kan ein hente ut frå kjeldematerialet og korleis kan ein nytte desse faktaa i ei historisk framstilling av eit fenomen.⁴² Den historiefaglege disiplinen har henta mykje inspirasjon frå litteraturvitskapen når det kjem til det praktiske arbeidet med teksttolking. Første tolkingsfase omtalt som «nærlesing» inneber å gjere seg kjent med innhaldet i teksten på eit overflatisk nivå. I neste omgang må ein skaffe seg tilgang til teksten sin historisitet ved å plassere han i tid og rom og bestemme sjangertilhørsle. Teksten sin forfattar og/eller kontekst kan i siste instans spele inn på korleis teksten blei oppfatta i samtida og korleis ein kan tolke han i notida. Det er difor hensiktsmessig å freiste å vurdere forfattaren sin agenda med teksten og/eller relevante historiske forhold som teksten kan bli forstått i lys av.⁴³

I denne oppgåva vil kjeldematerialet i all hovudsak bli vurdert som leivningar frå den tida dei blei skapte i, og såleis er det ikkje sanningsgehalten i innhaldet som blir vurdert/tolka. Fokuset vil heller liggje på opphavssituasjonen til kjeldene. Forfattarane og den historiske konteksten knytt til tekstproduksjonen kan synleggjere visse tendensar i materialet som i større eller mindre grad kan falle saman med politiske/kulturelle/økonomiske tendensar i tida for øvrig.⁴⁴

Vidare søker tolkingsarbeidet å avdekke korleis ulike fenomen, saksforhold eller folkegrupper, som til dømes Nord-Noreg som region, nordlendingar og samar/kvenar blei

⁴¹ Bowers, F. 2006: 30

⁴² Ryymin, T. 2018: 45-46

⁴³ Ryymin, T. 2018: 49-56

⁴⁴ Fulsås, N. 2001

framstille/oppfatta i samtida, og korleis desse framstillingane har endra seg over tid. Denne måten å arbeide med tekst på blir kalla for representasjonsanalyse.⁴⁵

1.5.3 Kjelder og kjeldekritikk

Kjeldematerialet for denne oppgåva består av tidsskriftartiklar frå ein periode på 100 år. I tillegg har eg gjort bruk av ein del utanforliggende kjelder, mellom anna frå Eidnes-familien sitt private arkiv. Arbeidet med kjeldematerialet har vore todelt – på den eine sida har eg gjort eit kvalitativt arbeid gjennom nærlesing av utvalde tekstar frå kjeldematerialet, på den andre sida har eg kvantifisert det kvalitative materialet i ein eigen database, inkludert opplysingar om forfattarar, tema og kva for historisk periode og geografisk område som er i fokus.

Det er laga fleire databasar og/eller register av denne typen tidlegare, mellom anna har redaksjonen i *Håløygminne* sjølv utarbeida eit fullstendig register både i hefteform og på heimesida si. I tillegg har *Håløygminne* vore tema for i alle fall to kjende masteroppgåver innanfor bibliotekarutdanninga, der oppgåvene har gått ut på å lage register av tidsskriftet sine artiklar innanfor avgrensa periodar, mellom anna har Britt Höem har laga eit register for perioden 1949-1952.⁴⁶ Eg fann det likevel hensiktsmessig å utforme ein eigen database for arbeidet med denne oppgåva – arbeidet gav meg eit unikt oversyn over alle publikasjonane til tidsskriftet, samstundes som eg fekk inkludert all informasjonen som eg vurderte som naudsynt for denne oppgåva.

I det kvantitative arbeidet har eg gjort nokre subjektive vurderingar, mellom anna gjennom etableringa av eigne tematiske kategoriar og når det gjeld stadfesting av dei enkelte artiklane sine tema. I utarbeidinga av dei tematiske kategoriane nytta eg gjennomgåande *Håløygminne* sine eigne register som inspirasjon og støtte. Undervegs i arbeidet blei det likevel klart at ein del av dei tematiske kategoriane var utilstrekkelege for forskingsfokuset mitt og måtte justerast. Dette førte til problem med å innfri kravet om konsekvens.

«(...) for long-term trends to be meaningful, the data across time and place have to be strictly comparable, and changes in their nature (mode of gathering, criteria for inclusion, and so on) can undermine the general conclusions based upon them.»⁴⁷

⁴⁵ Andresen, A., et al. 2017: 110-111

⁴⁶ Höem, B. 1980

⁴⁷ Jordanova, L. 2006: 52

Eg såg meg difor nøydd til å gjere ein del av arbeidet om igjen for å sikre at alle artiklane og innhaldet i desse samsvarte med dei nye justeringane. Dette var tidkrevande, men avgjerande for å kunne sjå tendensar i materialet basert på valid forskingsmetodikk (sjå tabell 2).

Eit anna problem knytt til det kvantitative arbeidet er at innhaldet i temakategoriene sannsynlegvis har endra seg over tid. For å bøte på denne utfordringa har eg valt å kombinere dei kvantitative dataa med kvalitative undersøkingar gjennom å gjere eit djupdykk innanfor nokre utvalde tema. Dei kvantitative forskingsresultata kan på den måten vise trendar i materialet, samstundes som dei stimulerer til vidare forskning innanfor avgrensa område.»⁴⁸

For å kunne bestemme kva for periodar dei ulike artiklane i tidsskriftet behandlar, har eg gjort ei inndeling basert på ei konvensjonell forståing av dei historiske periodane innanfor norsk historieforskning. Denne inndelinga er i stor grad knytt til sentrale vendepunkt i norsk historie. Eg har likevel freista å unngå periodar som overlappar kvarandre, for å gjere materialet så oversynleg og samanliknbart som mogleg. Til dømes opererer eg ikkje med periodenemningar som merovingertid, folkevandringstid og vikingtid, men med periodane jernalder og mellomalder. Periodiseringane er overordna, og blir nytta berre for å gi eit innblikk i kva for forskning forfattarane i *Håløygminne* har funne interessant (sjå tabell 3).

Geografisk er inndelinga basert på dei administrative nordnorske regionane, slik dei blir definerte av fylkeskommunane i dag (sjå tabell 4). I den vedlagte tabellen er dei ulike kommunane i Nord-Noreg nytta som opplysing om kva for område desse administrative regionane omfattar. Ei slik kategorisering kan i utgangspunktet framstå som problematisk fordi talet på kommunar i Nord-Noreg ikkje er det same i dag som på byrjinga av 1900-talet. Endringane på kommunenivå har likevel ikkje fått konsekvensar for dei geografiske områda som blir omfatta av dei nordnorske regionane. Finnmark fylkeskommune har per i dag ingen administrative inndelingar i regionar, og fylket som heilskap utgjer difor ein eigen geografisk kategori i denne oppgåva.

Databasen, inkludert forfattarar, forskingsstatusen deira og temaa dei behandla finst som vedlegg til denne oppgåva. Her er ikkje dei historiske periodiseringane eller dei geografiske avgrensingane tatt med, på grunn av manglande plass.

⁴⁸ Jordanova, L. 2006

Det kvalitative arbeidet ber med seg ein del kjeldekritiske problem med omsyn til mi rolle som fortolkar. Ein freistar sjølvsgd å lese tekstane utan føredømmende meiningar og haldningar, samstundes er det klart at fullstendig objektivitet ikkje er mogleg. Problemstillinga eg har valt og teoriane eg nyttar, kombinert med kjennskapen min til og oppfatning mi av tida og personane i fokus, vil uungåeleg spele inn på forskingsresultatet.

«En begynner med et visst utgangspunkt, en viss horisont, en viss «for-dom» (i ordets egentlige forstand). Vi begynner i vår verden. – Å tro at en begynner forutsetningsløst, er naivt».⁴⁹

Hyppig korrespondanse med rettleiar og andre fagkyndige har likevel bidratt til å nansere perspektivet mitt undervegs i arbeidet, og fungerer såleis som ei slags kvalitetssikring. Vidare vil det å vere open om forskingsprosessen – og resultata sørge for ei etterprøvbarheit, som gjer det mogleg for andre å moderere framstillinga mi i ettertid – om naudsynt.

Som eit supplement til artiklane i tidsskriftet har eg nytta materiale frå Eidnes-familien sitt private arkiv, deriblant noko brevkorrespondanse mellom redaktørane og sentrale forfattarar, avisartiklar i samband med etableringa av tidsskriftet og anna materiale om den historiske konteksten i gjeldande tidsrom. Eg har i tillegg gjennomført eit uformelt intervju med den noverande redaktøren i *Håløygminne* Vidkunn Eidnes og styremedlem Reidar Bertelsen.

1.6 Sentrale omgrep og naudsynte avklaringar

Oppgåva baserer seg på ein del fagterminologi som det er viktig å avklare nærmare. Mellom anna vil eg studere korleis nordlendingen blei representert *Håløygminne* med utgangspunkt i omgrep som identitet og eigenart. Vidare vil eg nytte omgrep og fagterminologi knytt til region og regionalisme og det regionalhistoriske teorigrunnlaget presentert i kap. 1.4.3. I tillegg finn eg det hensiktsmessig å gjere kort reie for utviklinga av regional og lokal historieskriving. Temaet vil rett nok bli nærmare drøfta undervegs i oppgåva, men kan innleiingsvis fungere som ein teneleg omgrepsreiskap for lesaren.

1.6.1 Omgrepa identitet og eigenart

Drøftinga av nordnorsk eigenart og/eller identitet, slik han kom til uttrykk i *Håløygminne*, tar utgangspunkt i Narve Fulsås sine forskingsoppgåver om nettopp dette temaet. Han har undersøkt korleis førestillingane om det nordnorske blei skapte gjennom ein symbolsk kamp

⁴⁹ Kjeldstadli, K. 1999: 123

mellom medlemmene av den nordnorske kulturen og utanverda.⁵⁰ I *Håløygminne* var det innanfrå-perspektivet som gjorde seg gjeldande; tidsskriftet var eit organ for den nordnorske befolkninga, og hadde såleis til hensikt å konstruere eit bilete av nordlendingen i tråd med eiga sjølvopfatning.

I forskinga si skil Fulsås mellom omgrepa eigenart og identitet. Med eigenart meiner han befolkninga sitt særpreg, «med alle dei essensialistiske konnotasjonane til folkesjel, historiske røter, felles historisk lagnad osv. som det inneber.»⁵¹ Identitet er på den andre sida eit meir moderne omgrep, og er knytt til enkeltpersonen si sjølvopfatning. Denne kan variere ut ifrå situasjonen vedkommande finn seg i, og blir aktivisert avhengig av om det synest hensiktsmessig eller ikkje. Identiteten er på den måten eit flytande og foranderleg fenomen.

1.6.2 Omgrepa region og regionalisme

Aud M. Tretvik definerer ein region som eit avgrensa område som «fungerer i forhold til eit senter, og ikkje sjeldan i opposisjon til det». Omgrepet kom først i bruk på 1500-talet i samband med statsutviklinga i same periode.⁵² Regionalisme omtaler ein prosess der målsettinga er å bevisstgjere om og skape identifikasjon med ein region, initiert av representantar for den respektive regionen. Dette står i motsetnad til regionalisering, som er ei nemning på eit utanfrå-styrt statleg initiativ til regionsbygging.⁵³ *Håløygminne* blei starta opp og driven av representantar for den nordnorske regionen, og fokuset i denne oppgåva er følgeleg innanfrå-perspektivet relatert til regionalismen.

1.6.3 Lokale åndshøvdingar og intellektuelle

I Zachariassen si syntese over det mothegemoniske prosjektet nordnorsk regionalisme understrekar han at drivkrafta bak prosjektet er ei avgrensa gruppe organiske intellektuelle.⁵⁴ I denne oppgåva vil eg bruke omgrepet åndshøvding i omtalen av desse. Åndshøvdingar er personar med status som autoritetar innanfor ulike område, på bakgrunn av utdanning, erfaring og kunnskap. Dei er å anse som ein form for intellektuelle gründerar med leiande idear, og som evnar å formidle desse ideane gjennom eit utval hensiktsmessige kanalar.

⁵⁰ Fulsås, N. 1997; Fulsås, N. 1999

⁵¹ Fulsås, N. 1997: 208

⁵² Tretvik, A.M. 2004: 17

⁵³ Niemi, E. 2001: 51-52; Tretvik, A.M. 2004: 18

⁵⁴ Zachariassen, K. 2012: 17-18

Det er for øvrig ikkje tilstrekkeleg berre med ein idé – ein er avhengig av folk til å sette han ut i live. Dei lokale åndshøvdingane må såleis få oppslutning frå eit breiare lag av befolkninga for å vinne fram med prosjektet sitt. Dette oppnår dei mellom anna ved at andre intellektuelle sluttar seg til prosjektet gjennom å komme med eigne bidrag. Dei intellektuelle er ikkje berre avgrensa til folk med utdanning innanfor det respektive feltet, men er menneske med ein viss status i dei lokalsamfunna dei representerer. Etter kvart som prosjektet skrid fram og vinn hegemonisk status, fell behovet for lokale åndshøvdingar bort. Ein vil likevel alltid vere prisgitt intellektuelle bidrag frå særskilte personar for å halde liv i prosjektet.

1.6.4 Utviklinga av lokal og regional historieforskning

Lokal og regional historieskriving hadde sitt utgangspunkt i folkerørsler som fann stad allereie på byrjinga av 1900-talet, med Edvard Bull d.e. (1881-1932) og Oskar Albert Johnsen (1876-1954) i spissen. Allereie frå starten av var det store skilnadar mellom dei historiske arbeida som blei publiserte, frå amatørbidrag på den eine sida til vitskaplege arbeid av høg standard på den andre. Det blir understreka at det lokalhistoriske engasjementet til akademisk utdanna historikarar er og har vore ganske eineståande for Noreg, og Tretvik beskriv dermed lokalhistoria som «eit sameige med ulik kompetanse og ferdigheiter blant medlemmene (...)».⁵⁵ I utgangspunktet bestod den lokalhistoriske produksjonen primært av gards- og slektshistorie og bygdehistoriske framstillingar, men har sidan midten av 1900-talet i stadig større grad inkludert både byhistorie og regionshistorie. På 1970-talet blomstra engasjementet for lokalhistorie kraftig, og stadig fleire faglærte historikarar kom på banen med eigne forskingsarbeid i form av større mastergradsoppgåver og avhandlingar. Interesse for lokalhistorisk forskning ser i dag ut til å vere dalande, sjølv om det ikkje ligg føre nokre konkrete tal frå dei siste tiåra.⁵⁶

1.7 Periodisering og oppgåvestruktur

Den historiske perioden som oppgåva tar føre seg går over 100 år – frå 1920 og fram til 2019. Det seier seg sjølv at det ikkje er mogleg å analysere heile tidsrommet like inngåande med dei omfangsmessige avgrensingane som gjeld for denne oppgåva. Eg vil difor dele tidsrommet inn i ulike fasar, der overgangen mellom redaktørane og innhaldet i tidsskriftet fungerer som dei sentrale strukturelle elementa. Fase ein omfattar heile redaktørskapet til Hans Eidnes frå 1920-1962. I denne fasen var innhaldet i tidsskriftet konsentrert rundt folkeminne, med

⁵⁵ Tretvik, A.M. 2004: 21

⁵⁶ Tretvik, A.M. 2004

tilhøyrande tidvise politiske programerklæringar. Fase to omfattar første halvdel av redaktørskapet til Asbjørn Eidnes frå 1962-2000, då tidsskriftet i større grad fekk karakter av å vere eit politisk organ for viktige samfunnsinstitusjonar. Tredje og siste fase inkluderer både siste halvdel av redaktørskapet til Asbjørn Eidnes og overgangen til noverande redaktør Vidkunn Eidnes, frå 2000-2019. Denne samanslåinga av periodane til brørne Eidnes har sin bakgrunn i innhaldsmessige endringar i tidsskriftet i denne tida – det politiske engasjementet ein såg i første halvdel av Asbjørn Eidnes sitt redaktørskap dabba av, og har sidan ikkje vore særleg fremtredande i *Håloygminne*.

Oppgåva er todelt – på den eine sida omfattar ho ei drøfting av tidsskriftet sin bibliografi, på den andre sida er ho eit nærstudium av det tekstlege innhaldet i dei ulike fasane og den innhaldsmessige variasjonen mellom dei ulike fasane. Den første delen er strukturert under eit overordna kapittel, og inneheld undersøkingar om både temaa, redaksjonen, forfattarane og lesarkretsen. Tyngdepunktet ligg for øvrig på den kvalitative tolkingsdelen av oppgåva, som er disponert ut frå den faseinndeling skissert ovanfor – kvar fase har fått eit eige overordna kapittel, der dei innhaldsmessige tendensane innanfor dei respektive fasane blir vurderte og drøfta inngåande. Samanlikningar mellom innhaldet i dei ulike fasane inngår tidvis i drøftingane undervegs, men trådane blir først og fremst samla i oppsummeringskapittelet til slutt.

2 Bibliografi

Bibliografien til *Håløygminne* utgjer empirien min i denne oppgåva - han gir eit bilete på kva for tematikkar som har vore i fokus gjennom alle desse åra, og bidrar på den måten til å synleggjere oppfatninga av nordnorsk kultur, historie og eigenart i redaksjonen og forfattarkorpset. Han stimulerer vidare til ei kvalitativ undersøking av tidsskriftet ved hjelp av teksttolking. Kombinasjonen av metodane bidrar til å kaste lys over kor vidt utviklinga av tidsskriftet fall saman med utviklinga av den nordnorske regionalismen gjennom 1900-talet.

Det tematiske arbeidet med bibliografien har vore samordnande, med det føremål å utarbeide eit kronologisk oversyn over alle temaa i det publiserte materialet. Det vidare historisk-bibliografiske arbeidet har basert seg på kjeldemateriale utanfor tidsskriftet og/eller tidsskriftmateriale om forhold utanfor og rundt tidsskriftet, t.d. økonomi og lesarkrets. Resultatet av arbeidet er dermed ein presentasjon av tidsskriftet med eit heilskapsblikk – frå produksjon til produkt. Bibliografien vil vere strukturert etter dei tidlegare nemnte fasane (jf. kap.1.7).

2.1 Tidsskriftet sine tema


Etter 100 år seier det seg sjølv at *Håløygminne* har behandla mange ulike tema innanfor historieforskning – både av lokale og nasjonal karakter. Temakategoriane er utarbeida etter raske gjennomlesingar av artikkane, og med støtte i registera som redaksjonen i *Håløygminne* sjølv har utforma. Tidvis har eg ikkje nytta *Håløygminne* sine register fordi eg så det hensiktsmessig å registrere ein og same artikkel innanfor fleire tematiske kategoriar. Dette vil til dømes vere tilfellet dersom ei segn har samar eller kvenar i hovudrolla, eller dersom eldre historie omhandlar allmenne forhold.

For å gjere materialet meir oversynleg har eg inkludert følgande figurar over dei mest frekvente temakategoriane i *Håløygminne* (over 25 publikasjonar):

- Frekvente temakategoriar, heile perioden (sjå figur 2)
- Frekvente temakategoriar, 1920-1962 (sjå figur 3)
- Frekvente temakategoriar, 1962-2000 (sjå figur 4)
- Frekvente temakategoriar, 2000-2019 (over 15 publikasjonar, sjå figur 5)

I desse figurane er temakategoriane «rekneskap» og «redaksjonelt» valt bort – det er årlege publikasjonar frå redaksjonen om trivielle forhold knytt til tidsskriftet, og har ikkje noko med


det generelle forskingsfokus til redaksjonen og/eller forfattarkorpset å gjere. Fullstendige oversyn over perioden som heilskap og dei ulike fasane finst som vedlegg (sjå figur 7-10).



Figur 2: Frekvente temakategoriar, heile perioden (1920-2019)

2.1.1 Tendensar i tematikken

Innanfor dei ulike fasane var det ulike temakategoriar som dominerte, sjølv om tidsskriftet heile tida var prega av mykje det same stoffet. Figurane under gir eit oversyn over dei tematiske tendensane innanfor kvar periode (sjå figur 3-5).



Figur 3: Frekvente temakategoriar, 1920-1962/2

I den første fasen (1920-1962) utgjorde stadnamn den største delen av tradisjonsstoffet som blei publisert i *Håloygminne* (sjå figur 3). Denne tematiske kategorien blei behandla av eit utval forfattarar, ofte i form av ordskifte rundt opphavet til ulike stadnamn og nemningar på diverse område. Gjennom lærarstillinga si ved Trondenes folkehøgskole gjorde også Hans Eidnes eit fleirårig innsamlingsprosjekt blant studentane sine for å kartlegge deira nemningar på ulike område i regionen. Nemningane blei sidan systematiserte alfabetisk og publiserte i *Håloygminne* over ein periode på tre år frå 1959-1962, og har i ettertid også blitt samla i eit ekstrahefte til tidsskriftserien – *Namn frå innmark og utmark* (sjå kap. 3.2.1.). Den historiske


interessa for stadnamn har vedvart gjennom heile *Håløygminne* si fartstid, men har sidan slutten av 1960-talet vore meir eller mindre avgrensa til ein enkeltforfattar sine bidrag.

Det å ta vare på og vidareformidle folkeminne var eit sentralt element i *Håløygminne* allereie i byrjinga, og difor har truleg segn/forteljingar, kultur/tradisjon, viser/rim, ordtak/munnhell, tru/overtru og språk fått ein så stor plass i tidsskriftet (sjå figur 3-5). I dei første 20 åra til *Håløygminne* blei desse minna samla under overskrifta «Gammalt frå» i ei rekke artiklar, og knytt til spesifikke område i Nord-Noreg. Hans Eidnes har sjølv skrive ein del av desse, men har fått god hjelp frå andre bidragsytarar som mellom anna Lyder Kvantoland, Edvard J. Ruud jr. med fleire. Den sterke interessa for samling av folkeminne avtok likevel noko etter kvart som arbeidet med tidsskriftet skreid fram og tidene endra seg. Etter krigen finst slike samlingar berre sporadisk, og ofte i tilknytning til tilbakeblikk på tidlegare arbeid og artiklar. Likevel hadde framleis tradisjonsstoff ein svært sentral plass i tidsskriftet gjennom heile perioden (sjå figur 4 og 5). Artiklane som omhandla administrative og kyrkjelege forhold var ofte attgivingar av kjeldemateriale som til dømes lensprotokollar, justisprotokollar og diplommateriale.

Biografar om personar frå Nord-Noreg, eldre historie og arkeologiske funn blei avgjerande for å konstruere eit stolt og positivt bilete av den nordnorske historia. I *Håløygminne* var desse tematikkane mykje relaterte til sagamateriale, og blei tydingsfullt i etableringa av den nordnorske eigenarten, på same måte som forteljingar frå fiskeria og anna næringsverksemd (sjå kap. 3.2.2., 3.3. og 4.3., og figur 3-5).

Gards- og ættesoger var mellom dei mest omfangsrike tematikkane innanfor lokalhistorie generelt, men framstillingane bar i stor grad preg av å vere ein «katalog eller ei samling kjeldeskrifter» og var ofte skrivne av representantar frå ulike lekmannsmiljø.⁵⁷ Dette må ein også seie var tilfellet i *Håløygminne*, og gards- og slektshistorie vil difor ikkje bli særleg vektlagt i denne oppgåva.

⁵⁷ Tretvik, A.M. 2004: 56-57



Figur 4: Frekvente temakategoriar, 1962/3-2000

I neste fase (1962-2000) viser bibliografien eit betydeleg oppsving i talet på bokmeldingar og historiografiske artiklar, noko som indikerer eit stadig meir profesjonalisert forfattarkorps. Då Asbjørn Eidnes tok over som redaktør for tidsskriftet i 1962, blei det dessutan lagt sterkare føringar på innhaldet i tidsskriftet gjennom ei rekke temahefte som berre behandla enkeltemne (sjå tabell 1). Det første kom ut i 1964 i samband med tidsskriftet sitt 45-årsjubileum, og handla om nordlandsbåten. Det neste kom ut i 1965, der Asbjørn Eidnes og ei rekke andre forfattarar tok føre seg museumsverksemda i Nord-Noreg. Dette heftet bestod i alt av 23 artiklar og hadde eit fokusområde frå Hammerfest i nord til Velfjord i sør.

Ved kvar milepæl i *Håløygminne* si historie publiserte også Asbjørn Eidnes eit eige hefte spesielt dedikert til dette - nokre gonger hadde det ein spesiell tematikk, slik som til dømes båtheftet, andre gonger var desse hefta prega av tilbakeblikk på *Håløygminne* og Hålogaland Historielag si verksemd med ny utgiving av gamle, minneverdige artiklar.

I anledning *Håløygminne* sin 60årsdag blei det gitt ut to spesielle hefte – det første blei kalla viseheftet, og inneheldt ei samling av nordnorsk folkemusikk. Noko hadde vore prenta i *Håløygminne* tidlegare, noko hadde Asbjørn Eidnes samla inn spesielt i samband med dette heftet. På same måte blei også nordnorske segn og forteljingar via eit eige hefte to år seinare (sjå tabell 1).


Ved sidan av jubileumshefte var det særleg hefte som omhandla historiografi, og nærmare bestemt historiografi om lokalhistorie og byhistorie, som var gjengangarar i desse temahefta. I 1980 blei det gitt ut eit hefte med diskusjonar om og synspunkt på den lokalhistoriske utviklinga i Nord-Noreg i eit historiografisk perspektiv. Same tematikk blei sidan vidareført gjennom åtte artiklar i 1984. I 1982, 1999 og 2000 det vidare publisert tre hefte med byhistorie og byutvikling som fokusområde.

Innanfor temakategoriane fiske og kultur/tradisjon blei det publisert temahefte om høvesvis naust, mat og bunadar. Vidare blei eit eige hefte via til Tromsø Museum sitt 100-årsjubileum i 1972. Også utdanning, tilhøvet mellom samar, kvenar og nordmenn, og Trondenes Stiftsgard blei presentert i temahefte av denne typen. Asbjørn Eidnes laga sjølv eit oversyn over desse temahefta. Her inkluderte han også hefte som inneheldt omfangsrike enkeltartiklar. Desse vil ikkje blitt tatt med i det følgande oversynet, fordi dei har ein heilt annan karakter enn temahefta med fleire artiklar skrivne av eit utval forfattarar.

I Asbjørn Eidnes sine siste år som redaktør fall temahefta bort, og dei har heller ikkje blitt vidareført gjennom redaktørskapet til Vidkunn Eidnes. Det siste temaheftet blei publisert i samband med professor Einar-Arne Drivenes sin 70-årsdag i 2016. I dette heftet var det utelukkande Drivenes' sine kollegaar ved UiT, og ikkje redaksjonen i *Håløygminne* sjølv, som var bidragsytarar i tekstproduksjonen.

Årstall	Temahefte
1964, hefte 4	Båt
1965, hefte 4	Museum
1967, hefte 4	Samisk/kvensk
1969, hefte 4	Håløygminne 50 år
1970, hefte 4	Naust
1971, hefte 4	Mat
1972, hefte 4	Tromsø Museum
1975, hefte 2	Samedrakt og bunad
1978, hefte 4	Viser/rim
1980, hefte 3	Lokalhistorie
1980, hefte 4	Segn/forteljing
1981, hefte 3	Utdanning
1982, hefte 2	By/bygd
1984, hefte 4	Lokalhistorie
1988, hefte 4	Utdanning
1990, hefte 1	Byhistorie
1990, hefte 2	Byhistorie
1993, hefte 2	Hansatida
1993, hefte 3	Hansatida
1993, hefte 4	Hansatida
1997, hefte 2	Trondenes Stiftsgard
1999, hefte 4	By/bygd
2000, hefte 1	By/bygd
2002, hefte 4	Fogd Jens Holmboe
2016, hefte 4	Festskrift Einar-Arne Drivenes 70 år

Tabell 1: Oversyn over temahefte



Figur 5: Frekvente temakategoriar, 2001-2019

Når det gjeld den siste fasen var stofftilfanget svært avgrensa. Fasen var rett nok kortare enn dei andre to, samstundes var det ein tydeleg nedgang i interessa for tidsskriftet, eksemplifisert mellom anna ved eit redusert forfattarkorps og eit innsnevra nedslagsfelt (sjå kap. 2.3. og 2.4.). Anna enn det skilde ikkje fordelinga mellom dei ulike tematikkane seg dramatisk frå det ein ser i dei førre periodane. Framleis var til dømes stadnamn eit stort emne i *Håløygminne*, i denne fasen gjennom dei utalege bidraga til Finn Myrvang.

Den relativt omfangsrrike produksjonen innanfor kategorien kultur/tradisjon i denne perioden hadde sin bakgrunn i eit innsamlingsarbeid kalla «Minne frå den nære fortida i Troms». Arbeidet byrja allereie i 1996, og materialet blei publisert i *Håløygminne* frå og med hefte nr.2 i 1999 og til hefte nr.1 2007. Minnesamlinga baserte seg på opplysningar frå personar frå Troms, fødte mellom 1915 og 1930, og beskreiv ulike aspekt ved livet, slik det fortona seg for dei på byrjinga av 1900-talet.

Historieskrivinga innanfor kategoriane kyrkje/administrasjon og eldre historie/arkeologi var i all hovudsak dominert av det profesjonelle forfattarkorpset, og var for ein stor del å rekne som beskrivingar av realhistoriske fenomen med utgangspunkt i eit historiefagleg omgrepsapparat.

Dei historiografiske undersøkingane som hadde vore så fremtredande blant desse skribentane i førre fase, fall med andre ord bort i denne fasen.

Det er påfallande at temakategorien samisk/kvensk er tilnærma forsvunne frå tidsskriftmaterialet i denne perioden – både i 1920-1962 og frå 1962-2000 var denne kategorien blant dei mest frekvente. I *Håløygminne* var det stort sett etniske nordmenn som stod for tekstproduksjonen innanfor denne tematikken. Ei potensiell årsaksforklaring til denne nedgangen kan vere at den samiske og kvenske befolkninga i denne perioden hadde oppnådd rettar på lik linje med den etnisk norske befolkninga, og at deira historie i stor grad blei behandla av representantar for folkegruppene sjølve. Då syntest det kanskje også hensiktsmessig å nytte andre kanalar for historieskrivinga, moglegvis der den samiske og kvenske befolkninga i større grad utgjorde lesarkretsen.

2.1.2 Forskingsfokuset: Historisk periode og geografisk område

Det er påfallande at tidsskriftet ikkje har hatt eit utprega fokus på ein bestemt historisk periode. Delvis har dette ein samanheng med at tradisjonsstoff og folkeminne i liten grad var tidsfesta, men empirien viser likevel at både eldre historie, tidleg nytid og moderne historie har vore tematiserte periodar for tidsskriftforfattarane. Redaksjonen lot såleis forfattarane sleppe til med det dei hadde på hjartet – utan noko periodisk avgrensing.

Geografisk var også spreininga stor, og det finst ikkje eit område som utmerkar seg spesielt som eit interesseområde. I stor grad såg dette ut til å vere avhengig av forfattarane si eiga geografiske tilknytning – i periodar der forfattarar frå Vesterålen var særleg aktive, som til dømes Anna Haug, var Vesterålen overrepresentert i materialet, og etter kvart som nye forfattarar kom til endra dette seg.

2.2 Redaksjonen

Håløygminne har gjennom alle år vore drive av ein enkelt familie – Eidnes-familien med base på Trondenes. Frå etableringa og fram til han døydde i 1962 var det Hans Eidnes (1887-1962) som utgjorde redaksjonen, sidan overtok den eldste sonen Asbjørn Eidnes (1921-2009), delvis i samarbeid med yngste bror Vidkunn Eidnes (f.1932). Frå og med 2009 var det Vidkunn aleine som hadde ansvaret for tidsskriftet.

Hans Eidnes gjekk på lærarskolen i Tromsø, og fungerte store delar av det yrkesaktive livet sitt som lærar, og seinare skolestyrar for Trondenes folkehøgskole. I ein kort periode etter

andre verdenskrig (1945-1948) blei han valt inn på Stortinget, som førstemann på stortingslista til partiet Venstre, før han igjen returnerte til folkehøgskolen.⁵⁸

Hans Eidnes hadde ein tydeleg kulturpolitisk agenda – i studietida kom han i kontakt med mållaget Heimhug, og blei involvert som bidragsytar og som redaktør i det nynorske bladet *Lauvsprett*, seinare *Midnattssol*, med den intensjonen å fremme nynorsk og nordlandsmålet i nynorsk.⁵⁹ Det er likevel det historiske arbeidet manifestert gjennom tidsskriftet *Håloygminne* som har blitt Hans Eidnes sin største arv, i eit forsøk på å gjere nordnorsk kultur og historie meir synleg og tilgjengeleg for folk flest.⁶⁰

Både Asbjørn Eidnes og Vidkunn Eidnes har gått i faren sine fotspor – begge blei lærarar og sidan styrarar ved Trondenes Folkehøgskole, og begge har hatt redaktørroller i *Håloygminne*. Historieinteressa til brørne blei vekt tidleg under skolegangen, og i faren sine timar spesielt.⁶¹ I barndommen og elles når familien var samla blei dei dessutan involverte i praktisk arbeid med tidsskriftet, og allereie i studietida byrja dei begge å bidra inn i tidsskriftet med tekstleg materiale av ulikt slag. Den unike kjennskapen begge sønene hadde/har til drifta av og innhaldet i tidsskriftet, har sannsynlegvis bidratt til at *Håloygminne* har vore tru til intensjonen sin gjennom alle desse åra. I eit intervju med Vidkunn Eidnes uttalte han mellom anna at interessa for Nord-Noreg og nordnorsk historie var noko som hadde gått i arv der i huset.⁶²

Med ujamne mellomrom publiserte redaksjonen årsskrift og jubileumsartiklar der dei reflekterte over eiga verksemd og ivaretakinga av *Håloygminne* sin intensjon - ei eineståande kjelde til redaksjonen si sjølvforståing gjennom 100 år.

2.2.1 Drift og administrasjon

Sjølv om Hålogaland Historielag i oppstartsfasen hadde intensjonar utover utgivinga av *Håloygminne*, blei det tidleg klart at den primære verksemda til laget var og blei avgrensa til dette arbeidet. Ved skipingsmøtet i 1920 blei det rett nok utnemnd eit styre til historielaget bestående av folk frå ulike delar av regionen, men det viste seg vanskeleg å få samla

⁵⁸ Fjeld, H. 2013: 6-11

⁵⁹ Eidnes, H. 1923; Heide, M. 2006; Fjeld, H. 2013: 11

⁶⁰ Fjeld, H. 2013: 11-12; Eidnes, A. 1964: 321

⁶¹ Fjeld, H. 2013: 8-9

⁶² Eidnes, V. (personleg kommunikasjon, 05.01.2019)

styremedlemmene til årsmøte og/eller i samband med andre viktige avgjerder kva gjaldt verksemda til laget.⁶³ Det blei såleis Hans Eidnes si oppgåve aleine å få verksemda til å gå rundt – ein jobb som tidvis var ganske utfordrande, mellom anna på grunn av mangel på stoff for å fylle hefta i tidsskriftet. Drifta av tidsskriftet har stort sett vore ein einmannsjobb gjennom alle desse åra, inkludert redigering/korrekturlesing av innsende artiklar og produksjon av eigne artiklar for å nå kravet til sidetal i kvart hefte. Rett nok har familie trødd til og assistert med ujamne mellomrom.

«Frå 1920 fram til våren 1962 var Hans Eidnes skriftstyrar, og eg trur det må vere rett å seie at utan hans brennande interesse for h  l  ygsk historie og folkeliv hadde ikkje «H  l  ygminne» vore liv laga. (...) som regel var det berre    dukke ned i seg sj  lv – og s   hadde han hoven full av levande tradisjonsstoff, tru og tradisjon, segn og soge fr   sitt kj  re H  logaland».⁶⁴

Tidvis m  tte redaksjonen ogs   p   andre utfordringar. I perioden under 2.verdskrig blei alle fire hefta publiserte kvart   r, men med nokre forseinkingar fordi transporten fr   prenteverket til redaksjonen kunne vere vanskeleg    gjennomf  re, i tillegg til at bu- og arbeidssituasjonen for Hans Eidnes var noko uavklart etter tyskarane sin okkupasjon.⁶⁵ Samstundes var det rasjonering p   papir i krigstida, og nokre hefte blei difor noko reduserte i omfang. I 1944 utarbeida Hans Eidnes eit register med oversyn over alle artiklane som inntil d   var publiserte i tidsskriftet, og under samtale med Vidkunn Eidnes kom det mellom anna fram at dette s  rs omstendelege arbeidet gjekk f  re seg p   sm   lappar, som ved det minste vindkast kunne hamne i uorden.⁶⁶

Fr   1962, d   Asbj  rn Eidnes tok plass i redakt  rstolen, blei ekspedisjon og rekneskap administrert av Vidkunn Eidnes, og s  leis blei Asbj  rn frigjort fr   ein del ansvar. Likevel m  tte han stadig bidra inn i tidsskriftet med eigne artiklar i st  rre grad enn faren, p   grunn av avgrensa stofftilfang. Denne problematikken blei likevel dempa p   1970- og 80-talet, men har igjen blitt aktuell i dag. Dei siste   ra har berre eit par forfattarnamn dominert. Vidkunn Eidnes har sidan 2009 st  tt aleine med ansvaret for redigering og publisering av tidsskriftet.

⁶³ Eidnes, H. 1944

⁶⁴ Eidnes, A. 1964: 321

⁶⁵ Eidnes, H. 1947

⁶⁶ Eidnes, H. 1944: 601; Eidnes, V. (personleg kommunikasjon, 04.01.2019)

I 2010 utnemnde Vidkunn Eidnes eit styre for *Håløygminne* for å sikre tidsskriftet si framtid, basert på stemmer frå tingarane. Til dette styret blei det rekruttert ulike personar med framstående posisjonar innanfor historie- og arkeologiforsking i Nord-Noreg, deriblant arkeolog Reidar Bertelsen, historikar Alf Ragnar Nielssen og konservator Åsa Elstad. Oppgåva til styret var å bestemme kva for form og funksjon tidsskriftet skulle ha, og eventuelt om det skulle utarbeidast nye lovar.⁶⁷ I praksis har ikkje styret vore i funksjon sidan det blei etablert, og styremedlem Reidar Bertelsen har difor ytra eit ønske om å få styreverksemda inn i organiserte former.⁶⁸

Økonomien til *Håløygminne* var alltid ei utfordring. Dei første åra blei tidsskrifta produserte med avsluttande sidetal – «det var så uvisst med økonomien at det ofte var i det blå om neste hefte kunne komme», men frå og med 1925 blei sidetala avslutta først etter at eit heilt bind var fullført.⁶⁹ Frå 1934 betra økonomien seg noko, då *Håløygminne* blei tilgodesett med 300 kr i statsbudsjettet, med auke til 500 kr og 1000 kr etter krigen. Under krigen mottok dei også 2000 kr frå ulike lag og organisasjonar, og frå 1969 har tidsskriftet mottatt 3000 kr i støtte frå Norsk Kulturråd. At tidsskriftet har klart å halde det gåande er likevel imponerende – redaktørane har hatt lite økonomisk utbytte for arbeidet, og betalinga for artiklane dei har nytta har nærmast vore symbolsk.⁷⁰

2.2.2 Tematikk og kvalitet

I jubileumsartiklane sine ytra redaksjonen til stadighet ulike synspunkt på tematikken som tidsskriftet behandla og kvaliteten over artiklane som blei skrivne. Etter 25 år var det tydeleg at Hans Eidnes meinte at tradisjonsstoffet hadde tatt litt overhand, likevel la han vekt på tydinga av dette for nordnorsk kultur og historie.

«Men det hastar å berge frå gløymse og grav den munnlege tradisjonen, den sermerkt nordnorske, som landsbolken vår med sitt serlag i natur og livshøve og med eit sterkt markert folkelynde skulle ha serlege vilkår for å skape.»⁷¹

⁶⁷ Eidnes, V. 2010

⁶⁸ Bertelsen, R. (personleg kommunikasjon, 12.03.2019)

⁶⁹ Eidnes, H. 1959a: 329-330

⁷⁰ Eidnes, H. 1959a;Eidnes, A. 1969a: 471

⁷¹ Eidnes, H. 1944: 601

Samstundes blei det understreka at tidsskriftet ikkje hadde makta å halde den høge faglege standarden som var ønskt ved oppstarten. Innanfor lokal og regional historieskriving på byrjinga av 1900-talet var det stort sett lekfolk som bidrog med smått og stort, og dette prega også dei første åra til *Håløygminne* (sjå kap. 2.4.). I samband med tidsskriftet sitt 25årsjubileum var det likevel berre dei store forfattarnamna som blei framheva – Halvdan Koht, Just Qvigstad, Olaus Nicolaissen, Gutorm Gjessing m.fl.

Det er påfallande at denne innstillinga til kvalitet i tidsskriftet endra seg betrakteleg med åra – frå ei unnskyldning frå Hans Eidnes si side kva angjekk dette blei det under Asbjørn Eidnes sitt leiarskap ytra eit forsvar for at desse «amatørhistorikarane» hadde fått plass i tidsskriftet. Han understreka at intensjonen med *Håløygminne* mellom anna var at folk flest skulle komme til orde med det dei hadde av historisk eller kulturelt stoff frå Nord-Noreg – anten det var vitskapleg grunna eller hadde sitt utgangspunkt i munnleg tradisjon, og «derfor skal ein ikkje berre kritisere det av «lekmannsstoff» som skriftstyraren måtte ta inn for å halde skriftet i live». ⁷²

2.2.3 Redaksjonen og prenteverket

Frå 1920 og fram til 1981 nytta *Håløygminne* Svorkmo Prenteverk i Trøndelag. Redaksjonen fekk ein særskilt god avtale med dette firmaet. Gjennom dei vel 60 åra Svorkmo Prenteverk leverte for *Håløygminne* hadde etter alt å dømme forholdet mellom firmaet og redaksjonen vore bra – prenteverket hadde stort sett levert innan fastsette fristar, sjølv om det tidvis var nokre problem. I tilfelle betydelege forseinkingar, påtok firmaet seg skulda og publiserte offentlege unnskyldningar i tidsskriftet. ⁷³

Val av prenteverket hadde likevel ein bismak – eit tidsskrift for og om Nord-Noreg skulle venteleg nytte eit nordnorsk prenteverk. Dette blir understreka gjennom tittelen på artikkelen som omhandlar skifte av prenteverk til Aas & Søns Boktrykkeri A/S i Harstad: «Håløygminne flyttar «heim». ⁷⁴

2.3 Forfattarane

Gjennom 100 år har mellom 400-500 menneske bidratt inn i tidsskriftet med lokalhistorie, folkeminne og forteljingar. I forskingssamanheng er det interessant å undersøke korleis

⁷² Eidnes, A. 1969a: 470

⁷³ Eidnes, A. 1969c

⁷⁴ Eidnes, A. 1981

forfattarane er fordelte i forhold til grad av profesjonalitet, yrkestilhøyrsløse og politisk ståstad. I den første delen av dette arbeidet har eg nytta Tretvik sin definisjon av ein profesjonell lokalhistorikar – det er ein person med «hovudfag i historie eller tilgrensande fag».⁷⁵ Hovudfag i historie svarar i dag til ei femårig utdanning med ei avsluttande mastergradsoppgåve, tidlegare embetseksamen av høgare grad, type cand.philol. Nemninga «tilgrensande fag» er i dette høvet noko uklart, og må presiserast nærmare.

Historiefaget fell inn under nemninga humaniora i det norske universitetssystemet. Denne faggreina omfattar i tillegg språk- og litteraturfag, religionsvitskap, filosofi og ulike spesialretningar innanfor historiedisiplinen (kunsthistorie, idéhistorie, religionshistorie etc.). Andre faggreiner, til dømes samfunnsvitskapane og jus har i tillegg emne som er prega av humanvitskaplege element. Dette gjeld til dømes sosialantropologi, sosiologi og rettsvitskap. Det er diskutert kor vidt ein kan anse ein sosialantropolog eller ein språkforskar som kompetent i vurderinga av historiefaglege spørsmål. Ein generell tendens i *Håløygminne* var likevel at akademikarane i stor grad berre uttalte seg i spørsmål som omhandla eigne emne. Vidare må ein kunne anta at akademikarar med høge gradar innanfor humanvitskaplege fag var såpass skolerte i vitskaplege metodar at dei evna å vurdere innhald i forskingsmateriale og utarbeide tekstar basert på dette på ein kritisk og kompetent måte. Personar med profesjonsutdanningar, mellom anna innanfor teologi og jus, vil ikkje bli inkluderte i den profesjonelle delen av forfattarkorpset, fordi utdanninga deira blir rekna som meir praktisk enn forskingsvitskapleg anlagt.

Arbeidet med forfattarane har vore noko problematisk, mellom anna fordi ein del av forfattarane er ukjente, det vil seie at det ikkje har vore mogleg å oppdrive informasjon om fagleg bakgrunn, yrkestilhøyrsløse o.l. Tala som blir presenterte i oppgåva må ein difor ta med nokre forbehold. Jo lenger fram i tida ein kjem, jo meir kjennskap får ein likevel til forfattarane, mellom anna fordi Asbjørn Eidnes inkluderte forfattarpresentasjonar i tidsskriftet. Materialet viser dessutan tydelege tendensar på korleis forfattarkorpset fordelte seg i forhold til forskingsstatus og yrke innanfor dei ulike periodane, og talet på ukjente forfattarar har truleg ikkje hatt ein nemneverdig innverknad på desse tendensane.

⁷⁵ Tretvik, A.M. 2004: 77

2.3.1 Forfattarkorpset – fagleg bakgrunn og yrkestilhøyrse

I oppstartsfasen var det tydeleg at dei fleste skribentane i *Håløygminne* hadde ein viss relasjon til redaktøren sjølv - dei hadde vanka i dei same miljøa, det vere seg på Tromsø lærarskole eller i og rundt folkehøgskolen på Trondenes. Blant dei største pådrivarane for og bidragsytarane til tidsskriftet var Halvdan Koht (1873-1965) og Just Qvigstad (1853-1957).

Både Koht og Qvigstad var høgt akta skikkelsar på eit nasjonalt nivå. Koht var professor i historie ved Universitetet i Oslo, og revolusjonerte metodikken i norsk historieforskning på mellomalderhistorie. Koht hadde òg ein tydeleg politisk profil – han sat som utanriksminister for Arbeiderpartiet frå 1935-1940, og var ein aktiv forkjempar for målsaken.⁷⁶ Han var også direkte involvert i sjølve oppstarten av Hålogaland historielag og *Håløygminne* (sjå kap. 3.1.).

Just Qvigstad var ein av dei fremste forskarane på samisk kultur og historie på slutten av 1800-talet/byrjinga av 1900-talet. Han var rektor ved Tromsø lærarskole frå 1883-1920, og var såleis ein viktig inspirasjonskjelde for Hans Eidnes og for mange andre studentar. Han gjorde eit omfattande arbeid innanfor nordnorsk, samisk og kvensk kulturell forskning.⁷⁷ «I virkeligheten er J. Qvigstads innsats i vårt vitenskapelige og kulturelle liv så stor at det er vanskelig å gi en fyllestgjørende oversikt over den».⁷⁸

Både Koht og Qvigstad må kunne seiast å vere åndshøvdingar i samband med nordnorsk regionalisme generelt, og i samband med etableringa av *Håløygminne* spesielt – dei var dei viktige drivkreftene, som saman med redaktør Hans Eidnes, heldt ved like eit i utgangspunktet tungrodd prosjekt. I samband med 100årsdagen sin blei Qvigstad mellom anna omtalt som «en åndens arbeider», og Asbjørn Eidnes skreiv i artikkelen for *Håløygminne* sitt 50årsjubileum: «Ikkje minst var det til stor hjelp i dei første vanskelege åra at prof. Halvdan Koht og rektor J. Qvigstad var trugne medarbeidarar».⁷⁹

Ein del andre intellektuelle engasjerte seg i neste omgang i prosjektet, og i den første fasen av *Håløygminne* si verketid var om lag 63 % av artiklane skrivne av lekmenn, primært representantar for lærarstanden (sjå figur 6). Dei samla inn ulike typar folkeminne og diskuterte stadnamn. Når personar først engasjerte seg i tidsskriftet, kunne det verke som om

⁷⁶ Dahl, O. 1990: 231-232

⁷⁷ Niemi, E. 2013; Zachariassen, K. 2012: 111-114

⁷⁸ Nesheim, A. 1953: 3; Sjå også Rydningen, J. 1953 & Eidnes, H. 1953

⁷⁹ Eidnes, A. 1969a: 473

dei gjekk inn med alt dei hadde – det var sjeldan færre enn to publikasjonar per forfattar. Særleg aktiv var lærarinne Anna Haug, lærar Jørgen Karlsen, bygdehistorikar Jens Solvang, fiskar og sjølvlært arkeolog Edvard J. Havnø og bonde og folkeminnesamlar Edvard Ruud jr. Trass i mangelen på akademisk utdanning, var dei alle akta folk i dei lokalsamfunna dei representerte. Mellom anna involverte mange seg i utforminga av bygdebøker og/eller hadde tillitsverv av ulike slag innanfor kommune, fylke og/eller stat.

Med ujamne mellomrom kom det også inn bidrag av høg vitenskapleg kvalitet, men i alt gjorde dette berre 16 % av alle publikasjonane i den første fasen (sjå figur 6). Mellom anna bidrog folkeminnegranskarane Reidar Thoralf Christiansen og Knut Liestøl, arkeologane Olaus Nicolaisen og Gutorm Gjessing og historikar Axel Coldevin. Ein del av artiklane publiserte av desse akademiske gründerane fekk stort vitenskapleg gjennomslag i samtida. Coldevin sin artikkel «Befolkningsforhold i Nordland 1500-1800» publisert i *Håloygminne* over to hefte i 1925-1926, blei til dømes utslagsgivande for vidare demografisk forskning i regionen.⁸⁰

Det store engasjementet frå lekmenn vedvarte inn i den neste fasen til tidsskriftet, og prosentmessig stod dei for 60 % av artiklane (sjå figur 6). Lærarane som yrkesgruppe dominerte også i denne fasen lekmanngruppa i forfattarkorpset. Dette hang uløysleg saman med at redaktørane engasjerte seg i og bidrog inn i tidsskriftet i særleg stor grad – isolert sett stod dei for over 50 % av publikasjonane innanfor lekmanngruppa i denne perioden.


Etter at universitetet i Tromsø blei oppretta i 1972, blei tidsskriftet i større grad prega av publikasjonar av utdanna historikarar, her finn ein mellom anna namn som Håvard Dahl Bratrein, Rune Blix Hagen, Einar Niemi m.fl. I denne perioden steig difor delen vitenskaplege artiklar til om lag 27 % (sjå figur 6).

Publiseringsiveren dabbra etter kvart av – forfattarkorpset blei redusert betrakteleg, og i dag er det berre nokre få namn som dominerer og held liv i tidsskriftet. Blant lekmenne var dette i byrjinga av denne perioden Asbjørn og Vidkunn Eidnes, men ein finn også nokre enkeltståande artiklar skrivne av folk utanfor redaksjonen. Brorparten av skribentane var likevel medlemmer av den profesjonelle delen av forfattarkorpset - Finn Myrvang (f. 1937), Håvard Dahl Bratrein (f. 1937) og Reidar Bertelsen (f. 1946) (sjå figur 6).

⁸⁰ Niemi, E. 2014: 64

Kombinasjonen av lekfolk og akademikarar som leverandørar av artiklar til *Håloygminne*, var eit tydeleg døme på den samrøringa mellom vitskap og amatørverksemd som gjorde og framleis gjer seg gjeldande innanfor lokal og regional historieskriving (jf. kap. 1.6.4.). «Alt fra starten av synes således den organiserte nord-norske lokalhistorie å ha blitt oppfattet både som vitenskap og som kulturaktivitet – og kanskje også til dels som kulturpolitisk redskap.».

81



Figur 6: Forskningsstatusen til forfattarkorpset

2.3.2 Forfattarane sin politiske ståstad

I den grad det finst informasjon om dei ulike forfattarane si politiske tilhøyrse og/eller organisasjonsliv, er det tydeleg at ein stor del av skribentane var orienterte mot venstrefløya, utan at dette kan seiast å vere ein ufråvikeleg regel. I oppstartsfasen blei det likevel uttrykt ein viss skepsis mot ein forholdsvis ein-sidig politisk representasjon i historielaget og tidsskriftet. I 1920 antyda til dømes redaksjonen i avisa *Nordlandsposten* i Bodø at eit historielag for Hålogaland var gjort til «særøppgave for en klik maalmænd», sidan sluttar også *Harstad Tidende* seg til utsegna frå *Nordlandsposten*: «Da oppropet syntes at tyde sterkt paa at laget

⁸¹ Niemi, E. 2014: 65

ved siden av sin nærmeste oppgave, videre skulde være et ledd i landsmaalsbevægelsen (...).

82

Hans Eidnes, og seinare også Asbjørn Eidnes, hadde eit tilsvar til denne kritikken. Hans Eidnes understreka at innbydinga til skipinga blei sendt ut til ei rekke aviser med ulike politiske ståstadar og i ulike delar av landsdelen, men at oppropet berre blei publisert i eit avgrensa utval av desse. Han påpeika vidare at det ikkje var satt nokon parti-politisk agenda for historielaget og tidsskriftet, men at «maalmann som riksmålsmann, høgremann som venstremann og socialist – dei staar alle ved sida av kvarandre».⁸³ Eit nærliggande døme på denne spreinga kan ein finne allereie blant åndshøvdingane for tidsskriftet – Hans Eidnes var Venstremann, Halvdan Koht Arbeidarpartimann og Just Qvigstad Høgremann, Hans Eidnes og Koht var ihuga forkjemparar for målsaken, Qvigstad var riksmålstilhengar.⁸⁴ Såleis var historielaget og tidsskriftet å oppfatte som ei samling rundt ei felles interesse for Nord-Noreg, på tvers av politiske parti.

2.4 Tidsskriftet sitt nedslagsfelt

Det er interessant å sjå nærmare på lesarskaren til *Håløygminne* – når ein skal søke å finne ut av oppslutninga til eit prosjekt, er det hensiktsmessig å vite kor mange og eventuelt kven som engasjerer seg. Det har likevel vist seg vanskeleg, fordi abonnementsregistera ikkje er bevarte frå oppstarten til i dag. Noko informasjon får ein likevel frå fleire jubileumsskrift, redaksjonen sine kommentarar undervegs og artiklar for øvrig.

Då historielaget og tidsskriftet blei etablert i 1920, førte Hans Eidnes opp ei liste med alle medlemmene i Hålogaland Historielag. I alt var det på dette tidspunktet rekruttert 150 årlege medlemmer og fem livslange medlemmer. Lesarkretsen var, i likskap med forfattarstaben, i stor grad dominert av lærarar – av dei 150 medlemmene i 1920 utgjorde i overkant av 25 % folk innanfor skoleverket. Det er også påfallande at ein i stor grad finn dei same namna i forfattarregistera som i lesarregistera i den første perioden. Basert på kommentarar i avisar frå denne perioden kan det likevel verke som om initiativet blei rekna som positivt av folk flest – folk ytra seg om at det var viktig å etablere eit historielag for Nord-Noreg.⁸⁵

⁸² Diverse avisartiklar frå 1920, Eidnes-familien sitt private arkiv

⁸³ Diverse avisartiklar frå 1920, Eidnes-familien sitt private arkiv

⁸⁴ Dahl, O. 1990; Zachariassen, K. 2012: 112-113; Niemi, E. 2013

⁸⁵ Diverse avisartiklar, Eidnes-familien sitt private arkiv

Etter 1920 finst det ikkje å få tak i abonnementslister, men gjennom dei årlege utdraga frå rekneskapa får ein likevel eit innblikk i tingartala. *Håløygminne* nådde sitt høgdepunkt i den andre fasen (1962-2000) på 1970-talet. I 1976 kunne dei avertere med om lag 900 tingarar og på byrjinga av 1980-talet kunne det sjå ut som om talet på lesarar hadde stabilisert seg på rundt 1000.⁸⁶ Herifrå gjekk smått nedover med tingartala – med eit gradvis fråfall av gamle tingarar og liten tilvekst av nye, minska lesarkretsen til *Håløygminne* betrakteleg. I 1993 var tala reduserte til 700, og ved inngangen til 2000-talet var det berre om lag 600 som abonnerte på tidsskriftet. Tidvis freista redaksjonen å komme med spesialtilbod til dei som verva nye tingarar, men kampanjane såg ikkje ut til å få ei nemneverdig oppslutning⁸⁷ Gjennom den siste fasen (2000-2019) skjedde det heller inga auking i tingartala, tvert imot dala dei ytterligare til under 500, og i 2017 var det registrert 375 tingarar.⁸⁸ Den låge oppslutninga om *Håløygminne* spegla seg også i økonomien, og framtida til tidsskriftet er såleis avhengig av ei auking i tingartala.

«Drifta viser underskott (...). Det er tingarane som sikrar framtida for skriftet, og dei skulle vi gjerne hatt fleire av. Kan du skaffe ein eller fleire nye tingarar? Det vil hjelpe stort!»⁸⁹

Ein del forfattarar uttalte seg om tidsskriftet, og om kva tidsskriftet tydde for dei. Just Qvigstad skreiv i eit brev til Hans Eidnes i 1946 at han beundra innsatsen som inntil då var lagt ned i *Håløygminne*⁹⁰ og i ein artikkel frå 1952 i det lokalhistoriske tidsskriftet *Heimen* skreiv lektor Nils A. Ytreberg at «(...) Eidnes klarte å holde liv i ungen [*Håløygminne*] gjennom de magre, slitsomme 1920-årene. Ingen her sørpå aner for et ork det var å stelle med noeslags kulturarbeid i Nord-Norge den gangen»⁹¹. Vidare understreka han særleg verdien av innsamlinga av det munnlege tradisjonsstoffet i tidsskriftet.⁹² Dei same forholda la også Svein H. Sørensen vekt på over 40 år seinare, der han fortalde korleis tidsskriftet bidrog til å

⁸⁶ Eidnes, V. 1977; Eidnes, V. 1983; Eidnes, V. 1984

⁸⁷ Eidnes, V. 1985; Eidnes, V. 1994; Eidnes, V. 2000

⁸⁸ Eidnes, V. 2005; Eidnes, V. 2018

⁸⁹ Eidnes, V. 2007

⁹⁰ Brev frå Just Qvigstad til Hans Eidnes, Eidnes-familien sitt private arkiv

⁹¹ Ytreberg, N.A. 1952: 67

⁹² Ytreberg, N.A. 1952: 67; Eidnes, A. 1969a

bygge opp om ein stoltheit over den nordnorske identiteten hans i ungdommen og hadde stor tyding for utdannings- og yrkesvala hans i vaksen alder.⁹³

2.5 Oppsummering

I utgreiinga over har eg vist kva som var dei sentrale temaa i *Håløygminne*, både i perioden som heilskap og gjennom ulike fasar. Det tematiske tyngdepunktet i tidsskriftet har heile tida vore stadnamn, folkeminne i form av segn, ordtak, viser etc. og artiklar knytt til kyrkjelege og administrative forhold og til fiskerinæringa. Den største endringa i den samordnande bibliografien er produksjonen av temahefte frå midten av 1960-talet og fram til 2000-talet, der redaksjonen hadde høve til å legge sterke føringar på innhaldet i tidsskriftet basert på kva for tematikkar som opptok dei.

Tidsskriftet har vore eit familieføretak, men redaksjonen har heile tida hatt ein krets bidragsytarar rundt seg, beståande både av fagfolk og lekfolk. Gjennom åra blei det eit stadig større innslag av profesjonelle historieskrivarar, noko som auka den faglege kvaliteten på og styrka det tematiske fokuset i artiklane i tidsskriftet. Mellom anna blei historiografiske artiklar hyppigare etter kvart som forfattarkorpset blei meir profesjonalisert. Som eit resultat av ein reduksjon av forfattarkorpset og temautvala, har stofftilfanget i tidsskriftet blitt meir avgrensa. Konsekvensen av denne utviklinga blei ein stadig minkande lesarskare – frå eit høgdepunkt på 1970- og 1980-talet med rundt 1000 tingarar til 375 i 2017. Eventuelle tiltak for å snu denne trenden blir drøfta i kapittel 6.0.

Ein del av forfattarane var engasjerte på venstresida i politikken, sjølv om tidsskriftet ikkje hadde ei eksplisitt parti-politisk tilknytning. Drøftinga omkring redaksjonen sin innverknad på tidsskriftet og forfattarkorpset sin eventuelle politiske agenda, kjem i samband med ei innhaldsmessig analyse basert på eit utval artiklar i kap. 3.0.,4.0 og 5.0.

⁹³ Sørensen, S.H. 1994

3 1920-1962: Prosjektet «Nordnorsk kulturreising»

På byrjinga av 1900-tallet blomstra den lokalhistoriske interessa i Noreg - allereie på slutten av 1800-talet blei fleire lokale historielag etablert, og tett over årtusenskiftet engasjerte fagmiljøet seg i opplæringsverksemd for lekmenn.⁹⁴ Som ein manifestasjon av denne utviklinga blei Landslaget for Lokalhistorie etablert i 1920 som ein paraplyorganisasjon for historielag og lokalhistorisk verksemd landet over.⁹⁵ Frå 1922 etablerte Landslaget for Lokalhistorie det lokal- og regionalhistoriske tidsskriftet *Heimen*, med heile Noreg som fokusområde. For Nord-Noreg spesielt var det primært etableringa av Hålogaland Historielag og *Håløygminne* i 1920 som gav startskotet for denne rørsla.⁹⁶

Håløygminne var under leiarskap av Hans Eidnes frå 1920-1962. I oppstartsfasen blei det publisert programartiklar som gav ei viss retning for arbeidet, vidare gjekk arbeidet med tidsskriftet føre seg i tråd med desse retningslinjene gjennom heile perioden.

3.1 Formulering av eit program

Den nordnorske mobiliseringa var allereie eit faktum då *Håløygminne* blei etablert i 1920.⁹⁷ Hans Eidnes sjølv var engasjert i denne rørsla, og gjennom lærarstillinga si ved Trondarnes Folkehøgskole makta han å spreie budskapet sin til den oppveksande generasjonen.⁹⁸ Som eit ledd i den nordnorske kulturreisinga freista enkelte miljø å etablere eit eige historielag for regionen, her var mellom anna Halvdan Koht og Hans Eidnes initiativtakarar.

«Det første eg gjorde på nyårsmorgonen 1920, det var at eg sette meg til og skreiv eit brev til Hans Eidnes om å få i stand eit historielag for Hålogaland slik som det fans mange andre stader i Noreg. (...) Vi møttes i sansen for historie, i brennhugen for den nynorske målreisinga og i byrgskapen over å vere hålogalendingar. Eg skreiv at vi måtte få eit historisk tidsskrift for Hålogaland, og eg trur såmenn at eg med det same gav han namnet på det, - Håløygminne».⁹⁹

⁹⁴ Tretvik, A.M. 2004

⁹⁵ Heldal, M. 2019

⁹⁶ Niemi, E. 2014: 63-64

⁹⁷ Niemi, E. 2002: 53-54; Tjelmeland, H. 2000: 2-6; Zachariassen, K. 2008: 124-127

⁹⁸ Hans Eidnes sine manuskript for førelesingar ved Trondarnes Folkehøgskole, Eidnes-familien sitt private arkiv

⁹⁹ Eidnes, A. 1969a: 469; Brev frå Halvdan Koht til Asbjørn Eidnes, Eidnes-familien sitt private arkiv

Dette skreiv Halvdan Koht om skipinga av historielaget og tidsskriftet i samband med Hans Eidnes sin bortgang i 1962. Kort tid etter korrespondansen mellom Hans Eidnes og Koht i 1920 sette Eidnes i gong med arbeidet, og allereie i mai same år sende Eidnes ut ei innbyding til skiping av eit historielag for Nord-Noreg.

Narve Fulsås si forskning viser at den nordnorske befolkninga på byrjinga av 1900-talet hadde adoptert eit sjølvbilete prega av skam over eigen kultur og identitet etter fleire års akseptert nedvurdering av Nord-Noreg og nordlendingen.¹⁰⁰ I relativt krasse formuleringar tok Hans Eidnes og medarbeidarane hans eit oppgjær med dette synet, og understreka viktigheita av å bevare nordnorsk historie og kultur – det var eit arbeid som inntil då hadde blitt forsømt, og skikkar og munnleg tradisjon var no i ferd med å gå tapt. Eidnes antyda at mangel på kunnskap om eiga historie hadde ført til at nordlendingane hadde hatt avgrensa moglegheiter til å hevde rettigheitar, mellom anna fordi dei i liten grad hadde vore stolt av eigen kulturarv – «Men no som nordlendingen er i vakning, og set sine krav til landsstyringa, no søme det seg for han aa syne at han sjølv har sans for alt sitt».¹⁰¹ Med seg på laget hadde Eidnes alt rekruttert 48 mann med ulik fagleg bakgrunn og frå ulike delar av regionen.

Skipingsmøtet blei gjennomført 7.mai same år, her blei namnet på historielaget vedtatt saman med eit sett lovar som gav retning for arbeidet laget skulle utføre. Dette innebar mellom anna å gjere arkivmateriale tilgjengeleg, få vitenskapleg hjelp til å forske på nordnorsk historie, samle inn munnleg og skriftleg materiale av tyding for nordnorsk historie, verne kulturminne og gi ut eit skrift. I tillegg blei det vedtatt nokre reglar for drifta av historielaget og/eller tidsskriftet, mellom anna kva gjaldt styre og inntekt.¹⁰²

Namna Hålogaland Historielag og *Håløygminne* hadde sitt utgangspunkt i ein definisjonskamp i regionalismørsla som gjekk føre seg på byrjinga av 1900-talet. Omgrepet Nord-Noreg blei lansert rundt 1880-talet og var det beste alternativet for moderniseringsfløya av regionalismørsla, medan omgrepet Hålogaland vann oppslutning blant dei historisk orienterte medlemmene av rørsla.¹⁰³ Hålogaland var den tradisjonelle nemninga på det

¹⁰⁰ Fulsås, N. 1999: 94-95

¹⁰¹ Innbyding til skiping av eit historielag for Hålogaland, Eidnes-familien sitt private arkiv

¹⁰² Eidnes, H. 1920a

¹⁰³ Niemi, E. 2001: 61-62; Zachariassen, K. 2008: 114

geografiske området frå Helgeland i sør til Troms i nord, og hadde sin bakgrunn i h  l  ygh  vdingen Ottar si beretning fr   slutten av 800-talet.

Sj  lv om omgrepet Nord-Noreg fekk stadig meir fotfeste som namn p   regionen, valte det nyoppstarta historielaget p   1920-talet nemninga H  logaland; tidsskriftet sitt namn *H  l  ygminne* var ein referanse til «h  l  ygen» som hadde bustad innanfor regionen H  logaland. Eit problem med nemninga var likevel at ho i prinsippet ekskluderte Finnmark, som utgjorde ein stor del av det d  verande nordnorske området. Under skipingsm  tet for historielaget blei det difor vedtatt at nemninga – i tr  d med regionen for   vrig – m  tte moderniserast, og at ho d   naturleg ville innebefatte ogs   tidlegare ekskluderte omr  de.¹⁰⁴

3.2 Folkeminne og tradisjonsstoff

I dei f  rste   ra var folkeminne og tradisjonsstoff dominerande i *H  l  ygminne*; dette inkluderte mellom anna segner og forteljingar, ordtak og munnhell, skikkar og tradisjonar, stadnamn og dialektuttrykk rundt om i det nordnorske omr  det.

3.2.1 Stadnamngransking – eit historiefagleg bidrag eller lekmannsstoff?

Gjennom heile si tid i redakt  rstolen var stadnamn viktig for Hans Eidnes, synleggjort gjennom det omfangsrike materialet dette utgjorde i *H  l  ygminne* (sj   figur 2). I ei tid der arkivmateriale fr   Nord-Noreg var vanskeleg tilgjengeleg i Trondheim og Oslo, m  tte bygdehistorikaren og den lokalhistoriske forskinga basere seg p   den uskrivne historia, og Eidnes hevda at «dei mest varige fortidsminna [i s   m  te] er namna, stadnamna v  re».¹⁰⁵

Bidraga var mange, og refleksjonane hadde ofte sitt grunnlag i sagamateriale, diplommateriale og/eller gardsnamngranskinga til Oluf Rygh (1833-1899). Artiklar som omhandla stadnamn blei verdsette av lesarane og vekte mellom anna interessa til Svein H. S  rensen og Nils A. Ytreberg (jf. kap. 2.4.). Stadnamnforskinga bar likevel i noko grad preg av synsing, til dels utan historisk belegg, til dels gjennom s  kte slutningar med basis i historisk materiale.¹⁰⁶ I ein kommentar om tidsskriftet i *Heimen* blei det mellom anna understreka at stadnamnforskinga m  tte bli betre,¹⁰⁷ og i eit brev fr   Halvdan Koht blei dette

¹⁰⁴ Eidnes, H. 1920a

¹⁰⁵ Eidnes, H. 1949: 102

¹⁰⁶ Sj   mellom anna diskusjonen rundt namnet «Alost» i Bertheussen, C. 1935; Haug, A. 1938; Forfang, K. 1935; Karlsen, J. 1939

¹⁰⁷ Ytreberg, N.A. 1952: 67

enno tydelegare – «Lærde folk sa at han mange gonger var ukritisk med dei artiklane av andre som han gav rom til. Og det kunne vere noko i det; for han hadde ikkje den filologiske solen som kunne vere bidra til å skilje ugress fra kveite, særlig når det gjald namnetolking.»¹⁰⁸

Det namnematerialet som skilde seg frå synsinga til lekmenn i *Håløygminne*, var den innsamlinga Hans Eidnes gjorde av lokale nemningar nytta på folkemunne. Informantane hans var elevane på Trondenes folkehøgskole som alle bidrog med eigne namnevariantar frå heimeområda sine. Dette materialet blei ikkje gjenstand for fagleg diskusjon, berre synleggjort gjennom prent, moglegvis til bruk for andre forskarar – «Dette namneverket har si rike historie, om det blir tatt vare på».¹⁰⁹

3.2.2 Nordnorske folkeminne - eit uttrykk for den nordnorske eigenarten?

Allereie på midten av 1800-talet byrja Asbjørnsen og Moe å samle inn kulturelt råmateriale i form av eventyr og segner som ein del av det norske nasjonale prosjektet. Dette nasjonale kulturgodset var primært knytt til Telemark – «det norskaste av dei norske», og innlandsbonden blei gjort til eit nasjonalt symbol. Den nordnorske fiskarbonden og den samiske befolkninga i den nordnorske regionen passa ikkje inn i dette biletet, og Nord-Noreg var følgeleg underrepresentert i det innsamla materialet.¹¹⁰ Av denne grunnen blei det ei viktig oppgåve å synleggjere at også Nord-Noreg hadde ein folkediktingstradisjon som kunne måle seg med resten av landet.

Samstundes var det klart at nordnorsk historie i stor grad var å oppfatte som uoppdaga terreng på byrjinga av 1900-talet, og det var vanskeleg og ikkje minst tidkrevande å ta laus på dei mange forskingsoppgåvene som venta. Folkeminna var lettare tilgjengeleg i så måte, og var heller ikkje reinska for historisk relevante opplysingar: «Segner, knytte til namn og stader i bygda, har utan tvil si historie, og bør takast vare på. Skriv ho ned, og du har dermed samla stoff til bygdesoga.»¹¹¹

Det var ofte ein sterk skyldskap mellom segnene, uavhengig av geografisk opphav. I *Håløygminne* var det likevel ein del materiale som skildra det nordnorske miljøet så

¹⁰⁸ Brev frå Halvdan Koht til Asbjørn Eidnes, Eidnes-familien sitt private arkiv

¹⁰⁹ Eidnes, H. 1959b: 357; Sjø t.d. også Eidnes, H. 1960a, Eidnes, H. 1960d, Eidnes, H. 1960b, Eidnes, H. 1960c, Eidnes, H. 1961a, Eidnes, H. 1961b, Eidnes, H. 1961c

¹¹⁰ Fulsås, N. 1999: 94-95

¹¹¹ Eidnes, H. 1949: 105

inngåande at det vanskeleg kunne plasserast andre stadar. Dette gjaldt mellom anna segner knytt til spesifikke stadnamn i Nord-Noreg. Elles hadde huldresegner, segner som tok føre seg forholdet mellom etniske nordmenn og samar og segner som omhandla livet på havet, med dei vesen og farar som lurte der, ein særleg framskoten plass i tidsskriftet. Draugen, marmelen og daudingar på havet prega til dømes historiene frå det nordnorske fiskeriet.¹¹²

Fiskartradisjonen blei vidare framheva og ivaretatt gjennom ei rekke artiklar om utstyr på og drift av nordlandsbåten, om jektefart, om tru og overtru i samband fiske, gode fiskeplassar og sesongfiske.¹¹³ Hans Eidnes skreiv mellom anna ein særskild omfattande artikkel om lofotfisket, inkludert alle førebuingar til fisket, livet på havet og i bua og samarbeidet mellom nordlendingane og bergensarane. Arbeidet i tilknytning til lofotfisket blei framstilt som altopplukande – det gjennomsyra heile livssituasjonen til befolkninga både i og utanfor Lofoten, kvinne som mann, barn som vaksen.¹¹⁴

På byrjinga av 1900-talet og fram til midten av 1960-talet dominerte ei nokså essensialistisk oppfatning av «det nordnorske» i og utanfor regionen. Samtidslitteraturen, her representert ved Eivind Berggrav si bok *Spennings land*, la utelukkande vekt på næringstilpassingar i Nord-Noreg i definisjonen av den nordnorske eigenarten, og desse var avgrensa til fiske (lofotfiske og/eller heimefiske), fiske i kombinasjon med jordbruk og reindrift.¹¹⁵ Sjølv om redaksjonen ikkje eksplisitt stilte saman desse næringstilpassingane og nordnorsk eigenart, var det klart at den sterke vektlegginga av nettopp desse kulturuttrykka fortalde mykje om tidsskriftet sitt syn på kva som var typisk nordnorsk. Ein plass uttalte til dømes Hans Eidnes:

«Men kvar ny ætt tok opp striden mot eit mektig hav, for havet var nok stundom ein kyrkjegard og ein fiend, men det var og ei rik matbu. Og livet med sine krav vann over otte og mothug, og før guten varast, var han ein vågsam og framtøk fiskar på det same hav der faren seig. (...) [Det er] ein samanheng, ein djup intim samanheng mellom kystfolket og det hav det har lit næraste granne.»¹¹⁶

¹¹² Eidnes, H. 1939; Eidnes, A. 1980a

¹¹³ Sjø mellom anna Ruud, E.J. 1941, Straume, R. 1955 & Blix, D. 1960

¹¹⁴ Eidnes, H. 1937

¹¹⁵ Fulsås, N. 1997

¹¹⁶ Eidnes, H. 1949: 104

Fiskarbonden hadde lenge vore merkevaren til Nord-Noreg, og i *Håloygminne* var det viktig å framheve dei positive sidene ved han, for å avvise dei nedlatande haldningane som utanverda hadde. I den samanhengen blei språket trekt spesielt fram – det nordnorske målet spegla eit såkalla fiskarlynne, som utvida oppfatninga av fiskarbonden til ein mann med fleire eigenskapar enn det å vere «grov og vyrdlaus». Språktrekka som det blei vist til var i dette tilfellet skjemt og ironi.

«Ingen er so livfulle som fiskaren, ingen so kåte og «med på alt». Folk som ikkje kjenner fiskar-lynnen, vil segja han er «mannen for dagen» (...) Men desse folka ser berre overflata. Dei ser ikkje det store i å kunne taka ein lang og sår strid med livsmot og skjemt. Under overflata ligg det medvetent eller helst umedvetent eit «galgenhumør».¹¹⁷

Språket som sådan var generelt eit seintral tema i *Håloygminne* – i god romantisk ånd.¹¹⁸ Hans Eidnes påstod at språk og ordtak var meir verdifullt enn folkedikting fordi det i større grad blei overført mellom generasjonane. Såleis kunne ord og vendingar som blei nytta i det nordnorske målføret ha sitt utgangspunkt årelange tradisjonar.¹¹⁹ I *Håloygminne* blei det likevel påpeika at Nord-Noreg hadde vore særleg oversett med omsyn til språkforskning. Når det gjaldt språkutvikling, mellom anna i samband med utforminga av det nynorske skriftspråket på 1800-talet, var det snaue 300 ord som blei samla frå det nordnorske målet. Ivar Aasen gjorde kort visitt i regionen, og konkluderte med at det her i liten grad var noko å finne av språkleg relevans.¹²⁰ I tidsskriftet *Mål og Minne*, som blei etablert på byrjinga av 1900-talet, blei det gjort innsamlingsarbeid av norske folkenamn, men også her var Nord-Noreg lukka ute frå selskapet.¹²¹

I dette sambandet gjorde redaksjonen og bidragsytarane i tidsskriftet ei storstilt innsamling av nordnorsk språk – det vere seg ordsamlingar, oversyn over ordtak, hermingar og munnhell eller oversyn over utnamn og folkenamn. Dei sistnemnte blei gjenstand for omfattande

¹¹⁷ Sørensen, L.N. 1941: 49

¹¹⁸ Iggers, G.G. & Wang, Q.E. 2008: 72

¹¹⁹ Eidnes, H. 1946

¹²⁰ Eidnes, H. 1934: 262

¹²¹ Eidnes, H. 1932: 341

ordskifte i tidsskriftet, og blei diskuterte og supplerte med ord og vendingar frå ulike sektorar innanfor heile det nordnorske området.

Einar-Arne Drivenes har stilt spørsmål ved kor utbreidd fiskarbondetilpassinga eigentleg var, og han kunne mellom anna vise til at nordnorske menn ofte veksle mellom fiske- og gardsarbeid og gruve- og anleggsarbeid. På same måte utvida altså også *Håløygminne* oppfatninga av den nordnorske eigenarten til å romme meir enn det tradisjonelle biletet av fiskarbonden, gjennom beskrivingar av til dømes handel- og industriverksemd i Nord-Noreg.

122

Framstillinga av nordnorsk eigenart, slik han kom til uttrykk i *Håløygminne*, skapte eit nytt bilete av nordlendingen. For det første nyanserte artikkelforfattarane den tradisjonelle oppfatninga av fiskarbonden ved å stille han i eit positivt lys, for det andre blei omgrepet nordnorsk omdefinert til å romme element også utanfor fiskerinæringa – nordlendingane var fiskarbønder, men også kjøpmenn og industriarbeidarar. Dei var dessutan tradisjonsbundne, og hadde eit omfattande folkediktingmateriale og eit rikt språk – på lik linje med resten av landet. Det er for øvrig verdt å merke seg at folkeminna i større grad blei presenterte, heller enn diskuterte og tolka i denne perioden. Materialet var difor ikkje av vitskapleg karakter som sådan, men fungerte som reiskap i ei bevisstgjerjing av og om nordnorsk kultur. Hos både Niemi, Tjelmeland og Zachariassen var det nettopp dette oppdraget som i stor grad prega første halvdel av 1900-talet (sjå kap. 3.5.).

3.3 Nord-Noreg sine historiske røter

I den første tida til *Håløygminne* var det viktig for bidragsytarane å presentere Nord-Noreg frå si beste side – å vise tilbake til ei stordomstid i vikingtida, der regionen hevda seg som sjølvstendig og motstandsdyktig i møte med påverknad utanfrå. Dette gav seg mellom anna utslag i ei dyrking av hålogalendingar i ulike historiske kontekstar. Samstundes var det avgjerande å vise at nordnorsk historie hørde til i den norske nasjonale historia – at Nord-Noreg ikkje berre hadde vore ein periferi utan noko innverknad på det økonomiske, kulturelle og/eller politiske livet i nasjonen for øvrig. ¹²³

¹²² Sjå mellom anna Eidnes, H. 1945; Einar-Arne Drivenes 1985, parafrasert i Røvik, K.A. 2011: 27

¹²³ Niemi, E. 2002

3.3.1 Heltar og heltedådar i Hålogaland

«I vikingtida stod Håløylandet høgt i age»¹²⁴ påstod Kjell Gilde i ein artikkel i 1939, og nettopp denne verdsettinga av folka og regionen gjekk igjen i *Håløygminne*.¹²⁵

Allereie i første nummer finn ein eit døme på dette i Olaus Nicolaissen sin presentasjon av «Håløygar i Svolderslaget», der han nemnte fire menn av håløygætt som hadde sentrale roller på Olav Tryggvasson sitt skip og under utkjempinga av slaget. To av dei – Lodve Lange og Hårek Kvasse blei drepne, medan dei andre to – Ogmund frå Sand og Trond Skjålg frivillig gjekk i dauden med heltekongen for ikkje å falle i fienden sine hender.¹²⁶ Lodve Lange blei seinare beskrive i ein annan artikkel, der evnene hans som krigfører blei særleg løfta fram.¹²⁷ Av andre rike og gjeve storfolk frå Nord-Noreg blei mellom anna Ottar av Hålogaland diskutert opp og ned i mente, og vesterålingane Torvald Skiljande og Ingjald frå Hallfred Vandrådeskald sin saga blei trekt spesielt fram. Det blei også ei rekke representantar for Bjarkøyætta og andre mektige høvdingar som Hårek på Tjøtta, Raud den Ramme frå Bodin og Tore Hjort frå Stor-Vågan.¹²⁸ Til og med Tore Hund, som var kjent for å ha drepe helgenkongen Olav den heilage i Slaget på Stiklestad, og som hos Per Sivle blei skildra som «grå» i motsetnad til den «bjarte helgenkongen», blei tatt i forsvar i *Håløygminne*. Han blei beskrive som ein rik, mektig og motstandsdyktig høvding, og handlingane hans skreiv seg meir eller mindre frå forventningane knytt til rolla hans. Og når han først hadde gjort den store ugjerninga, var han klok nok til å forlate landet, og blei påstått å vere den første til å spreie ord om heilag-kongen utanlands. Hans Eidnes skreiv ettermålet hans slik: «Stiklestad-dagen då bønder han samla. Men størst var han lell då han mot Jorsal hamla.»¹²⁹ I *Håløygminne* heitte det at den meir eller mindre svartmalte framstillinga av Tore Hund, og den beskjedne nemninga av andre nordnorske stormenn i Heimskringla i stor grad berodde på Snorre sitt perspektiv, og såleis gav eit feilaktig eller i alle fall einsidig bilete av befolkninga her nord.

«Aldri siden har Nord-Norge – relativt sett – vært bedre utbygd og forsvart. Det var derfor ingen flokk av tilfeldige fangstmenn, bønder og høvdingemner som Harald

¹²⁴ Gilde, K. 1939: 269

¹²⁵ Niemi, E. 2002: 187

¹²⁶ Nicolaissen, O. 1920

¹²⁷ Røger, M. 1945

¹²⁸ Haug, A. 1935a: 311-314; Engenæs-Lund, H. 1954: 195-197

¹²⁹ Eidnes, H. 1940: 442

Luva (Hårfagre), Olav Tryggveson og Olav Haraldsson møtte på Hålogaland. (...) I sin omtale av háløyghøvdingene var Snorre partisk. Det var Ynglingeætta og «rikshøvdingenes» bragder det gjaldt for ham å forherlige». ¹³⁰

3.3.2 Nordnorsk historie som ein del av den norske nasjonale historia

Allereie før etableringa av *Håløygminne* var det rørsler i Noreg og Nord-Noreg, mellom anna med Edvard Bull d.e. i spissen, som ønskte å framheve dei små og mellomstore forteljningane frå lokalsamfunn og bygder innanfor historieforskning, delvis på kostnad av ei stor og samlande nasjonal forteljing, delvis som ei utfylling av den nasjonale forteljinga. ¹³¹ I same ånd gjorde også *Håløygminne* ein storstilt jobb med å knyte saman Nord-Noreg med landet for øvrig. I 1959 skreiv mellom anna Hans Eidnes følgande: «Vi gjer ei stor kulturell gjerning når vi aukar historisk kjennskap til landet vårt. Den nordnorske historie er ein viktig part av landsens historie. Lat oss ikkje gløyme det». ¹³²

I 1929 og 1930 lanserte arkeolog Gutorm Gjessing ein teori om nordlendingane sitt samband med Vestlandet. Med bakgrunn i arkeologiske funn, primært frå eldre jernalder, argumenterte han for at det som i dag utgjer den nordnorske befolkninga opphavleg var innvandrarar frå Vestlandet. ¹³³ Seinare understreka han at funn i Steigen understøtta denne teorien ¹³⁴ Her etablerte altså Gjessing eit samband mellom nordlendingar og vestlendingar på eit særstidleg tidspunkt, og sjølv om teoriane hans i stor grad er tilbakevist i dag, var forkinga hans lenge toneangivande for oppfatninga av forholdet mellom etniske grupper i nord. ¹³⁵ Vidare sette Gjessing Nord-Noreg inn i ein større europeisk samanheng gjennom å vise til likskapstrekk mellom helleristingar i Nord-Noreg, Spania og Frankrike, og han påpeika at dei eldste helleristingane som inntil då var funne i Nord-Europa generelt, var funne i Nord-Noreg. ¹³⁶ Gjessing publiserte sidan liknande artiklar i tidsskriftet for norrøn arkeologi, *Viking*, med base i Oslo, og saman med Anders Nummedal si Finnmark, fekk dei som omtale at dei hadde «flytta norsk historie både nordover i landet vårt og attover i tida.» ¹³⁷ (jf. kap. 1.4.3.). Olaus

¹³⁰ Engenæs-Lund, H. 1954: 196

¹³¹ Tretvik, A.M. 2004: 10

¹³² Eidnes, H. 1959c

¹³³ Gjessing, G. 1929: 37-38; Gjessing, G. 1930

¹³⁴ Gjessing, G. 1937b

¹³⁵ Bertelsen, R. (personleg kommunikasjon, 29.01.19)

¹³⁶ Gjessing, G. 1937a

¹³⁷ Eidnes, H. 1938: 256

Nicolaissen påpeika også korleis omfangsrike arkeologiske vikingfunn frå nordnorske storgardarar batt landsdelen saman med landet for øvrig, til dømes viste han her til sølvfunna i Rønvik, som var nest størst i landet.¹³⁸

«(...) alt sammen minder om det folk, hvis liv og færd utgjør en del av vort fædrelands historie og vidner om deres deltagelse i datidens kulturelle liv».¹³⁹

Hans Eidnes knytte sentrale norske personlegdommar saman med Nord-Noreg då han påpeika at både erkebiskop Olav Engelbrektsson (1480-1538), grønlandsapostelen Hans Egede (1686-1758) og erkebiskop Aslak Bolt hadde sitt utgangspunkt på Trondenes, og han omtalte Trondenes-kyrkja som «eit nasjonalt midtpunkt i folket og tida, som bar nordmanns ånd og liv fram mot nye tider».¹⁴⁰ Eidnes viste også til at slekt frå Bjarkøy, som mellom anna Vidkunn og Bjarne Erlingsson og Erling Vidkunsson hadde framskotne posisjonar i det norske statsapparatet i mellomalderen.¹⁴¹ Forteljingane om Bjarne Erlingsson gjekk igjen i ein serie artiklar i 1948, med kommentar frå redaksjonen: «For Nord-Noreg vil det ha serleg interesse å sjå korleis ein mann nordfrå grip inn i tida og utviklinga, og i 40 år blir hovudmannen i den indre og ytre politikken i Noreg».¹⁴² Vidare blei det framheva at nordlendingar hadde ei rolle i dei store oppdagingsferdene i tidleg nytid, deriblant Jon Skolp frå Nordland som arbeidde som los på ein portugisisk ekspedisjon til Nord-Amerika – 20 år før Columbus.¹⁴³

Kanskje vel så viktig som å vise til nordnorsk engasjement i politikk og samfunnsliv var det å synleggjere at sentrale personar innanfor norsk styre og stell hadde interesse for Nord-Noreg. Anna Haug trekte i dette sambandet fram dei kongefiendtelege Varbelgane si ferd til Hålogaland i 1239, og gjorde reie for korleis dei kjempa seg nord til Vesterålen der dei oppsøkte og drap skultilsveinen til kongen – Asbjørn Medalbu eller Asbjørn av Melbu.¹⁴⁴ På same måte blei det også skrive om Kristian Kwart sin nordlandsferd i tidleg nytid, då han

¹³⁸ Nicolaissen, O. 1920

¹³⁹ Nicolaissen, O. 1920: 39

¹⁴⁰ Eidnes, H. 1940: 437-438

¹⁴¹ Eidnes, H. 1940

¹⁴² Eidnes, H. 1948; Sjå også Robbestad, K. 1948a: 493, Robbestad, K. 1948b: 523 Robbestad, K. 1948c & Eidnes, H. 1956

¹⁴³ Eidnes, A. 1946

¹⁴⁴ Haug, A. 1935b

ønskte å markere sitt eigarskap til regionen som på feilaktig grunnlag hadde tilkomme Sverige.¹⁴⁵

Heroiseringa av nordnorske stormenn, dyrkinga av sagatradisjonen og markeringa av Nord-Noreg si rolle i landet sitt politiske og kulturelle liv, blei ifølge Niemi sentrale dimensjonar i den regionale grunnforteljninga – regionen si forteljing om seg sjølv. Dette fekk igjen innverknad på nordlendingane si sjølvoppfatning, og utgjorde derfor ein reiskap i legitimeringa av regionen sine politiske krav. Vi finn klare parallellar til denne framgangsmåten innanfor det nasjonsbyggingsprosjektet, med ei einssidig vektlegging av mellomalderen og sagatida – «den norske stordomstid».¹⁴⁶

Frå og med 1940-talet blei det med ujamne mellomrom publisert artiklar med ein moderniseringstematikk, der det blei viktig å framheve at utviklinga i Nord-Noreg som region fall saman med utviklinga i landet elles. Samstundes blei òg ei mørkare side ved relasjonen løfta fram – at Nord-Noreg hadde blitt utbytta av eit økonomisk sentrum sør i landet, og omtalt som ein «koloni» heller enn en «sirkumferens».

«Denne historie [Nord-Noreg si historie] ble ikke rikshistorie. Som politisk faktor, som en del av den indre nasjonale selvhevdelse og politiske selvstendighet er den uten nogensomhelst betydning. Bøndene i Norges historie i dansketiden er bøndene syd for Helgeland».¹⁴⁷

Denne sterke politiske budskapet blei ikkje gjenstand for ytterlegare diskusjon og ordskifte, og utgjorde heller ikkje ein gjengangar i det tematiske galleriet til *Håløygminne* i denne perioden. Artikkelen blei likevel ståande som eit kraftutsegn, og bidrog til å nyansere oppfatninga av samhandlinga mellom nord og sør i landet.

3.4 Samar og kvenar i Nord-Noreg - ein anerkjent del av kulturen?

I litteraturen frå 1930-talet blei samisk og kvensk kultur oppfatta som inkludert i det nordnorske kulturuttrykket, ved at reindrift blei framheva som ein av tre sentrale yrkestilpassingar i regionen. Såleis kan det tenkast at den samiske og/eller kvenske befolkninga var omfatta av nordlendingsomgrepet (jf. kap. 3.2.2.). Spørsmålet er for øvrig i

¹⁴⁵ Solvang, J. 1950

¹⁴⁶ Niemi, E. 2001: 59-61

¹⁴⁷ Andersen-Næss, R. 1942: 292

kor stor grad ei eventuell politisk spenning mellom den samisk og/eller kvenske befolkninga og den etnisk nordnorske befolkninga kom til uttrykk i *Håløygminne*, og kva side redaksjonen i så fall slutta opp om.

Då Just Qvigstad - ein av dei fremste lappologane i Norden, var ein aktiv bidragsytar i *Håløygminne*, synest det berre naturleg at dette emnet blei behandla nokså inngående. Qvigstad blei spurdt til råds i spørsmål som omhandla temaet, og bidrog tidvis inn med eigne betraktningar. Qvigstad sin ståstad var likevel at den samiske kulturen var døyande, og at moglegheita til forskning var avgrensa til eit relativt kort tidsrom.¹⁴⁸ I *Håløygminne* antyda han at den norske befolkninga såg på seg sjølv som overlegen i møte med samiske (el. lappiske) folkeslag, eksemplifisert ved at det sjeldan førekom ekteskap mellom etniske nordmenn og samar i eldre tid. Han hevda vidare at nordmennene sin patronstatus i regionen over tid førte til at den samiske befolkninga «antok norsk sprog, klædedragt og levevis», og ikkje lenger identifiserte seg med den samiske kulturen. Kvenane blei på si side ikkje oppfatta som vesensforskjellig frå den etnisk norske befolkninga, og Qvigstad påstod derfor at denne «raseproblematikken» ikkje gjorde seg gjeldande på same måte her.¹⁴⁹ Andre forfattarar i *Håløygminne* forfekta i stor grad same haldning som Qvigstad, og ved fleire høve blei det vist til raseteoriar- og beskrivingar som prov i argumentasjonen.

«Hvis vi torde karakterisere den lyse langskalles [den etniske nordmannen] personlige egenskaper, får vi vel si at stort sett er vilje- og handlelivet utpreget hos ham, mens den lyse mellem- og kortskalle [krysning mellom nordmannen og samene og nordmennene og finnen] også har sine evner mer i retning av følelseslivet. Den mer blandede brunøide befolkning [samene] synest nærmest å trekke i samme retning».¹⁵⁰

Vidare blei det i ein diskusjon om folkenamn beskrive som eit tøvete påfunn at finnane ønskte å bli omtala som samar, og at namnet berre var oppdikta av «forfengelig dårskap».¹⁵¹ I dette høvet blei Qvigstad sitt ekspertutsegn særleg vektlagt av redaksjonen, der han avviste namnet «same» som ei nydanning som ikkje ville halde ved.¹⁵²

¹⁴⁸ Evjen, B. & Beck, D.R.M. 2015: 33

¹⁴⁹ Qvigstad, J. 1923; Qvigstad, J. 1924: 10

¹⁵⁰ Karlsen, J. 1935b: 305; Sjå også Karlsen, J. 1935a

¹⁵¹ M.A. 1945; Nordeng, A. 1945; Qvigstad, J. 1945

¹⁵² Qvigstad, J. 1945: 57

Samstundes er det påfallande at redaksjonen i tidsskriftet sette av artikkelplass til representantar for den samiske befolkninga, og såleis gav dei eit høve til å ta seg sjølv i forsvar. Eit døme på dette er mellom anna då den samiske læraren Anders Larsen (1870-1949) involverte seg i diskusjonen om folkenamna. Larsen var ein av åndshøvdingane i den samepolitiske rørsla på byrjinga av 1900-talet, og redaktør i «Sagai Muittalægje».¹⁵³ I *Håløygminne* skreiv han:

«Men samene sjøl må vel også ha lov til å si sin mening uten at den skal bli karakterisert som «forfengelig dårskap» (...) Samene vilde nemlig at deres eget nasjonale navn måtte bli brukt på norsk også offisielt.»¹⁵⁴

Larsen fekk også høve til å publisere ei rekke andre artiklar om samisk kultur og tradisjon, utan preg av fordommane frå den etnisk norske befolkninga. Det var likevel sjeldan at Larsen uttrykte seg om politikk og om behandlinga av den samiske befolkninga i *Håløygminne*. I det sambandet var det heller Henrik Kvandahl, ein samisk lærar frå Ofoten, sitt bidrag som blei mest oppsiktsvekkande. Kvandahl engasjerte seg sterkt for utviklinga av samiske rettar, særleg i skolesamanheng, og allereie i 1934 skreiv han eit opprop i *Håløygminne* der han beskrev diskrimineringa av den samiske befolkninga i offentlege skriveri – det var «løgnaktige og halvløgnaktige skrifter» som hadde «forbigått folkets gode sider».¹⁵⁵

Innanfor segnmaterialet i *Håløygminne* blei samar og kvenar gjennomgåande skildra i vage ordelag som trollmenn og trollkvinner, og blei ved fleire høve tillagt skuld for ulukker og/eller dei etniske nordmennene si uansvarlege framferd. Mot slutten av denne fasen publiserte likevel Hans Eidnes ein artikkel om samene i nordnorske segner. Her freista han å beskrive korleis samene hadde blitt representert i den nordnorske folkediktinga, men la samstundes vekt at denne framstillinga var basert på nordmennene sine vrangførestillingar om den samiske befolkninga.

«Det er stundom historiske segner og andre segner som i røynda har lite med samisk natur og folkelyne å gjere. Dei er skapt av nordmennene sine førestillingar om samene – eg understrekar nettopp dette.»¹⁵⁶

¹⁵³ Zachariassen, K. 2012: 52-57

¹⁵⁴ Larsen, A. 1945: 135

¹⁵⁵ Kvandahl, H. 1934: 140; Zachariassen, K. 2012: 298-303

¹⁵⁶ Eidnes, H. 1954: 315

Kor vidt redaksjonen inkluderte samisk/kvensk som kulturelle element innanfor den nordnorske kulturen er vanskeleg å seie for sikkert, men den sterke vektlegginga av Qvigstad si framstilling av samiske og kvenske forhold, kan ein halde for indikasjonar på redaksjonen sin politiske ståstad i denne saken. Likevel kjem det fleire gonger fram at redaksjonen ønskte å gi spalteplass til det breiare lag av befolkninga, og let såleis fleire politiske meiningar skinne igjennom. Når redaksjonen etter kvart også understreka at fundamentet for oppfatninga av den samiske befolkninga var basert på vrangførestillingar, kan det vere eit uttrykk for ei gradvis erkjenning av den samiske kulturen sin leverett i det nordnorske samfunnet. Såleis kan ein slå fast at perioden frå 1920-1962 var prega av ein konstant diskusjon om ei eventuell inkludering av samiske og/eller kvenske kulturelement i den nordnorske kulturen.

3.5 Perioden 1920-1962 i eit regionalhistorisk perspektiv

Perioden 1920-1962 omfattar tre fasar i Zachariassen si syntese over utviklinga av det nordnorske regionalismeprojektet – frå då projektet vann oppslutning på 1920-talet med eit markert og veksande spenningsforhold mellom representantane for det nordnorske projektet og representantane for det nasjonale projektet, til eit moderniseringsfokus der det nordnorske projektet for ein stor del fall saman med det nasjonale projektet (jf. kap. 1.4.3.).

Den politisk lada situasjonen på byrjinga av 1920-talet og redaksjonen/forfattarane sine politiske ståstadar blei i liten grad eksplisitt uttalt i *Håløygminne*. Rett nok hadde etableringa av historielaget og tidsskriftet eit utgangspunkt i ein tydeleg politisk agenda, der føremålet var å hevde Nord-Noreg som ein region. Vidare fanst det tidvis artiklar med nokre stikk til den politiske debatten i samtida. Mellom anna blei den manglande forskinga på Nord-Noreg sett i samband med den ukunna som råda rundt nordnorsk kultur og historie, i tillegg blei stigmatiserande stereotypiar om nordlendingen og Nord-Noreg dekonstruert gjennom opplysningsverksemd for folk innad og utanfor den nordnorske regionen (jf. kap. 3.1.-3.3.).

Det gjeldande forskingsfokuset og framstillinga av nordnorsk kultur og historie hadde i denne perioden likevel karakter av å vere ein del av ei bevisstgjerjing, der folkeminne, tradisjonar og nordnorsk historie blei presentert i *Håløygminne*, ofte utan historiefaglege refleksjonar og/eller politiske undertonar (jf. kap. 3.2.). Denne bevisstgjeringsverksemda er i større grad knytt til den første fasen (1789-1912) i Zachariassen si syntese, heller enn dei tre påfølgande, og blir gjerne omtalt som «oppfinninga av regionen Nord-Noreg». Mot slutten av denne fasen blei nordnorsk historie og uttrykk for nordnorsk kultur anerkjent, og freista formidla til befolkninga i regionen. Tilsvarande periode blei hos Niemi nemnt som «kunnskaps- og symbolfasen» (.....), der hovudpoenget var kaste lys over og løfte fram nordnorske

kulturuttrykk for å vise at regionen var representert i det som blei oppfatta som den nasjonale kulturarven.¹⁵⁷

Som forklaringsbakgrunn for denne analysen kan moglegvis Benedict Anderson sin teori om oppkomsten av nasjonar nyttast. Anderson hevdar at etableringa av «førestilte fellesskap» er ein føresetnad for nasjonsdanningar, og med det meinte han at menneska innad i ein nasjon må føle ei viss tilknytning til kvarandre basert på ein felles kultur og ei felles historie. For å sikre tilslutning til dette fellesskapet, var det ifølge Anderson viktig å engasjere til eit offentleg ordskiye, der det breiare laget av befolkninga fekk tilgang til dei sentrale kulturuttrykka og assosierte seg med desse.¹⁵⁸ I all hovudsak var det aviser som blei trekt fram i dette sambandet, men det kan tenkast at *Håloygminne* hadde ein liknande funksjon for regionsdanninga i Nord-Noreg på byrjinga av 1900-talet gjennom ei aktivisering av nordnorsk historie og kultur.

Zachariassen viser vidare til at perioden 1789-1912 var prega av statlege initiativ for betre å integrere den nordnorske regionen i nasjonen Noreg, noko som kom til uttrykk både gjennom etableringa av institusjonar og gjennom utbygging av kommunikasjonssamband.¹⁵⁹ På det kulturelle planet blei ein tilsvarande innsats lagt inn av representantane for det nordnorske regionalismeprosjektet – etableringa av historiske og kulturelle samband mellom Nord-Noreg og landet for øvrig kunne i neste omgang bli nytta som prov i argumentasjonen for politisk innverknad, utviding av rettane for den nordnorske befolkninga og utbetring av infrastrukturen i regionen. (jf. kap. 3.3.). I *Håloygminne* var det likevel berre markeringa av dette sambandet som stod i fokus, og tidsskriftet var såleis ikkje ein arena for ein eventuell påfølgande politisk debatt.

«Work on anchoring North Norwegian regional identity in the past also recieved a powerful impulse from research into North Norwegian pre-history in this period».¹⁶⁰

Det regionale moderniseringsfokuset på 1950- og 1960-talet, som Zachariassen, Niemi og Tjelmeland viser til i sine forskingsoppgåver, fekk liten plass i *Håloygminne*. I den grad modernisering som fenomen blei tatt opp, var det i eit par artiklar som drøfta samanfallet

¹⁵⁷ Zachariassen, K. 2008; Niemi, E. 2001; Niemi, E. 2014

¹⁵⁸ Zachariassen, K. 2012: 19-20;

¹⁵⁹ Zachariassen, K. 2008

¹⁶⁰ Tjelmeland, H. 2000: 6

mellom nordnorsk og norsk utvikling på dette punktet. Ved eitt høve blei òg myndigheitene sin politikk ovanfor den nordnorske regionen nytta som årsaksforklaring for stagnasjon og fattigdom i den nordnorske befolkninga. Kor vidt dette blei eit direkte verkemiddel i mobiliseringa for nordnorsk regionalisme i *Håloygminne* er vanskeleg å seie for sikkert, fordi artikkelen ikkje blei kommentert og/eller diskutert (jf. kap. 3.3.2.).

Sjølv om innhaldet i *Håloygminne* stort sett omhandla same tematikk gjennom dei 40 første åra, viser materialet likevel at stadig fleire forfattarar interesserte seg for lokalhistorie og publiserte stoff i tidsskriftet – frå 60 bidragsytarar i perioden 1920-1933 skjedde det ei auking til 86 i perioden frå 1933-1947 og til 100 i perioden 1947-1962. Dette er ein tydeleg indikasjon på at prosjektet gjennom desse tiåra blei rotfesta som eit hegemonisk prosjekt – i tråd Zachariassen si syntese (jf. kap. 1.4.3.).

På grunn av det forholdsmessige store innslaget av samisk og kvensk befolkning i Finnmark, fekk området angiveleg ein relativt svak posisjon i regionsbyggingprosjektet. For *Håloygminne* syntest ikkje dette å vere tilfellet.¹⁶¹ Allereie i utarbeidinga av namnet på historielaget og tidsskriftet blei Finnmark eksplisitt innlemma i den nordnorske regionen, og såleis i historielaget sin agenda gjennom vedtak fatta av redaksjonen (jf. kap. 3.1.). I materialet frå perioden har Finnmark, i likskap med dei øvrige områda i landsdelen, inga særstilling (jf. kap. 2.1.2.).

Når det gjeld den samiske og kvenske befolkninga, blei det understreka at det også hos dei skjedde ei mobilisering som gav seg utslag i eigne mothegeomoniske prosjekt med føremålet å vinne politisk autonomi. Denne mobiliseringa skjedde som ein reaksjon på ein intensivert assimileringspolitikk på byrjinga av 1900-talet, då nasjonale sikkerheitspolitiske omsyn i stadig større grad gjorde seg gjeldande. Endringar på kartet i Nord-Noreg etter første verdskrig gjorde at Noreg delte grenser både med Finland og Russland, og den norske staten såg seg såleis nøydd til å styrke sitt nærvær i nord gjennom å sikre landstilhøyrsla til den samiske og kvenske befolkninga som budde i området. Den samiske mobiliseringa førte mellom anna til opprettinga av ein eigen samepolitisk avis «Sagai Muittalægje» i 1903, der ein av bidragsytarane i *Håloygminne* – Anders Larsen, var redaktør (jf. kap. 3.4.).

Den samepolitiske saka fekk lite tilslutning på byrjinga av 1900-talet, og engasjementet varierte. I 1917 fekk prosjektet ein ny giv, då den samepolitiske rørsla foreslo ei samling av

¹⁶¹ Niemi, E. 2001: 64-65

den samiske befolkninga nord og sør i den nordnorske regionen. Prosjektet var i denne perioden tidvis i opposisjon til, tidvis inkludert i nordnorske regionalistiske mothegemoniske prosjekt, slik dei fortona seg mellom ulike grupper i samfunnet.¹⁶² *Håløygminne* var i dette sambandet noko utydeleg – forfattarane i tidsskriftet representerte ei rekke ulike politiske ståstadar, og forfekta såleis ei rekke ulike politiske meiningar, særleg i samband med samisk og kvensk tematikk. Niemi understrekar likevel at det innanfor regionalismeprojektet på dette tidspunktet ikkje var inkludert klausular som handla om ivaretaking av regionen sitt etniske og kulturelle mangfald.¹⁶³ Med utgangspunkt i materialet presentert ovanfor med redaksjonen si vektlegging av enkelte meiningar og publiseringa av artiklar basert raseteori, vil det difor vere vanskeleg å peike på eit direkte samanfall mellom dei to mothegemoniske prosjekta knytt til høvesvis nordnorsk og samisk reising (jf. kap. 3.4.).

3.6 Oppsummering

Då Hålogaland Historielag og *Håløygminne* blei etablert i 1920, utarbeida redaksjonen eit program, der poenget var å markere Nord-Noreg som region. Gjennom publiseringa av artiklar om mellom anna stadnamn, folkeminne og eldre historie, stort sett med utgangspunkt i sagamateriale, følgde dei i stor grad opp denne programerklæringa i denne fasen.

Folkeminne blei nytta i konstruksjonen av ein nordnorsk eigenart, som tok utgangspunkt i, men som ikkje var avgrensa til den nordnorske fiskarbonden. Synet på det nordnorske var uansett å oppfatte som essensialistisk, av di det utelukkande baserte seg på meir eller mindre faste storleikar som til dømes yrkestilpassingar, språk, historie og kultur. Forteljingar frå den nordnorske stordomstida, inkludert skildringar av heroiske høvdingar og stormenn i mellomalderen, blei på same måte ein viktig føresetnad for kjensla av tilknytning til regionen. Haldningane til samar og kvenar syntest å vere ambivalent, ettersom tematikken blei presentert både frå eit innanfrå- og eit utanfrå-perspektiv. Uansett var det lite truleg at redaksjonen vurderte desse urbefolkningskulturane som nordnorske, på grunn av måten dei framheva dei ulike perspektiva på.

I drøftinga over har eg vidare vist korleis ein kan forstå *Håløygminne* i samanheng med det mothegemoniske prosjektet nordnorsk regionalisme som særleg skaut fart og utvikla seg frå byrjinga av 1900-talet. På agendaen var ei kulturell heving av regionen, og både bakgrunnen

¹⁶² Meir om det etnopolitiske mothegemoniske prosjektet finst i Zachariassen, K. 2012

¹⁶³ Niemi, E. 2001: 65

for etableringa av Hålogaland historielag og fokuset på folkeminne, tradisjonsstoff og nordnorsk historie i *Håløygminne* blei her tolka i eit slikt lys. Verksemda til tidsskriftet i denne perioden gjekk likevel på tvers av vitskapleg anerkjente fasar innanfor nordnorsk regionalisme, og må i stor grad relaterast til ei bevisstgjerung av regionen sine særpreg knytt til dei første fasane i prosjektutviklinga. Dette innebar at prosjektet ikkje utvikla seg i same tempo i *Håløygminne* og/eller inkluderte alle dei same elementa som i prosjektet i regionen for øvrig. Dette kan vere ein indikasjon på at redaksjonen, i denne fasen representert ved Hans Eidnes, hadde stor påverknad på korleis utforminga av *Håløygminne* skulle vere. Eidnes hadde etablert tidsskriftet under visse vilkår, og desse blei imøtekomne gjennom heile redaktørskapet hans, trass dei politiske, økonomiske og kulturelle endringane som fann stad i desse åra. Såleis var det moglegvis Hans Eidnes sitt eige kulturpolitiske program som fekk gjennomslag i tidsskriftet. Det faktum at han produserte artiklar der han freista å legitimere det tematiske fokuset i artiklane, kombinert med eit engasjement i tilsvarande aktivitetar utanfor tidsskriftverksemda understøttar ei slik forståing (jf. kap. 2.2.). Utviklinga i tidsskriftet si oppslutning samsvarte likevel med det teoretiske rammeverket innanfor regionalismeforskning, med ei påvist auking i talet på tingarar frå 1920 til 1960, i tråd med at prosjektet vann hegemonisk status i samfunnet.

4 1962-2000: Politisering og profesjonalisering

Frå og med 1962 tok Asbjørn Eidnes over redaksjonen i *Håløygminne*, og med det skjedde det ei markant endring i måten stoffet blei presentert. Gjennom innføringa av temahefte la redaksjonen sterkare føringar på innhaldet, samstundes som stoffet i større grad blei systematisert. Perioden bar preg av ei gradvis politisk radikaliserings som kulminerte med etableringa av Universitetet i Tromsø i 1972. Etter kvart kom dei fleste artikkelforfattarane frå akademiske miljø, og ein større del av artiklane som blei publiserte var av høg vitskapleg verd. Som elles i historieforskinga var det likevel ikkje tale om eit reint brot – tradisjonsstoff og folkeminne fekk framleis mykje plass i tidsskriftet.

4.1 Politisk radikaliserings

På slutten av 1960-talet og byrjinga av 1970-talet skjedde det ei politisk radikaliserings i Europa – i 1968 var det ei massemønstring av radikale studentar rundt om i Europa som kulminerte i studentopprør i byar som Paris, Berlin og London, og som sidan spreidde seg til Noreg og Nord-Noreg.

I 1972 blei Universitetet i Tromsø oppretta. Universitetet var i utgangspunktet tiltenkt ei spesiell rolle som moderniseringskraft i regionen, med regional utjamning i form av nasjonal homogenisering som ei politisk målsetting.¹⁶⁴ Universitetet si rolle blei likevel raskt omdefinert - forskingsmiljøet skulle ta sikte på bevare, heller enn å tilføre noko nytt til og/eller endre samfunnstilhøva i regionen. Universitetet blei ein kjerneinstitusjon for politisk radikale miljø - «det raude universitetet», med frontfigurar som Ottar Brox, Berge Furre og Torild Skard – tilsette ved Institutt for samfunnsvitskap og stortingsrepresentantar for SV i 1973.¹⁶⁵

Med sin radikale profil og si distriktspolitiske målsetting var Universitetet i Tromsø heilt i tråd med tida. Dette gav institusjonen stor rekrutteringsappell, noko som i sin tur førte til ei tilstrøyming av studentar til Nord-Noreg og eit veksande politisert engasjement for regionen.

¹⁶⁴ Fulsås, N. 1993: 143

¹⁶⁵ Fulsås, N. 1993: 162-163

4.1.1 Nordnorsk mobilisering

Håløygminne var heile tida eit organ for det lokalhistoriske arbeidet i Nord-Noreg. Dette arbeidet toppa seg i 20-årsperioden 1962-1990 med gjennomføringa av fleire lokalhistoriske seminar og utgivingar av temahefte med lokalhistorisk stoff med politiske undertonar.

Det første temaheftet kom ut under redaktør Asbjørn Eidnes i 1965 og omhandla museumsverksemda i Nord-Noreg. Der blei det mellom anna understreka at den gamle bygdekulturen før 1900 var i ferd med å gå tapt, og at det difor var avgjerande å få i gong musétiltak for å bevare verdfulle kulturuttrykk.¹⁶⁶ Engasjementet rundt dette var stort, og fleire sentrale skikkelsar innanfor museumsmiljøa i Nord-Noreg sendte inn eit breitt utval artiklar med eit spreidd geografisk fokus. Dei fleste artiklane fokuserte utelukkande på yrkestilpassingane i regionen. Forfattarane i *Håløygminne* var til dømes særleg opptatte av å bevare minne frå den nordnorske fiskerinæringa, samstundes markerte dei òg tydinga av bondesamfunnet.¹⁶⁷ Nils A. Ytreberg (1896-1987) la til dømes vekt på at den nordnorske jordbrukskulturen meir eller mindre hadde blitt forsømt i dei nordnorske musétiltaka på byrjinga av 1900-talet, og oppfordra difor til eit snarleg initiativ for å forbetre dette.¹⁶⁸

Ut ifrå same slik politiske dagsorden kan ein også forstå Asbjørn Eidnes sitt arbeid med å samle og systematisere nordnorske folkeminne og tradisjonsstoff i omfangsrike temahefte (jf. kap.).¹⁶⁹ Dei innsamla segnene, folkevisene og kulturstoffet blei i større grad enn tidlegare kommenterte og drøfta etter kvart som dei blei publiserte, både av redaksjonen og av representantar for forfattarkorpset, og blei såleis ein tydelegare del av ein uttalt politisk agenda enn før.¹⁷⁰

«Kvart nytt fund har gjevi oss eit prov meir for at ikkje berre Telemark, men også Vestlandet og Nord-Noreg har hatt sin rike lut i norsk folkevisediktning.»¹⁷¹

¹⁶⁶ Eidnes, A. 1965a; Eidnes, A. 1965b

¹⁶⁷ Nilssen, M. 1965; Ytreberg, N. A. 1965; Norman, J. 1965; Selnes, L. 1965

¹⁶⁸ Ytreberg, N. A. 1965: 480

¹⁶⁹ Sjå mellom anna Eidnes, A. 1979: 327

¹⁷⁰ Sjå mellom anna Eidnes, A. 1980b

¹⁷¹ Myrvang, F. 1964

I perioden frå 1974-1990 blei det arrangert fleire seminar og møte på ulike stader i Nord-Noreg der redaksjonen i *Håloygminne* var direkte eller indirekte involvert. Alta Historielag inviterte mellom anna til eit regionalhistorisk seminar i 1976, Hadsel Historielag og Landslaget for Lokalhistorie arrangerte eit landsmøte for lokalhistorisk forskning i 1979 medan Hålogaland Historielag sjølv stod som arrangør for historieseminar i 1979 og i 1980. Universitetet i Tromsø hadde dessutan årlege lokalhistoriske seminar, og nytta ved fleire høve *Håloygminne* som informasjons- og distribusjonskanal om og av seminarforedraga. Ein del av temaa på historieseminara omhandla forholdet mellom dei etniske gruppene i nord, historiografi og lokalhistorie og byt utvikling og byhistorie.

Dei foredraga som blei publiserte i *Håloygminne* var i stor grad skrivne av representantar frå det akademiske miljøet i Tromsø, som markerte seg i relativt krasse ordelag for ei mobilisering for regionen. Einar Niemi rosa lokale museumstiltak og historielag i Nord-Noreg for å ta initiativ til å bevare og løfte fram nordnorske kulturtrykk gjennom å stille saman lokalhistorie og kulturvern.¹⁷² I ein slik samanheng kan ein òg lese Arvid Petterson sin artikkel om lokalhistoriske årbøker, der han la vekt på bøkene sin unike og viktige funksjon i bevaringa av kulturelt og historisk materiale i lokalsamfunna. Petterson peika på at det frå og med midten av 1970-talet skjeddde ei dramatisk auking i produksjonen av slike bøker, og at ein i Nord-Noreg hadde eit større tal lokalhistoriske årbøker enn i landet for øvrig.

«Situasjonen i 1972 var aktiv, samfunnet ladet, EF-kampen raste. Det oppsto et behov for å fortelle hvem vi var i den kulturkampen som hadde begynt i åra før, men virkelig kvasset seg etter 1972».¹⁷³

I same temahefte beskrev Ivar Bjørklund, i dag professor ved UiT, fasen frå 1970-1985 som «ein legitimeringsfase» for nordnorsk historieskriving som endeleg førte til ei anerkjening av lokalhistorisk kunnskap i nord. Bjørklund heldt vidare fram at den nordnorske befolkninga fram til no hadde vore prega av historielausheit – på same måte som Hans Eidnes uttalte i innbydinga til skipinga av Hålogaland Historielag, blei det altså understreka at Nord-Noreg hadde vore oversett innanfor norsk historieforskning. «Ikke bare er fortida ukjent for folk, men den ser dessuten ut til å være uten noe særlig betydning».¹⁷⁴ Alf J. Olsen og Alf Ragnar

¹⁷² Niemi, E. 1980

¹⁷³ Petterson, A. 1984: 533

¹⁷⁴ Bjørklund, I. 1984: 500

Nielssen slutta seg til same konklusjon då dei omtalte nordnorsk historie som i ein «skyggetilværelse» innanfor historievitskaplege miljø.¹⁷⁵

Truleg blei denne problematikken meir synleg etter at Universitetet i Tromsø blei etablert. Med ei auka interesse for forskning på regionen innanfor vitskaplege miljø, blei det tydeleg kor lite arbeid som hadde vore utført på dette området tidlegare. Frå og med 1970-åre blei det skriven i ei rekke forskingsoppgåver med utgangspunkt i Nord-Noreg, mellom anna blei det nordiske audegardsprosjektet (1968-1981) trekt fram i denne samanhengen, i tillegg til eit utval sosial- og kulturhistoriske undersøkingar innanfor nyare historie.¹⁷⁶ Arvid Petterson peika også på det viktige arbeidet som blei gjort i forhold til å etablere eit samband mellom lokalsamfunna/bygdebokskrivarane og fagmiljøet innanfor historie, arkeologi og andre relevante disiplinar. Mellom anna blei det arrangert forfattarkurs i regi av Nordnorsk forfattarlag for å skolere amatørskribentar, i tillegg til at representantar for fagmiljøet i stadig større grad involverte seg i og støtta opp om arbeidet i lokalsamfunna.¹⁷⁷

Oppsummert kan ein hevde artikkane som blei publiserte i *Håløygminne* hadde ein tydeleg kulturpolitisk agenda i denne perioden. For det første finn ein eit opprop for auka merksemd og støtte til museumsverksemd og kulturvern i nord, for det andre blei den vitskaplege historieforskinga kritisert for å ha neglisjert nordnorsk historie og for følgjeleg å ha medverka til nordlendingane sin historielausheit.

4.1.2 Etnopolitisk mobilisering

I tillegg til den historievitskaplege oppblomstringa innanfor nordnorsk lokalhistorie, fekk det auka politiske engasjementet konsekvensar for dei hittil marginaliserte minoritetsgruppene i nord, i denne samanhengen samane og kvenane. I *Håløygminne* hadde desse folkegruppene vore via noko merksemd, men blei tidvis beskrivne i relativt nedlatande termar av dei etnisk norske skribentane, sjølv om dei også fekk ein eigen stemme i tidsskriftet (jf. kap. 3.4.).

I 1967 hamna behandlinga av samar og kvenari søkelyset gjennom eit eige hefte via til denne tematikken (sjå tabell 1), der særleg ulike sider ved kulturkontakten mellom nordmenn, samar og kvenar blei diskutert. Ørnulv Vorren skreiv mellom anna om korleis dei nordiske nasjonalstatane si utbytting av samane i sin tur hadde bidratt til akkulturasjon og

¹⁷⁵ Olsen, A.J. & Nielssen, A.R. 1984: 498

¹⁷⁶ Hagen, R.B. 1984, Olsen, A.J. 1984, Nielssen, A.R. 1984

¹⁷⁷ Petterson, A. 1984: 532; sjå også Nielssen, A.R. 1979

identitetsfornektning iden samiske befolkninga, i tillegg til ei oppløysing av den tradisjonelle samiske samfunnsorganiseringa – siidaen. Andre forskarar viste til liknande funn, og i same hefte uttalte Bjørn Aarseth at: «Europeerne har lett for å glemme at man har med to kulturer å gjøre og er tilbøyelige til å frakjenne den kultur de ikke forstår enhver livsberettigelse. (...) Dette har lyktes fullt ut i politisk forstand».¹⁷⁸

Fleire av forfattarane i denne perioden var særleg opptatte av dei strukturelle moderniseringsutfordringane som ramma samisk befolkning på grunn av manglande utdanning og avgrensa moglegheiter til å halde fram med dei tradisjonelle næringstilpassingane. I fleire av artikklane blei det difor uttrykt eit ønske om tilpassa utdanningstilbod for den samiske befolkninga og statusauke for samisk kultur – eit ansvar som ifølge artikkelforfattarane fall på myndigheitane i dei nordiske landa.¹⁷⁹

«Men uansett undervisningsopplegg må målet være klart: De samebarna vi har i skolen i dag, må, når de blir voksne, føle en indre trygghet og sikkerhet. De må ikke flykte fra sitt eget, fra språket og kulturen, bare fordi det ikke «lønner» seg å være same».¹⁸⁰

Ei generell anerkjenning av den samiske kulturen kom også til uttrykk ved at samiske kulturuttrykk blei løfta fram og tidvis også inkludert i beskrivingar av nordnorske skikkar og tradisjonar. I temaheftet om bunadar blei mellom anna den samiske klesdrakta behandla i ein eigen artikkel, og segnmateriale med diskriminerande og stereotypiske skildringar av folkegruppa var ikkje lenger å finne.

Ifølge artikkelforfattarane hadde haldninga til kvenane gjennom historia vore meir nedlatande enn haldninga til samane, fordi «kvenene hadde ikke gammel rett til landet – slik som samene».¹⁸¹ Likevel blei den kvenske befolkninga ikkje behandla så frekvent og så inngående som samane i *Håløygminne*.

Sjølv om det var eit relativt stort fokus på samisk og kvensk befolkning i *Håløygminne* i denne perioden, er det likevel påfallande at samane og/eller kvenane sjølve ikkje er nemneverdig delaktige i tekstproduksjonen innanfor denne tematikken i tidsskriftet. Rett nok

¹⁷⁸ Aarseth, B. 1967: 247; Sjå også Aarseth, B. 1973

¹⁷⁹ Sjå mellom anna Vorren, Ø. 1967; Aarseth, B. 1967; Meløy, K.Ø. 1967

¹⁸⁰ Meløy, K.Ø. 1967: 278-279

¹⁸¹ Eriksen, H.K. 1967: 234

hadde fleire av skribentane hatt kontakt med samiske og/eller kvenske miljø i oppveksten, og hadde på den måten opparbeida seg en del kunnskap om kulturane.

Bjørg Evjen og David Beck undersøkte det samiske engasjementet innanfor historieforskinga frå midten av 1900-talet, og fann at samisk historie var dominert av eit utanfrå-perspektiv. Sjølv om det var ei mobilisering for den etnopolitiske rørsla i *Håløygminne*, kom ikkje dette engasjementet til uttrykk gjennom dei respektive etniske miljøa – det finst ingen programerklæringar og politiske opprop frå samisk og kvensk hald lik dei ein kunne finne frå Anders Larsen og Henrik Kvandahl i førre perioden (jf. kap. 3.4.). Dette skuldast truleg at dei kulturelle prosjekta til samane og kvenane ikkje blei tilstrekkeleg påakta før politisk engasjerte representantar for desse folkegruppene fekk tilgang til høgare utdanning, og kravde innverknad på framstillinga av eiga historie og eigen kultur på slutten av 1990-talet. På det tidspunktet valde dei moglegvis andre publiseringskanalar enn *Håløygminne* (jf. kap. 2.1.1).

Endringa i representasjonen av den samisk og kvensk folk og kultur i *Håløygminne* korresponderte med den generelle politiske utviklinga i det same tidsrommet. Etter andre verdskrig skjedde det ei etnopolitisk mobilisering i form av organiseringa av prosamiske rørsler over heile landet, og i samband med den politisk lada situasjonen på 1960- og 1970-talet som kulminerte i Altasaken i 1979, fekk samiske institusjonar på nasjonalt og transnasjonalt nivå auka oppslutning.¹⁸² Samstundes blei det norske samfunnet prega av ei ny sosialistisk historisk blokk, der kulturelt mangfald blei verdsatt.¹⁸³ I kjølvatnet av dette blei den samiske befolkninga i større grad enn tidlegare innlemma i det lokalhistoriske programmet til *Håløygminne* gjennom ei erkjenning av regionen og nasjonen si diskriminerande behandling av folkegruppa, og gjennom ei verdsetting av samiske kulturuttrykk. Sjølv om kvenane i liten grad blei omtalt i *Håløygminne*, må ein rekne med at også denne folkegruppa blei oppfatta som ein del av det kulturelle mangfaldet som utgjorde regionen Nord-Noreg.

4.2 Frå det nære til det fjerne – eit lokalhistorisk utgangspunkt for historieundervisninga i skolen

Håløygminne var uløyeleg knytt til Trondenes folkehøgskole – ideane til eit eige nordnorsk historielag hadde sitt utgangspunkt der, og redaksjonen og nokre av dei fremste

¹⁸² Vorren, Ø. 1967

¹⁸³ Evjen, B. & Beck, D.R.M. 2015: 39-40

støttespelarane til tidsskriftet var involverte i ulike stillingar på skolen. Eidnes-familien var også særleg opptatt av å gi den oppveksande generasjonen føresetnadar til å kunne engasjere seg i samfunnet og for regionen.¹⁸⁴ Av den grunnen er det ikkje uventa at utdanning blei eit sentralt tema for redaksjonen i tidsskriftet. Sjølv om artikkelmengda innanfor denne tematikken ikkje var spesielt overveldande, var 1970- og 80-talet prega av fleire meir eller mindre enkeltståande programartiklar om pedagogiske prinsipp for historieundervisninga i skolen.

I 1969 arrangerte Asbjørn Eidnes ei lokalhistorisk tevling i eit forsøk på å vekke engasjementet for historie og lokalhistorie blant elevane i grunnskolen og vidaregåande skole. Asbjørn Eidnes meinte det var viktig å undervise induktivt i historie gjennom å ta utgangspunkt i den lokale historia, for å bringe fortida nærmare og gjere ho meir relevant. Dette synspunktet publiserte han i ein artikkel i *Håloygminne*, og han distribuerte teksten vidare til lærarar i regionen.¹⁸⁵ Oppslutninga om konkurransen var likevel ikkje stor - *Håloygminne* fekk berre inn 15 oppgåver frå skolane, ni av dei frå eit enkelt gymnas.¹⁸⁶ Den pedagogiske debatten blei tatt opp igjen i 1988, då historiefaget hadde komme særers dårleg ut i elevundersøkingar nasjonalt og internasjonalt. Året før hadde dessutan den nye læreplanen i norsk skole blitt implementert, og der var det eit hovudpoeng at lærestoffet skulle vere forankra i lokale forhold.¹⁸⁷ Asbjørn Eidnes framheva atter ein gong historia, og ikkje minst lokalhistoria si tyding for folk flest, særleg i ei oppløysingstid prega av byrjande globaliseringstendensar.¹⁸⁸

«Det er godt for eit menneske å ha røtter i ei oppriven tid. Kan ein i skolen hjelpe dei unge til å finne røttene bakover i tida, då hjelper ein dei til å bli rikare menneske. Og det skulle vel ikkje vere noko dårleg oppgåve for skolen?»¹⁸⁹

I dette heftet publiserte han vidare konkrete undervisningsopplegg med utgangspunkt i Trondenes. Som inspirasjon for historielærarar rundt om i regionen la han òg ved ein rapport

¹⁸⁴ Eidnes, V. (personleg kommunikasjon, 04.01.2019)

¹⁸⁵ Eidnes, A. 1969b

¹⁸⁶ Eidnes, A. 1971

¹⁸⁷ Tommelstad, K. 2017

¹⁸⁸ Eidnes, A. 1988a

¹⁸⁹ Eidnes, A. 1988a: 451

frå ei forsøksundervisning med utgangspunkt i lokal- og regionalhistorie, inkludert elevane sine kommentarar.¹⁹⁰

Seinare uttrykte han også eit ønske om at ein tok inn folkeminnevitenskap som eit emne på universitetsnivå i landet, særleg ønskte han eit slikt tilbod på «landsdelsuniversitetet» i Tromsø.

4.3 Nordnorsk eigenart eller nordnorsk identitet?

I 1966 gav Ottar Brox ut boka «Hva skjer i Nord-Norge?», med ein presentasjon av det nordnorske samfunnet og ei beskriving av den nordnorske eigenarten. Framstillinga av nordlendingen hadde ikkje endra seg mykje frå Berggrav si beskriving på 1930-talet. Framleis var det yrkestilpassingane som gav føringar for kva som var uttrykk for nordnorsk kultur, med fiskarbonden i hovudsete. Det same bilete av nordlendingen blei opprettheldt og om mogleg forsterka i *Håløygminne* i denne perioden. Talet på artiklar som omhandla fiskeverksemda auka, og næringa blei beskrive både i fagtekstar og folkedikting. Fiskerinæringa var å oppfatte som eit uvurderleg element i den nordnorske kulturen. På same måte blei det også gitt ut fleire artiklar om gardsdrift, ofte inkludert beskrivingar frå det nordnorske fiskeriet.¹⁹¹

«Her har sjøfart og fiske spela ei stor rolle i det økonomiske livet, i næringsgrunnlaget, i folke- og kulturlivet gjennom alle tider. Ikkje minst når det gjeld Nord-Noreg har havet vore staden for arbeid og dåd, for strev og slit for livsopphaldet frå slekt til slekt».¹⁹²

I likskap med føre periode gir den sterke vektlegginga av fiskerinæringa ein indikasjon på redaksjonen og forfattarkorpset si oppfatning av nordlendingen i samtida. Denne oppfatninga, som altså gjorde seg gjeldande både i Berggrav si bok på 1930-talet, i Brox si bok på 1960-talet og i *Håløygminne* fram til 1990-talet, blei behandla i ein forskingsartikkel av Jakob Meløe. Meløe omtalte dei tre hovudnæringane i regionen (fiske, jordbruk kombinert med fiske og reindrif) som *livsformer*. Dette impliserte at overgangen til sekundær- og tertiærnæringane i nord medførte ei «avvikling» av fiskarbonden og dermed eit tap av nordlendingen sin fridom, si sjel og sin eigenart.¹⁹³ Her er det likevel naudsynt å påpeike at

¹⁹⁰ Eidnes, A. 1988b; Nøstdal, K. 1988

¹⁹¹ Sjø mellom anna Heide, B. 1969, Grøttland, K. 1986 & Eidnes, A. 1994a

¹⁹² Heide, H. 1964

¹⁹³ Meløe 1993 sitert i Fulsås, N. 1997

også andre næringstilpassingar blei framheva i *Håløygminne*, i denne perioden som i førre. Mellom anna blei handel særleg vektlagt, til dømes var det via eit eige temahefte om handelssambandet mellom Nord-Noreg og hanseatane (sjå tabell 1). Jamvel om han var knytt til yrkestilpassingar, lot såleis ikkje den nordnorske eigenarten seg blott definere av fiskerinæringa i *Håløygminne* (jf. kap. 3.2.2.).

Gjennom utgivinga *Nordnorsk kulturhistorie* i 1994 blei det lansert ei ny oppfatning av den nordnorske eigenarten, der historie og kultur blei tillagt større tyding enn yrkestilpassingane.¹⁹⁴ Denne endringa hadde sin bakgrunn i ei utjamning av forskjellane i yrkestilpassingane sør og nord i landet. I *Håløygminne* kom dette til uttrykk gjennom ei vektlegging av det historiske sambandet mellom dei ulike etniske gruppene i regionen, der kulturelt mangfald som eit resultat av kultur møte mellom samisk, norsk og kvensk befolkning blei beskrive som det særeigne nordnorske.

«(...) alle innfødde i vår landsdel høyrer til ein eller annan stad på ein skala der ytterpunktta er (nesten) rein nordmann – (nesten) rein same – og eventuelt nogo attåt. (...) Dersom det har noko for seg at den nordnorske kvinne og mann «i snitt» skil seg litt frå folk i andre landsdelar, er eg ikkje i tvil om at det må vere ein kontinuerlig historisk samrøring som har skapt eit eventuelt særpreg».¹⁹⁵

Ifølge Fulsås bør ein skilje mellom omgrepa nordnorsk eigenart og nordnorsk identitet (jf. kap.), av di det ikkje finst noko «essensielt nordnorsk, ein kjerneidentitet innskripen i alle nordnorskingars sjel».¹⁹⁶ Dette synet var sannsynlegvis utslagsgivande for mangelen på merksemd rundt dette temaet i *Håløygminne* etter midten av 1990-talet. Viss den nordnorske identiteten blei oppfatta som noko foranderleg, mangetydig og kontekstavhengig, var det kanskje ikkje noko poeng i å gi spalteplass til dette temaet..

¹⁹⁴ Zachariassen, K. 2008; Fulsås, N. 1997

¹⁹⁵ Myrvang, F. 1994

¹⁹⁶ Fulsås, N. 1997: 219

4.4 Tematiseringa av nordnorsk historie i profesjonelle miljø

Den profesjonaliserte vitskaplege historieskrivinga hadde ein noko annan karakter enn lekmannshistoria som blei publisert i tidsskriftet i dei første tiåra. Tretvik skriv mellom anna at byhistorie som forskingsfelt nesten utelukkande interesserte fagfolk, det vil seie folk med mastergrad/hovudfag eller høgare innanfor historie eller tilgrensande emne (jf. kap. 2.3.).¹⁹⁷ Dette kom også tydeleg til uttrykk i *Håloygminne*. Innanfor temakategorien by/bygd var om lag 60 % av artiklane skrivne av akademisk utdanna fagfolk, mest historikarar og arkeologar. Artiklane var stort sett skrivne i samband med tre historieseminar, der *Håloygminne* fungerte som distribusjonskanal.

Eit anna kjennemerke ved den profesjonaliserte historieskrivinga var at ho i større grad enn lekmannshistoria konsentrerte seg om større einingar enn lokalsamfunnet, som til dømes eit enkelt fylke eller regionen som heilskap.¹⁹⁸ Innanfor den realhistoriske regionshistoria blei dei store utviklingslinjene og økonomiske og politiske konjunkturar særleg vektlagt, på ein slik måte at nordnorsk historie blei relatert til sentrale hendingar på nasjonalt nivå. Arkeolog Jens Storm Munch freista til dømes å rehabilitere biletet av Tore Hund, på same måte som i førre periode,¹⁹⁹ filolog Alfred Jakobsen skreiv om språkskiftet frå norsk til dansk i seinmellomalderen, og presiserte at Nord-Noreg hadde vore like tidleg ute med å legge om språket som resten av landet, trass i at Nord-Noreg var «den regionen som ligger fjernest fra Danmark».²⁰⁰

Utviklinga i Nord-Noreg blei òg tematisert ved å løfte fram dei særeigne utviklingstrekk i den nordnorske regionen, og såleis illustrere korleis regionen skilde seg frå resten av landet. Historikar Rune Hagen problematiserte til dømes hamskiftomgrepet innanfor jordbruket i nordnorsk samanheng, og understreka at utviklinga her i liten grad korresponderte med utviklinga elles – sjølv om det skjedde ei viss rasjonalisering og omlegging av jordbruket, var ikkje dette relatert til kommersielle omsyn i Nord-Noreg på midten av 1800-talet.²⁰¹

¹⁹⁷ Tretvik, A.M. 2004: 78

¹⁹⁸ Tretvik, A.M. 2004: 78

¹⁹⁹ Munch, J.S. 1969

²⁰⁰ Jakobsen, A. 1973: 417-418

²⁰¹ Hagen, R.B. 1978

4.5 Perioden 1962-2000 i eit regionalhistorisk perspektiv

I Zachariassen si syntese dekker perioden 1962-2000 i all hovudsak fasen «nordnorsk regionalisme som massefenomen» (1966-1994). Fasen var mellom anna kjenneteikna av eitt tett samarbeid mellom dei tre fylka i Nord-Noreg, manifestert gjennom organisasjonar som Nordnorsk Kulturråd, Festspillene i Nord-Noreg og Landsdelsutvalget for Nord-Norge. Prosjektet vann stor oppslutning blant folk flest i regionen, noko som mellom anna kom til uttrykk gjennom kulturelle bidrag i form av vise- og musikkproduksjon med basis i nordnorsk kultur, og etableringa av kulturelle organisasjonar som til dømes Hålogaland Teater, Nordnorsk Magasin og Nordnorsk Forfattarlag (jf. kap. 1.4.3.).²⁰² I *Håløygminne* gav dette seg utslag i ei storstilt auke i talet på bidragsytarar i perioden – frå 100 ulike artikkelforfattarar i førre periode til 237 i denne, men også gjennom ei vidareføring av folkeminne og folkedikting i eit tydeleg politisert format (jf. kap. 4.1.). Sidan redaksjonen hadde base på Trondenes, var det gitt at dei skulle ta del i Festspillene i Nord-Noreg, arrangert i Harstad. Fleire av Hålogaland Historielag sine historieseminar blei gjennomført i tilknytning til dette arrangementet, og *Håløygminne* fungerte vidare som ein kanal for ei breiare formidling av dei tematikkane som blei tatt opp der.

Den stigande lokalhistoriske interessa i denne perioden, gav seg i praksis utslag i ein vekst i talet på museum i regionen. *Håløygminne* var ein viktig bidragsytar i denne samanhengen ved å vie merksemd til dei allereie etablerte musea, og ved å gjere opprop for nye muséiltak (jf. kap. 4.1.). Kampen for kulturvern i regionen var truleg forma av ein veksande moderniserings skepsis – fiskarbonden var i ferd med å forsvinne til fordel for ei auke i sysselsettinga innanfor sekundær- og tertiærnæringane, noko som blei vurdert som ufordelaktig i forhold til den nordnorske livsforma. Ifølge Fulsås blei difor Nord-Noreg «eit symbol på motstand mot modernisering og «nivellerande» utvikling».²⁰³ Slike synspunkt kom berre til uttrykk i *Håløygminne* ved eit par høve i samband med spørsmål om kulturvern. I temaheftet om museumsverksemd ytra til dømes Asbjørn Eidnes seg om bevaring av den nordnorske tradisjonen knytt til jordbruk og fiske.

²⁰² Zachariassen, K. 2008

²⁰³ Fulsås, N. 1997: 214; Zachariassen, K. 2008

«Skal vi berre slå oss til tåls med at gamle hus får stå å rotne ned, gamle ubrukelege reiskapar brennast og ofre oss heilt for plast og lettmetall og det som til kvar tid er «pop»? Eg meiner så avgjort nei!»²⁰⁴

Lokalhistoria blei òg viktig for å etablere eit grunnlag for den nordnorske eigenarten, og lokalhistorisk forskning blei såleis nytta nettopp i mobiliseringa for den nordnorske regionen.²⁰⁵ Universitetet i Tromsø blei ein viktig institusjon i så måte, med ei nedfelt målsetting om å formidle regionen sin kultur.²⁰⁶ Zachariassen hevdar mellom anna at Universitetet i Tromsø «educated organic intellectuals for the region» med tilvisingar til sentrale skikkelsar som Einar-Arne Drivenes, Einar Niemi og Hallvard Tjelmeland – alle aktive bidragsytarar i forhold til lokalhistorisk tematikk og forskning i *Håloygminne* (jf. kap. 4.1.). Ved fleire høve var *Håloygminne* ein prioritert publiseringskanal for desse forskarane, tidsskriftet blei nærmast eit organ for det radikale Tromsø-miljøet og dermed direkte involvert i det nordnorske regionalismeprojektet.

Innanfor samiske og kvenske miljø skjedde det også ei mobilisering (jf. kap. 4.1.2.), og gjennom denne perioden fekk rørsla stor oppslutning frå det breiare laget av befolkninga – dels hadde dette sin bakgrunn i oppkomsten av velferdsstaten med tilhøyrande verdsetting av egalitarisme og kulturelt mangfald, dels på grunn realhistoriske hendingar som synleggjorde situasjonen til desse etniske gruppene. Mobiliseringa kulminerte i Altasaken i 1979, då norske myndigheitar freista å bygge ei demning i eit av kjerneområda for den samiske kulturen.²⁰⁷ I denne perioden kan det verke som om *Håloygminne* tok opp i seg det etnopolitiske prosjektet gjennom ei anerkjenning av samisk og kvensk kultur, og seinare gjennom ei utviding av forståinga av omgrepet nordnorsk til å omfatte samiske og kvenske kulturuttrykk (jf. kap. 4.1.2 og 4.3.). Hos Zachariassen er dette først og fremst eit fenomen etter 1994 då dei samiske og kvenske mothegemoniske prosjekta hadde oppnådd ei viss tilslutning, men den sterke vektlegginga av desse folkegruppene i *Håloygminne* indikerer altså at dette var ein prosess som tok til mykje tidlegare.²⁰⁸

²⁰⁴ Eidnes, A. 1965a: 474

²⁰⁵ Zachariassen, K. 2008

²⁰⁶ Fulsås, N. 1997

²⁰⁷ Evjen, B. & Beck, D.R.M. 2015: 39 &44

²⁰⁸ Zachariassen, K. 2008

4.6 Oppsummering

I perioden 1962-2000 endra *Håløygminne* karakter til å bli meir politisk orientert. Endringa kom sannsynlegvis på grunn av eit skifte i redaksjonen, men var òg i samsvar med ein generell politisk radikaliserings tendens i tida. Fordelinga i tematikkane i tidsskriftet behandla i denne perioden var ikkje nemneverdig forskjellige frå perioden før, men representasjonen av temaa var noko endra. Folkeminne og nordnorsk historie blei løfta fram og drøfta i vitskaplege former som ein del av eit regionspolitisk program tilrådt av Universitetet i Tromsø, og samiske og kvenske emne blei diskuterte i lys av ei etnopolitisk mobilisering som forfekta ei anerkjenning og verdsetting av det etniske og kulturelle mangfaldet i regionen. Skolepolitikken og lokalhistoria sin plass i skolen blei via noko merksemd, men utan at det blei gjenstand for omfattande diskusjonar. Det var tydeleg at dette var ein tematikk som opptok Asbjørn Eidnes, men som verken engasjerte forfattarkorpset eller lesarkretsen i særleg grad.

Også i denne fasen blei nordnorsk historie sett i samband med den nasjonale historiske utviklinga, men på eit meir overordna nivå med utgangspunkt i større geografiske einingar. Føremålet var å nytte fagomgrep innanfor norsk historieforskning som eit utgangspunkt for drøfting av den nordnorske utviklinga, utan at nordnorsk historie skulle bli tvinga inn i det same mønsteret som den nasjonale historia – i motsetnad til perioden før.

Når det gjaldt det nordnorske regionalismeprosjektet har eg vist at *Håløygminne* blei enno meir involvert i denne fasen. Tidsskriftet forholdt seg relevant til prosjektet gjennom dei temaa som blei presenterte og måten dei blei framstilte på. Det etnopolitiske engasjementet blei tilsynelatande innlemma i det nordnorske regionalismeprosjektet, slik det kom til uttrykk i *Håløygminne*. Moglegvis var det eit tiltak for å unngå konkurranse frå andre mothegeomoniske prosjekt og kan hende eit uttrykk for ei tilslutning til ei ny sosialistisk historisk blokk. Vidare blei tidsskriftet meir eller mindre direkte knytt til universitetsmiljøet ved at intellektuelle frå institusjonen i stor grad nytta *Håløygminne* som publiseringskanal for sine forskingsoppgåver. Dette resulterte i at interessa for å bidra inn i tidsskriftet auka og i at lesarskaren til *Håløygminne* nådde sitt absolutte høgdepunkt.

5 2000-2019: *Håløygminne* taper terreng

I den siste fasen inngår siste del av redaktørskapet til Asbjørn Eidnes og redaktørskapet til Vidkunn Eidnes. I denne fasen blei det sterke politiske engasjementet til redaksjonen svekka, forfattarkorpset blei betydeleg redusert og interessa for *Håløygminne* dabba av.

5.1 Regional forvitring og fylkefisering

I dei siste tiåra har det skjedd ei endring innanfor det norske, og spesielt det nordnorske administrasjonsapparatet. Kjell-Arne Røvik peikar mellom anna på at dei overordna regionane i stadig større grad har mista fundamentet sitt, til fordel for ei styrking av fylkeskommunen. Eit bilete på denne utviklinga er mellom anna ei avgrensing av mediedekninga til å gjelde dei enkelte fylka, og ein påfølgande mangel på ein felles nordnorsk offentlegheit.

Den mest nærliggande konsekvensen av ei slik utvikling var at dei organisasjonane, rørslene og kulturinstitusjonane som legitimerte seg gjennom konstruksjonen av ein overordna nordnorsk identitet fall igjennom, og det blei vanskeleg å vekke engasjement for nye forskingsoppgåver knytt til regionen som heilskap innanfor eit slikt miljø. Den nedadgåande tendensen i *Håløygminne* kan ein moglegvis forstå i eit slikt lys.

5.1.1 Vidareføring av tradisjonsstoff og nordnorsk realhistorie

I denne fasen var tidsskriftet framleis dominert av tradisjonsstoff, som jamt over fekk stå utan tilhøyrande faglege refleksjonar. Innanfor stadnamnforskinga var Finn Myrvang sterkt representert. Utover dette er det vanskeleg å peike på særlegne trekk ved stoffutvalet i *Håløygminne* i denne perioden- det tematiske fokuset frå føre periode blei stort sett vidareført, men no utan tydelege politiske budskapar. Vidare unngjekk ein òg kontroversielle emne, mellom anna knytt til samiske og kvenske spørsmål.

Det profesjonelle forfattarkorpset drøfta i all hovudsak realhistoriske forhold konsentrert rundt eldre historie/arkeologi og kyrkjehistorie. Av aktuelle tema kan her nemnast napoleonskrigane, reformasjonen og trolldomsprosessane. Håvard Dahl Bratrein stod for ein stor del av artikkelproduksjonen i denne fasen. Han vurderte den nordnorske historia i forhold til sentrale vendepunkt i norsk historie, og viste ved fleire høve korleis regionen si historie skilde seg frå den nasjonale historia. Mellom anna sette Bratrein eit stort utropsteikn ved den landsomfattande gledesrusen som fór som «eit friskt Pust ... gjennom Folket...» i 1814. Ifølge Bratrein var Nord-Noreg så hardt ramma av napoleonskrigane og demografiske kriser på byrjinga av 1800-talet at «reises tvil om hvorvidt folk flest var i stand til å glede seg over de

politiske nyheter som etterhvert skulle finne veien nordover i 1814».²⁰⁹ Vidare blei Nord-Noreg omtalt som ein viktig brikke i det politiske spelet mellom konge- og kyrkjemakt i fleire artiklar. I det sambandet blei det utbreidde handelssamkvemmet med mellom anna engelskmenn og hanseatar løfta spesielt fram, med tilvisingar til regionen si sær sars tidlege utvikling av ein eigen handelsøkonomi. Særleg var det tilgangen på fisk og tørrfisk som blei vurdert som utslagsgivande for Nord-Noreg sin sterke økonomiske posisjon.²¹⁰

I likskap med artiklane frå føre periode bidrog også desse til å knyte eit samband mellom den nordnorske og nasjonale historia, utan at den historiefaglege terminologien fungerte som ei tvangstrøye i framstillinga av forholda i Nord-Noreg. Forskinga var såleis kontrastorientert - den unike utviklinga i Nord-Noreg blei særleg vektlagt, samstundes blei ho likevel plassert i forhold til utviklinga elles i landet.

Det er interessant at fiskerinæringa nesten utelukkande blei behandla innanfor eit økonomisk perspektiv i denne perioden. Tidlegare hadde kulturelle aspekt ved fiskeria, mellom anna knytt til nordnorsk folkediktingstradisjon, vore i fokus. No blei næringa vurdert i lys av den nordnorske handelskontakten med England og hanseatane.

«Fisken kan studeres i mange sammenhenger: som en næringssektor, som en del av en total husholdsøkonomi, som et teknologisk system, som et kostholdssystem, som en bosetningslokaliseringsfaktor, som et handelssystem, som en del av samfunnsøkonomien m.m.».²¹¹

Dette kan tyde på to ting; for det første kan det berre vere eit resultat av ein generell nedgang i stofftilfanget til tidsskriftet, for det andre kan det vere ein indikasjon på at fisket ikkje lenger blei vurdert som eit vesentleg kulturelt element i ein eventuell nordnorsk eigenart. I denne fasen blei heller ikkje andre element trekt fram som ei potensiell erstatning. Funna kan på den måten underbygge Fulsås si oppfatning av den endringa i identitetsomgrepet som skjedde på midten av 1990-talet, og som *Håløygminne* på si side moglegvis bidrog til å oppretthalde ved å gjere identitetsproblematikken til eit «ikkje-tema» i stofftilfanget.

²⁰⁹ Bratrein, H.D. 2014: 157

²¹⁰ Aspelund, O. 2004; Bratrein, H.D. 2006; Bratrein, H.D. 2007

²¹¹ Bratrein, H.D. 2015: 253

«Utvikling av sivilsamfunnet, der stedbundne og kollektivt orienterte identiteter ser ut til å bli langt mer stedløse og selvrealiserende, gjør at et mangfold av *alternative* identiteter nå er tilgjengelig for den moderne nordlending». ²¹²

5.2 Perioden 2000-2019 i eit regionalhistorisk perspektiv

Zachariassen har tidfesta den siste fasen til perioden etter 1994. I denne fasen kom det nordnorske regionalismeprosjektet under stadig meir press. For det første skuldast dette ei tiltakande rivalisering mellom dei tre fylka innad i den nordnorske regionen. Kjell Arne Røvik omtaler dette som ein form for konkurranseregionalisme; det eksisterer i dag regionar i regionen som konkurrerer om kompetent arbeidskraft for å sikre livsgrunnlaget sitt, og om omdømme for å fange interessa til media, utdanningssøkande ungdom og offentlege institusjonar. ²¹³ For det andre har det auka presset mot det nordnorske regionalismeprosjektet bakgrunn i styrkinga av nye etnopolitiske mothegemoniske prosjekt, og for det tredje på grunn av ein svekka nordnorsk identitet som følge av fylkefisering og globalisering. ²¹⁴

I *Håloygminne* kom verken spenninga mellom dei ulike fylka eller konkurransen med andre mothegemoniske prosjekt direkte til uttrykk. Likevel kan den fallande interessa for tidsskriftet koplant til ei svekka tilknytning til landsdelsidentiteten og ein følgande manglande identifikasjon med prosjektet. Det kom i liten grad nye bidragsytarar til tidsskriftet, og i takt med at dei gamle intellektuelle og åndshøvdingane fall frå, var det få att til å halde liv i tidsskriftet. Det er ikkje å overdrive å seie at *Håloygminne* i dag i all hovudsak beror på engasjementet til tre personar – Finn Myrvang, Håvard Dahl Bratrein og Reidar Bertelsen. Samstundes har lesarkretsen til *Håloygminne* blitt redusert betrakteleg. Ganske passande har Einar Niemi difor omtalt denne fasen som avregionalisering, kjenneteikna av at «den territorielle dimensjonen er svekket samtidig som regionalismen er satt inn i nye internasjonale kontekster (...)». ²¹⁵

²¹² Røvik, K.A. 2011: 35

²¹³ Røvik, K.A. 2011: 30-31

²¹⁴ Zachariassen, K. 2008; Røvik, K.A. 2011: 35

²¹⁵ Niemi, E. 2001

5.3 Oppsummering

Utgreiinga av den siste fasen i *Håloygminne* viser korleis interessa for lokalhistorie generelt, og dermed også tidsskriftet dabba av. Dette kan ein moglegvis sjå i samanheng med ei fylkefisering og ei generell regional forvitring som gjekk føre seg i same periode.

Tematisk var perioden stort sett prega av det same som i dei føre periodane, men utan uttalte politiske intensjonar og/eller budskapar og i eit betydeleg mindre monn enn før. Drøftingar relatert til nordnorsk identitet syntest å vere ei ikkje-sak, truleg på grunn av at Nord-Noreg gradvis blei avvikla som ein politisk og kulturell einenskap. På same måte mista også samisk og kvensk historieforsking fotfeste i tidsskriftet – det blei i slutten av føre periode ein sak for den samiske og kvenske befolkninga sjølv, og dei nytta truleg andre kanalar enn *Håloygminne* for å publisere sine forskingsoppgåver. Utviklinga i *Håloygminne* korresponderte såleis med utviklinga innanfor det nordnorske regionalismeprojektet, som hos Niemi har fått periodenemninga «avregionalisering».

6 Oppsummerande tankar

I denne oppgåva var føremålet å vurdere korleis *Håloygminne* profilerte seg i nordnorsk kulturpolitisk samanheng gjennom perioden, for det første gjennom ei drøfting av *Håloygminne* si bibliografiske utvikling, for det andre gjennom ei tolking av innhaldsmessige element med fokus på tematiseringa av nordnorsk kultur, historie og eigenart. Innanfor sistnemnte problemstilling har det også vore undersøkt kor vidt *Håloygminne* kan seiast så vere ein del av den nordnorske regionalismesørsla.

Det bibliografiske materialet viser at *Håloygminne* gjennom heile perioden stort sett har vektlagt dei same tematiske kategoriane i etableringa av den kulturpolitiske profilen sin, med eit særskilt fokus på folkeminne, stadnamn, fiske, eldre historie/arkeologi og kyrkje/administrasjon. I dei ulike fasane har likevel dei enkelte emna blitt representert på ulike måtar. I perioden 1920-1962 var *Håloygminne* prega ein til dels ufagleg presentasjon av folkeminne og tradisjonsstoff, men i perioden 1962-2000 styrka tidsskriftet si rolle som ein kulturpolitisk debattarena, og blei nærmast å betrakte som eit organ for det radikale miljøet i og rundt Universitetet i Tromsø. Denne rolla måtte tidsskriftet gi tapt i siste fase, og har no berre eit avgrensa tilfang av artiklar forfatta av eit fåtal skribentar. Endringa i tidsskriftet si rolle har spegla seg i bibliografien. Det driftsmessige høgdepunktet til *Håloygminne*, eksemplifisert gjennom eit stort forfattarkorps, ein stor lesarskare og eit økonomisk overskot, er knytt til perioden 1962-2000. I den siste fasen viser materialet på same måte ei negativ utvikling innanfor alle desse områda.

Tematiseringa av nordnorsk historie hadde i byrjinga eit føremål om å sette nordnorsk historie i relasjon til nasjonal historie, og *Håloygminne* bidrog på den måten til å skrive Nord-Noreg inn i den nasjonale historia. Denne historiske relasjonen blei først framstilt i eit utelukkande positivt perspektiv. Seinare blei biletet noko meir nyansert ved at den statlege utbygginga av den nordnorske regionen blei trekt fram. Både dei positive og negative sidene ved dette historiske sambandet kunne fungere som ei legitimering av ei politisk mobilisering for regionen, kvar på sin måte. Etter kvart blei det eit poeng å skrive den nordnorske historia på sine eigne premissar, særleg innanfor vitskaplege miljø, og historieforskinga si eventuelle politiske gjennomslagskraft blei svekka. Det handla ikkje lenger om å framstille Nord-Noreg som ein politisk viktig region i Noreg eller om å peike spesielt på urettferdig behandling av Nord-Noreg og den nordnorske befolkninga, men om å løfte fram og formidle dei unike historiske utviklingstrekk i regionen.

Biletet av nordlendingen, den nordnorske eigenarten og/eller identiteten har endra seg i tråd med allmenne og vitskapelege synspunkt i tida, frå å vere essensialistisk avgrensa til næringstilpassingar, via etableringa av ein essensialistisk relasjon mellom nordlendingen og nordnorsk kultur og historie, til eit flytande identitetsomgrep der slike koplingar var irrelevante. På grunn av samfunnsmessige endringar peikar dagens utvikling i retning av ei svekking av den nordnorske identiteten, av di Nord-Noreg som region ikkje lenger verkar samlande for befolkninga. Dette var truleg noko av bakgrunnen for at jakta på den nordnorske eigenarten og/eller identiteten tok slutt i *Håløygminne* i den siste fasen.

Samane og kvenane var ei marginalisert gruppe innanfor det norske samfunnet på byrjinga av 1900-talet. I *Håløygminne* blei ei rekke synspunkt på desse gruppene forfekta, både av redaksjonen og av forfattarane. Redaksjonen la særleg vekt på Just Qvigstad sine meiningar i samespørsmåla, samstundes sleppte dei den samiske og kvenske befolkninga til med forskingsbidrag på eiga historie, markering av sentrale kulturforskjellar mellom dei ulike etniske gruppene og kritikk av den diskriminerande behandlinga dei hadde blitt utsette for. Frå og med 1960-talet blei dei etniske minoritetane i stadig større grad anerkjent av redaksjonen, og på 1970-talet blei dei nærmast inkluderte som eit sentralt element i den nordnorske kulturen og eigenarten. På dette tidspunktet var samane og kvenane sjølve lite delaktige i artikkelproduksjonen i *Håløygminne*, og endringa i representasjonen av desse folkegruppene blei såleis gjort av dei etniske nordmennene sjølve. I løpet av dei siste tiåra har likevel samisk og kvensk tematikk nærmast vore ikkje-eksisterande i tidsskriftet.

Å seie at *Håløygminne* var ein reiskap i prosjektet nordnorsk regionalisme som gjekk føre seg på same tid, er kanskje litt sterkt. Likevel må ein kunne seie at utviklinga av tidsskriftet i stor grad fall saman med prosjektet, i nokre periodar meir enn andre. Særleg refererer eg her til den politiske bakgrunnen for etableringa av tidsskriftet, vektlegginga av eldre nordnorsk historie for å kunne legitimere politiske krav, formuleringa av den tydelege kulturpolitiske agendaen frå 1960-2000-talet og den fallande interessa etter årtusenskiiftet.

Håløygminne har blitt drive på eigne vilkår, og ikkje som ein integrert del av eller som eit organ for regionalismørsla. Her har truleg redaksjonen hatt mykje å seie. Drifta av tidsskriftet har heile tida vore knytt til ein enkelt familie - dei har hatt eineansvar for å publisere artiklane, og har såleis hatt ei viss styring på utvalet tema og framstillinga av desse i tidsskriftet. Truleg er det difor deira kulturpolitiske agenda som i stor grad har lagt føringar på innhaldet i tidsskriftet. Hans Eidnes hadde fleire uttalte politiske fanesakar som blei via merksemd i tidsskriftet, og som han begrunna og forsvarte gjennom fleire programartiklar.

Dette kan til dømes vere noko av bakgrunnen for at *Håløygminne* ikkje direkte speglar den politiske, økonomiske og kulturelle utviklinga i Nord-Noreg i den første fasen, slik som ho blir beskriven innanfor regionalhistoriske perspektiv. Då Asbjørn Eidnes tok over, kom det politiske engasjementet hans tydeleg til uttrykk gjennom temahefta han la til rette for, og når tidsskriftet fall så sterkt saman med regionalismerørsla i denne perioden, kan det vere ein indikasjon på at Asbjørn Eidnes var ein mann av tida. Det er likevel verdt å merke seg at *Håløygminne* sin svekka posisjon i dag ikkje nødvendigvis speglar eit lågare engasjement i redaksjonen, men at stofftilfanget er betydeleg redusert.

Den største utfordringa redaksjonen står ovanfor i dag er å få nok stoff og tingarar til at verksemda framleis skal vere lønnsam. Tidsskriftet har i stadig større grad tapt sin funksjon som debattarena, noko som er særleg tydeleg etter årtusenskiftet (jf. kap. 5.0). Dette har delvis sin bakgrunn i den generelle samfunnsutviklinga, men også i ei omlegging av den statlege finansieringa av forskingsinstitusjonar i Noreg gjennom innføringa av tellekantsystemet. I dag gir vitenskaplege publikasjonar publisert i anerkjente forum utelling i form av poeng, som igjen blir nytta i ei berekning av storleiken på dei økonomiske subsidiane til resultatbasert forskning. Ein føresetnad for at dei vitenskaplege publikasjonane skal gi poeng, er at dei blir gitt ut i forum som har organiserte og anerkjente ordningar for kvalitetskontroll og kollegavurdering.²¹⁶ For *Håløygminne* finst det ikkje slike ordningar – det er redaksjonen, det vil seie Vidkunn Eidnes, som aleine har hatt ansvar for korrekturlesing og kvalitetssikring av artiklane. Dette gjer at terskelen for å publisere i tidsskriftet blir høgare innanfor dei akademiske miljøa.²¹⁷ I dag florerer det dessutan med alternative kanalar som kan nyttast for vitenskaplege publikasjonar, og når identifikasjonen med prosjektet «Nordnorsk kultureising» gradvis har blitt svekka, blir ikkje *Håløygminne* prioritert. Når ein framleis kan finne representantar for eit profesjonelt forfattarkorps i *Håløygminne*, er det verdt å merke seg at desse debuterte i tidsskriftet i ein periode der *Håløygminne* hadde ein annan funksjon og at dei per i dag høyrer til ein generasjon der karriere, og følgeleg publikasjonspoeng kanskje ikkje er av større tyding lenger.

Reidar Bertelsen peika difor på at ei sikring av drifta av *Håløygminne* fordrar ei stor omlegging av tidsskriftet– det vil ikkje lenger vere levedyktig i dagens format. Han foreslår til dømes at det kan bli eit organ for museumstilsette, der dei kan publisere artiklar om arbeidet

²¹⁶ Hansen, T.I. 2015; Seland, E.H. 2017

²¹⁷ Bertelsen, Reidar (personleg kommunikasjon,12.03.2019)

til museumsinstitusjonane i regionen. På same måte ønsker også Vidkunn Eidnes ei «tilknytning til dei konsoliderte musea i landsdelen», og ser moglegvis for seg at ansvaret for drifta kan tildelast ein bestemt museumsinstitusjon, til dømes Sør-Troms museum. Utfordringa med ei slik omlegging er at museumstilsette i dag i liten grad er aktive skribentar, og det må difor komme i stand eit initiativ og ei organisert rettleiing for å skape engasjement rundt dette prosjektet.²¹⁸

Eit nærliggande spørsmål i denne samanhengen er kor vidt det er hensiktsmessig å drifte *Håløygminne* på ein slik måte. Vil ei eventuell omlegging av tidsskriftet til eit slags museumsforum vike så mykje frå *Håløygminne* sin opphavlege agenda, at tidsskriftet berre blir kunstig halde i live gjennom ei vidareføring av namnet? I dei første lovane til Hålogaland Historielaget og *Håløygminne* som blei vedtatte i 1920, var dei nedfelte formåla mellom anna:

- Å få vitskapleg hjelp til å forske på nordnorsk historie.
- Å verne om kulturminne.

Eit fokus på museumsverksemda sin innsats i regionen i så måte kan kanskje bidra til nettopp å ivareta desse formåla.

Likevel – ingenting er skriven i stein enno, men det synest naudsynt med ei snarleg avgjerd for å få klarheit i kva som skal vere *Håløygminne* si oppgåve framover. Kanskje høver det seg særleg no, i samband med tidsskriftet sitt 100-årsjubileum?

Med vyrdnad og anerkjenning ønsker eg hundreåringen til lukke med dagen; måtte han leve i hundre år til!

²¹⁸ Eidnes, V. 2010; Eidnes; Vidkunn (personleg kommunikasjon, 04.01.2019); Bertelsen, Reidar (personleg kommunikasjon, 12.03.2019)

7 Appendiks

Tematiske kategoriar	Forklaring
Bilete	Publikasjonar som berre består av bilete. Denne kategorien blir ikkje nytta dersom bileta inngår som ein del av ein artikkel.
Biografi	Artiklar som omhandlar enkeltpersonar sitt liv og levnet, og som har basis i faktiske opplysingar.
Bokmelding	Kommentarar til bøker som blir gitt ut.
By/bygd	Artiklar som omhandlar historia til ei bygd, ein by eller eit større geografisk avgrensa område.
Båt	Artiklar som handlar om båtar.
Diverse	Artiklar som omhandlar tema som ikkje er dekt av dei øvrige kategoriane.
Eldre historie/arkeologi	Kategorien er todelt. For det første omfattar han artiklar som omhandlar arkeologisk forskningsteori, arkeologiske funn og fornminne. For det andre omfattar han artiklar som omhandlar forhold i eldre tid, det vil seie tida fram til tidleg nytid (1537).
Fiske	Artiklar som omhandlar alt som har med fiskerinæringa å gjere – tru/overtru i tilknytning til fiske, medar og tilrorar, namn på fiskereiskapar, lofotfisket osv.
Gard/slekt	Artiklar som omhandlar enkelte familiar og/eller enkelte gardar.
Gardsdrift	Artiklar som omhandlar alt som har med gardsdrift å gjere – tru og overtru i tilknytning til jordbruket, reiskapar, skikkar og tradisjonar osv.
Helse	Artiklar som omhandlar helseinstitusjonane i Nord-Noreg og/eller som tar føre seg medisinske spørsmål.
Historiografi	Artiklar om omhandlar historieforsking på eit metanivå og/eller som drøftar kjeldemateriale til bruk i historieforsking.
Invitasjon	Innbydingar til lokalhistoriske seminar.
Jubileum	Artiklar skrivne av redaksjonen i samband med <i>Håløygminne</i> sine jubileum.

Jubileumshelsing/minneord	Artiklar med helsingar til jubilarar, det vere seg folk eller institusjonar og artiklar skrivne i samband med dødsfall.
Kongereise	Artiklar som omhandlar kongelege reiser til Nord-Noreg.
Krig/konflikt	Artiklar som omhandlar krigar og/eller konflikhtar, samt konsekvensane av desse.
Kultur/tradisjon	Artiklar som omhandlar forhold knytt til skikk og tradisjon, til dømes tradisjonelle klededrakter, tradisjonell mat, høgtider osv.
Kyrkje/administrasjon	Artiklar som omhandlar kyrkjelege og/eller administrative forhold.
Litteraturhistorie	Artiklar som omhandlar forfattarar og bøkene deira.
Modernisering	Artiklar som omhandlar moderniseringstendensar i det nordnorske samfunnet.
Museum	Artiklar som omhandlar museumsverksemda i Nord-Noreg. Herunder er også bygdetun og lokalhistoriske lag inkludert (les: litterære museum).
Natur/vêr	Artiklar som omhandlar naturen – fjellformasjonar. vêrforhold etc.
Næringsverksemd	Artiklar som omhandlar ulike næringar og/eller bedrifter ved sidan av fiskerinæringa og jordbruksnæringa.
Ordtak/munnhell	Artiklar som presenterer gamle ordtak, hermingar og munnhell.
Programartikkel	Artiklar av redaksjonen eller andre som har til føremål å sette noko på den politiske agendaen.
Reise	Artiklar som omhandlar reiser til og i Nord-Noreg.
Redaksjonelt	Informasjon av ulikt slag frå redaksjonen til tingarane.
Rekneskap	Årlege utdrag av rekneskapa til Hålogaland Historielag med kommentarar frå redaksjonen.
Samisk/kvensk	Artiklar som omhandlar samiske og/eller kvenske forhold.
Segn/forteljing	Segn og/eller forteljingar med utgangspunkt i munnleg tradisjon eller sjølvopplevde hendingar.
Språk	Artiklar som omhandlar språk og språkutvikling.
Stadnamn	Artiklar som drøftar opphavet til ulike stadnamn, med utgangspunkt i historiske, språklege og/eller andre kriterium.

Trolldom	Artiklar som omhandlar trolldom og hekseprosessar.
Tru/overtru	Artiklar som omhandlar religiøse og overnaturlige spørsmål.
Utdanning	Artiklar som omhandlar skolegang – både på eit overordna plan og frå elevperspektivet.
Viser/rim	Artiklar som presenterer viser og/eller rim, og som drøfter form og innhald i desse.
Økonomi	Artiklar som omhandlar økonomiske spørsmål, mellom anna pengehistorie, verdispørsmål osv.

Tabell 2: Tematiske kategoriar i databasen

Historiske periodar	Tidsrom
Steinalderen	10 000 fvt.–1800 fvt.
Bronsealderen	1800 fvt.–500 fvt.
Jernalderen	500 fvt.–1050
Mellomalderen	1050–1537
Tidleg nytid	1537–1814
Moderne tid	1814–2019

Tabell 3: Historiske periodiseringar i databasen


Geografisk område	Definisjon
Helgeland	Inkludert kommunane: Sømna, Vevelstad, Vega, Bindal, Brønnøy, Leirfjord, Dønna, Vefsn, Herøy, Træna, Rødøy Alstahaug, Grane, Hattfjeldal, Hemnes, Nesna, Lurøy, Rana og Meløy.
Salten	Inkludert kommunane: Beiarn, Bodø, Fauske, Gildeskål, Hamarøy, Saltdal, Steigen og Sørfold.
Ofoten	Inkludert kommunane: Tysfjord, Ballangen, Tjeldsund, Lødingen, Evenes og Narvik.
Lofoten	Inkludert kommunane: Vågan, Vestvågøy, Flakstad, Moskenes, Værøy og Røst, i tillegg til delar av Hadsel.
Vesterålen	Inkludert kommunane: Andøy, Bø, Øksnes, Sortland og Hadsel.
Sør-Troms	Inkludert kommunane: Gratangen, Harstad, Ibestad, Kvæfjord, Lavangen, Salangen og Skånland.

Midt-Troms	Inkludert kommunane: Torsken, Berg, Tranøy, Lenvik, Sørreisa, Dyrøy, Målselv og Bardu.
Tromsø m/omegn	Inkludert kommunane: Karlsøy, Tromsø og Balsfjord.
Nord-Troms	Inkludert kommunane: Lyngen, Storfjord, Kåfjord, Nordreisa og Kvænangen.
Finnmark	Inkludert kommunane: Vardø, Vadsø, Hammerfest, Kautokeino, Alta, Loppa, Hasvik, Kvalsund, Måsøy, Nordkapp, Porsanger, Lebesby, Karasjok, Gamvik, Berlevåg, Tana, Nesseby, Båtsfjord, Sør-Varanger.

Tabell 4: Geografiske avgrensingar i databasen


Temafordeling

Heile perioden (1920-2019)



Figur 7: Temafordeling, heile perioden (1920-2019)


Temafordeling 1920-1962/2



Figur 8: Temafordeling, 1920-1962/2


Temafordeling

1962/3-2000



Figur 9: Temafordeling, 1962/3-2000

Temafordeling 2001-2019



Figur 10: Temafordeling, 2001-2019

8 Kjelder og litteratur

Arkiv

Eidnes-familien sitt private arkiv, Trondenes

Munnlege kjelder

Samtale med Vidkunn Eidnes, Trondenes, 04/01/2019

E-postkorrespondanse med Reidar Bertelsen, 29/01/2019

Samtale med Reidar Bertelsen, Sortland, 12/03/2019

Litteratur

Adams, T.R. & Barker, N. (2006). A new model for the study of the book. I A. McCleery & D. Finkelstein (Red.), *A new model for the study of the book* (2. utg., s. 47-65). New York: Routledge.

Alnes, J.H. (2018). Hermeneutikk. Henta 01.05. 2019 frå <https://snl.no/hermeneutikk>

Andersen-Næss, R. (1942). Omkring framveksten av en helgelandsk handelsstad. *Håloygminne*, 23(4), 292-305.

Andresen, A., Rosland, S., Ryymin, T. & Skålevåg, S.A. (2017). *Å gripe fortida. Innføring i historisk forståing og metode*. (2. utg.). Oslo: Det norske samlaget.

Asdal, K., Berge, K.L., Gammelgaard, K., Gundersen, T.R., Jordheim, H., Rem, T. & Tønnesson, J.L. (2008). *Tekst og historie. Å lese tekster historisk*. Oslo: Universitetsforlaget. .

Aspelund, O. (2004). Nord-Norge legges direkte under kongemakten i København. *Håloygminne*, 85(4), 421-440.

- Bertelsen, R. (2018). Håloygminne og arkeologi. Følgesvenner gjennom hundre år. Upublisert manuskript.
- Bertheussen, C. (1935). De geografiske åler Alost og Westralom. *Håloygminne*, 16(2), 306-310.
- Bjerke, P. & Halvorsen, L.J. (2018). Bokas bakgrunn, forutsetninger og struktur. I P. Bjerke & L.J. Halvorsen (Red.), *Kulturtidsskriftene. En analyse av kulturtidsskriftene i Norge*. (s. 11-39). Bergen: Fagbokforlaget.
- Bjørklund, I. (1984). Hva har skjedd innenfor by- og bygdehistorieskrivinga etter 1970? *Håloygminne*, 65(4), 499-503.
- Blix, D. (1960). Sjølik og varsel. *Håloygminne*, 41(1), 380-383.
- Bowers, F. (2006). Bibliography, Pure Bibliography, and Literary Studies. I D. Finkelstein & Al. McCleery (Red.), *The Book History Reader* (2. utg., s. 27-34). New York: Routledge.
- Bratrein, H.D. (2006). Engelsk handel i Nord-Norge på 1400-tallet. *Håloygminne*, 87(4), 165-169.
- Bratrein, H.D. (2007). Den opprørske landsdel Nord-Norge og reformasjonen 1537. *Håloygminne*, 88(3), 241-252.
- Bratrein, H.D. (2014). Napoleonskrigene og Nord-Norge. *Håloygminne*, 95(2), 145-158.
- Bratrein, H.D. (2015). Fisken og samfunnet. *Håloygminne*, 96(1), 253-268.
- Dahl, O. (1990). *Norsk historieforskning i det 19. og 20. århundre* (4. utg.). Kristiansand: Edgar Høgfeldt A/S.
- Darnton, R. (2006). What is the history of books? I D. Finkelstein & A. McCleery (Red.), *The Book History Reader* (2. utg., s. 9-28). New York: Routledge.
- Eidnes, A. (1946). Jon Skolp. Nordlendingen som var med på oppdaginga av Nord-Amerika tjue år før Columbus. *Håloygminne*, 27(4), 269-272.
- Eidnes, A. (1964). Håloygminne 45 år. *Håloygminne*, 45(4), 321-322.

- Eidnes, A. (1965a). Bygdemuseum eller bygdetun - kvifor og korleis. *Håløygminne*, 46(4), 473-476.
- Eidnes, A. (1965b). Museum og muséiltak i Nord-Norge. *Håløygminne*, 46(4), 477-479.
- Eidnes, A. (1969a). «Håløygminne» 50 år. *Håløygminne*, 50(4), 469-473.
- Eidnes, A. (1969b). Lokalhistoria og skolen. *Håløygminne*, 50(4), 526-529.
- Eidnes, A. (1969c). Takk til prenteverket. *Håløygminne*, 50(4), 531.
- Eidnes, A. (1971). Tevlinga om den beste sær oppgåve med lokalhistorisk emne. *Håløygminne*, 52(1), 155.
- Eidnes, A. (1979). Nordnorske folkeminne som universitetsfag? . *Håløygminne*, 60(4), 326-327.
- Eidnes, A. (1980a). Kva er ei segn, og kva slags segner har vi? *Håløygminne*, 61(4), 436-440.
- Eidnes, A. (1980b). Nordnorsk folkediktning - finst det? *Håløygminne*, 61(4), 433-435.
- Eidnes, A. (1981). «Håløygminne» flyttar «heim» *Håløygminne*, 62(1), 1.
- Eidnes, A. (1988a). Lokalhistorie i skolen. *Håløygminne*, 69(4), 445-453.
- Eidnes, A. (1988b). Om å aktualisere historia i skolen. *Håløygminne*, 69(4), 454-458.
- Eidnes, A. (1994a). Gammal gardsskipnad i Nord-Norge. Om ulike rettar ved sjøen. *Håløygminne*, 75(2), 149-158.
- Eidnes, A. (1994b). «Håløygminne» med 75 årgangar. *Håløygminne*, 19(4), 205-206.
- Eidnes, A. (2006). Hans Eidnes (1887-1962) i kvardag og arbeid. I Asbjørn Eidnes (Red.), *Årbok for Harstad* (19. utg.). Harstad: Harstad historielag.
- Eidnes, H. (1920a). Hålogaland Historielag. *Haaløygminne*, 1(1).
- Eidnes, H. (1923). «Lauvsprett» 1907-1914. I A. Brox (Red.), *Mållaget Heimhug. Festskrift utgjeve av laget til 25 årshøgtida*. Troms: «Nordlys» Prenteverk.
- Eidnes, H. (1932). Nord-norske folkenamn. *Håløygminne*, 13(1), 341-353.

- Eidnes, H. (1934). Nordnorskt mål. (Innsamling av ord.) *Håløygminne*, 15, 261-263.
- Eidnes, H. (1937). Lofot-tradisjon. *Håløygminne*, 18(1), 15-25.
- Eidnes, H. (1938). Bøker. Viking, tidsskrift for norrøn arkeologi. Bind II Oslo, 1938.
Håløygminne, 19(4), 256.
- Eidnes, H. (1939). Skyldskap mellom segnene. *Håløygminne*, 20(4), 399-400.
- Eidnes, H. (1940). Håløygske hovdingsæte. *Håløygminne*, 21(2), 433-444.
- Eidnes, H. (1944). Håløygminne og Hålogaland Historielag 25 år. *Håløygminne*, 25(4), 599-603.
- Eidnes, H. (1945). Garden i bondesamfunnet. *Håløygminne*, 26(1), 1-18.
- Eidnes, H. (1946). Ordtaka og miljøet. *Håløygminne*, 27(3), 244-250.
- Eidnes, H. (1947). Hålogaland Historielag. Årsmelding og rekneskap 1946. *Håløygminne*, 28(1), 330.
- Eidnes, H. (1948). Kommentar til: Baronen Bjarne Erlingsson i Bjarkøy. *Håløygminne*, 29(2), 493.
- Eidnes, H. (1949). Bygdehistorisk gransking i Nord-Noreg. *Håløygminne*, 29(4), 101-106.
- Eidnes, H. (1953). Rektor Qvigstad i kvardagslaget. *Håløygminne*, 34(1), 11-14.
- Eidnes, H. (1954). Samen i nordnorske segner. *Håløygminne*, 35(4), 315-319.
- Eidnes, H. (1956). Bjarkøy og bjarkøyætta. *Håløygminne*, 37(3), 560-565.
- Eidnes, H. (1959a). Håløygminne 40 år. *Håløygminne*, 40(4), 329-330.
- Eidnes, H. (1959b). Namn på innmark og utmark. *Håløygminne*, 40(4), 357-360.
- Eidnes, H. (1959c). Utdrag frå reknskapen *Håløygminne*, 39(1), 272.
- Eidnes, H. (1960a). Namn frå innmark og utmark. *Håløygminne*, 41(1), 366-372.
- Eidnes, H. (1960b). Namn frå innmark og utmark. *Håløygminne*, 41(3), 429-438.
- Eidnes, H. (1960c). Namn frå innmark og utmark. *Håløygminne*, 41(4), 480-490.

- Eidnes, H. (1960d). Namn frå innmark og utmark. *Håløygminne*, 41(2), 419-427.
- Eidnes, H. (1961a). Namn frå innmark og utmark. *Håløygminne*, 42(2), 552-556.
- Eidnes, H. (1961b). Namn frå innmark og utmark. *Håløygminne*, 42(3), 557-570.
- Eidnes, H. (1961c). Namn frå innmark og utmark. *Håløygminne*, 42(4), 612-615.
- Eidnes, V. (1977). Utdrag frå rekneskapen for 1976. *Håløygminne*, 58(1), 510.
- Eidnes, V. (1983). Utdrag frå rekneskapen for 1982. *Håløygminne*, 64(1), 303.
- Eidnes, V. (1984). Utdrag frå rekneskapen for 1983. *Håløygminne*, 65(1), 431.
- Eidnes, V. (1985). Utdrag frå rekneskapen for 1984. *Håløygminne*, 66(1), 30-31.
- Eidnes, V. (1994). Rekneskap 1993. *Håløygminne*, 75(1), 172.
- Eidnes, V. (2000). Utdrag frå rekneskapen for 1999. *Håløygminne*, 81(1), 336.
- Eidnes, V. (2005). Utdrag frå rekneskapen 2004. *Håløygminne*, 86(1), 24.
- Eidnes, V. (2007). Utdrag frå rekneskapen for 2006. *Håløygminne*, 88(1), 216.
- Eidnes, V. (2010). Framtida for Håløygminne. *Håløygminne*, 91(4), 213-215.
- Eidnes, V. (2018). Utdrag frå rekneskapen for 2017. *Håløygminne*, 99(1), 164.
- Engelstad, K., Langeggen, D. & Redse, T. (2018). Bibliografi. Henta 28.11.2018 frå <https://snl.no/bibliografi>
- Engenæs-Lund, H. (1954). I Tore Hund's og hans forfedres rike. Resultatet av registreringene og utgravingene på Bjarkøy 1949-1953. *Håløygminne*, 35(1), 184-198.
- Eriksen, H.K. (1967). Kvenene - det finske folket i Norge. *Håløygminne*, 48(4), 217-241.
- Evjen, B. & Beck, D.R.M. (2015). An Historical Approach to Growing Indigenous Influence on Research: Extended Perspectives and a New Methodology. I K.W. Shanley & B. Evjen (Red.), *Mapping Indigenous Presence: North Scandinavian and North American Perspectives* (s. 27-56). Tuscon: Arizona University Press.

- Fjeld, H. (2013). *Hans Eidnes (1887-1962). Ein ekte håøygsk høvding*. Høgskulen i Volda, Volda.
- Forfang, K. (1935). «Alost» - Ælsto - Alsten. *Håøygminne*, 16(2), 317-318.
- Foucault, M. (2006). What is an author? I D. Finkelstein & A. McCleery (Red.), *The Book History Reader* (2. utg., s. 281-291). New York: Routledge.
- Fulsås, N. (1993). *Universitetet i Tromsø 25 år*. Tromsø: Universitetet i Tromsø.
- Fulsås, N. (1997). Nordnorsk eigenart og nordnorsk identitet. I Ø. Thomassen & J. Lorås (Red.), *Spenningenes land. Norge etter 1945* (s. 207-222). Oslo: Ad Notam Gyldendal AS.
- Fulsås, N. (1999). Forsøk på å gripe "den gjenstridige nordlendingen" : bilete av Nord-Noreg i dei siste 30 åras vitskapelege litteratur. I T. Thuen (Red.), *Landskap, region og identitet. Debatter om det nordnorske* (s. 83-98). Bergen: Program for kulturstudier, Norges forskningsråd, cop. 1999.
- Fulsås, N. (2001). Kva er gale med det historiske kjeldeomgrepet? Ein kritikk av kjeldekritikken. *Historisk tidsskrift*, 80, 231-246.
- Gilde, K. (1939). Historisk gods i Nordland: Inndyr gods. *Håøygminne*, 20(1), 268-273.
- Gjessing, G. (1929). Ophavet til Håøygjarlenes rike. *Håøygminne*, 10(2), 35-38.
- Gjessing, G. (1930). Mere om ophavet til Håøygjarlenes rike. *Håøygminne*, 11(1), 99-106.
- Gjessing, G. (1937a). Helleristninger i Hålogaland. *Håøygminne*, 18(3), 81-89.
- Gjessing, G. (1937b). Steigarting eller en eldre jernalders grend? *Håøygminne*, 18(2), 58-63.
- Grøttland, K. (1986). Landglunt, skårunge og kokkglunt. *Håøygminne*, 67(3), 208-210.
- Hagen, R.B. (1978). Hamskiftet - en realitet i Nordland? *Håøygminne*, 59(3), 72-78.
- Hagen, R.B. (1984). Nye emner og nye undersøkelser i 18- og 1900-tallets historie i Nord-Norge. *Håøygminne*, 65(4), 519-523.
- Hansen, T.I. (2015). Tellekantsystemet. Henta 05.05.2019 frå <https://snl.no/tellekantsystemet>

- Haug, A. (1935a). Blad av Ylfe saga. Kvar budde Torvald Skiljande? *Håløygminne*, 16(2), 311-316.
- Haug, A. (1935b). Blad av Ylfe saga. Kvar fall Asbjørn i Medalbu? *Håløygminne*, 16(1), 276-281.
- Haug, A. (1938). Alost - endå ein gong! *Håløygminne*, 19(4), 230-235.
- Heide, B. (1969). Livet til fiskarbonden for 80-90 år sidan. *Håløygminne*, 50(2), 429-430.
- Heide, H. (1964). Litt fiske- og fangsthistorie. *Håløygminne*, 45(2), 278-279.
- Heide, M. (2006). Nordlandsk målreising. Hans Eidnes, nordlandsmål og nynorsk. I A. Eidnes (Red.), *Årbok for Harstad* (19. utg.). Harstad: Harstad historielag.
- Heldal, M. (2019). Samfunnsnytta av historielags-rørsla. *Lokalhistorisk magasin*, 30(1), 3.
- Høem, B. (1980). *Register til tidsskriftet Håløygminne 1949-1952*. Statens Bibliotekhøgskole, Oslo.
- Iggers, G.G. & Wang, Q.E. (2008). *A global history of modern historiography*. Edinburgh: Pearson Education Limited.
- Iser, W. (2006). Interaction between text and reader. I D. Finkelstein & A. McCleery (Red.), *The Book History Reader* (2. utg., s. 391-396). New York: Routledge.
- Jakobsen, A. (1973). Dansk språk og nordnorske dialekter. *Håløygminne*, 54(3), 417-429.
- Jordanova, L. (2006). *History in Practice*. (2. utg.). London: Bloomsbury Academic.
- Kaldal, I. (2003). *Historisk forskning, forståing og forteljing*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Karlsen, J. (1935a). Litt om Troms fylkes antropologi. *Håløygminne*, 16(1), 291-294.
- Karlsen, J. (1935b). Litt om Troms fylkes antropologi. *Håløygminne*, 16(2), 304-305.
- Karlsen, J. (1939). Alost ein gong til. *Håløygminne*, 20(1), 274-275.
- Kjeldstadli, K. (1999). *Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget* Oslo: Universitetsforlaget.

- Kvandahl, H. (1934). Anmerkninger vedkommende vore oldtids-sten- og gravfund
Håloygminne, 15(1), 140-146.
- Larsen, A. (1945). Finn - lapp - same *Håloygminne*, 26(4), 135-136.
- M.A. (1945). Finn - lapp - same. *Håloygminne*, 26(2), 54-56.
- Meløy, K.Ø. (1967). Samebarn på skole. Små betraktninger om store problemer.
Håloygminne, 48(4), 275-279.
- Munch, J.S. (1969). Tore Hund og hans rike. *Håloygminne*, 50(4), 493-503.
- Myrvang, F. (1964). Gamle Nordlandsviser II. *Håloygminne*, 45(1), 236-248.
- Myrvang, F. (1994). Fortel håloygminne kven håloygen egentleg er? *Håloygminne*, 75(3),
181-199.
- Myrvang, F. (2019). Inspirerer i nord, irriterer i sør? *Håloygminne*, 100(1), 269-310.
- Nesheim, A. (1953). Til rektor J.Qvigstads hundreårsdag. *Håloygminne*, 34(1), 3-6.
- Nicolaissen, O. (1920). Håloyger i Svolderslaget. *Håloygminne*, 1(1), 35-39.
- Nielssen, A.R. (1979). Ny giv i gardshistorieskrivinga? *Håloygminne*, 60(1), 200-203.
- Nielssen, A.R. (1984). Svartedauden i Nord-Norge. Om utforskinga av seinmiddelalderens
ødegårdsdannelse i landsdelen. *Håloygminne*, 65(4), 504-514.
- Niemi, E. (1980). Lokalhistorie og kulturvern - to sider av samme sak? *Håloygminne*, 61(3),
387-399.
- Niemi, E. (2001). Nordnorske regionale strategier: Fortidsforestillinger og hjemkomstmyter. I
T. Thuen (Red.), *Fortidsforståelser* (s. 47-70). Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Niemi, E. (2002). Region, fortidsforestillinger og etnisitet. *Speculum Boreale*, 4, 175-194.
- Niemi, E. (2013). Just Qvigstad (1853-1957). I B. Rogan & A. Eriksen (Red.), *Etnologi og
folkloristikk* (s. 77-91). Oslo: Novus Forlag.

- Niemi, E. (2014). Nord-norsk lokalhistorie - kulturaktivitet, vitenskap og politisk redskap. I F. Fagertun (Red.), *Veiviser i det mangfoldige nord: Utvalgte artikler av Einar Niemi: Festskrift* (s. 59-74). Stamsund: Orkana Forlag.
- Niemi, E. (2017). Nord-Norge - drømmen som brast? Henta 03.01.2019 2019 frå <https://nordnorskdebatt.no/article/nord-norge-drommen-brast>
- Nilssen, M. (1965). Andøymuseet. *Håløygminne*, 46(4), 517-519.
- Nordeng, A. (1945). Finn - lapp - same. *Håløygminne*, 26(2), 54.
- Norman, J. (1965). Kvæfjord bygdetun. *Håløygminne*, 46(4), 511-514.
- Nøstdal, K. (1988). Da elever skrev sitt eget pensum i regionalhistorie. *Håløygminne*, 69(4), 459-464.
- Olsen, A.J. (1984). Vanlige menneskers historie rekonstruert ved EDB. *Håløygminne*, 65(4), 524-528.
- Olsen, A.J. & Nielssen, A.R. (1984). Ny viten om nordnorsk historie 1970-1984. *Håløygminne*, 65(4), 497-498.
- Petterson, A. (1984). Siste skudd på stammen: De lokalhistoriske årbøkene. *Håløygminne*, 65(4), 529-534.
- Qvigstad, J. (1923). Nationalitetene i Troms fylke, særlig i ældre tid. *Håløygminne*, 4(3-4), 27-39.
- Qvigstad, J. (1924). Nationalitetene i Troms fylke, særlig i ældre tid. *Håløygminne*, 4(1), 1-13.
- Qvigstad, J. (1945). Finn - lapp - same *Håløygminne*, 26(2), 56-57.
- Robbestad, K. (1948a). Baronen Bjarne Erlingsson i Bjarkøy. *Håløygminne*, 29(2), 493-509.
- Robbestad, K. (1948b). Baronen Bjarne Erlingsson i Bjarkøy. *Håløygminne*, 29(3), 533-546.
- Robbestad, K. (1948c). Baronen Bjarne Erlingsson i Bjarkøy. *Håløygminne*, 29(4), 557-575.
- Ruud, E.J. (1941). Sjøord. *Håløygminne*, 22(1), 37-39.

- Rydningen, J. (1953). Rektor Qvigstad. *Håloygminne*, 34(1), 7-10.
- Ryymin, T. (2018). Å arbeide med tekstanalyse. I L. Melve & T. Ryymin (Red.), *Historikerens arbeidsmåter* (s. 44-69). Oslo: Universitetsforlaget.
- Røger, M. (1945). Lodve Lange's gård *Håloygminne*, 26(2), 75-76.
- Røvik, K.A. (2011). Exit Nord-Norge? Lange linjer i landsdelens utvikling. I S. Jentoft, J.-I. Nergård & K.A. Røvik (Red.), *Hvor går Nord-Norge?* (s. 23-38). Stamsund: Orkana Akademisk.
- Seland, E.H. (2017). Tellekantsystemet i et nøtteskall. Henta 05.05.2019 frå <https://blogg.hvl.no/bibl/tellekantsystemet-i-et-notteskall/>
- Selnes, L. (1965). Vestvågøy museum. *Håloygminne*, 46(4), 522-524.
- Solvang, J. (1950). Kristian Kvart og Nord-Noreg. *Håloygminne*, 31(3), 217-225.
- Straume, R. (1955). Gamle fiske-vedtekter. *Håloygminne*, 36(1), 356-360.
- Sørensen, L.N. (1941). Ei nord-norsk skjemtevisе med innleiing og nokre merknader. *Håloygminne*, 22(2), 49-58.
- Sørensen, S.H. (1994). «Mitt møte med Håloygminne» *Håloygminne*, 75(3), 200-203.
- Tjelmeland, H. (2000). The Making of a Sub-Arctic Region: Northern Norway, 1900-2000. *Nineteenth International Congress of Historical Sciences*. Henta frå <http://www.oslo2000.uio.no/english/index.htm>
- Tommelstad, K. (2017). *Nasjonale læreplanreformer som styringsverktøy i skolen. En kvalitativ studie av lokalt læreplanarbeid etter iverksetting av Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06)*. NTNU, Trondheim.
- Tretvik, A.M. (2004). *Lokal og regional historie*. Oslo: Samlaget.
- Vorren, Ø. (1967). Samene og de øvrige. Miljøets press på samene og derav følgende holdninger utad. *Håloygminne*, 48(4), 206-216.
- Ytreberg, N. A. (1965). Troms folkemuseum. Med en utsikt over dets forhistorie. *Håloygminne*, 46(4), 480-499.

Ytreberg, N.A. (1952). Lokallhistorisk forskning i Nord-Norge og vilkårene for den. *Heimen*, (2), 65-69.

Zachariassen, K. (2008). Rethinking the Creation of North Norway as a Region. *Acta Borealia*, 25(2), 113-137.

Zachariassen, K. (2012). *Samiske nasjonale strategar. Samepolitikk og nasjonsbygging 1900-1940*. Karasjok: `CálliidLágádus.

Aarseth, B. (1967). Samenes situasjon som språklig minoritet. *Håløygminne*, 48(4), 242-251.

Aarseth, B. (1973). Samisk kultur i fortid og framtid. *Håløygminne*, 54(4), 464-466.